80.....	58	62	58	65	57	60
90.....	71	75	71	78	70	73
95.....	79	83	80	86	78	81
98.....	86	89	87	92	85	88
100.....	100	100	100	100	100	100

Lorenz-kurver for summen av skatteklassene 1—3.

Fig. 4.

% av antatt inntekt og % av antatt inntekt \div inntektskatt til Staten.


Talla i denne tabellen er kommet fram ved interpolasjoner på Lorenz-kurvene. På grunn av for lite detaljert grunnmateriale er de talla for antatt inntekt som står i parentes, mer usikre enn de som ikke står i parentes.

Det går fram her at inntektsfordelinga i 1948 er blitt jammere ved at de minste inntektstakerne har en større prosent av den antatte inntekta enn i 1938, og at de største inntektstakerne har en mindre prosent av den antatte inntekta. I 1938 hadde t. d. 50 % av de inntektstakerne som er tatt med i denne sammenlikninga 30 % av totalinntekta mot 33 % i 1948. 98 % av inntektstakerne hadde 86 % av inntekta i 1938 mot 89 % i 1948. De resterende 2 % hadde altså i 1938 14 % og i 1948 11 % av totalinntekta. Sammenlikner en bygder og byer, går det og fram det som tidligere er vist, at den prosentvisse delen av totalinntekta som de store inntektstakerne har, er gått sterkere ned i bygdene enn i byene.

Lorenz-kurver for bygder og byer i 1938.

Fig. 5.

% av antatt inntekt og % av inntektsskatt til Staten.




Når en i denne sammenlikning har rekna om 1938-inntektene til 1948-krone med en fast omrekningsfaktor, har dette ikke noen innverknad på de relative fordelingene. Rekner en derimot med en rekke ulike omrekningsfaktorer, m. a. etter inntektens og familiens størrelse, ville dette ha innverknad på de relative fordelingene. Er det slik at levekostnadene har auka mer for familier med store inntekter enn for familier med små inntekter fra 1938 til 1948, vil inntektsfordelingene i 1948 være enda jammere sammenlikna med 1938 enn det en her har fått uttrykk for.

Som tidligere nemnt ville en kanskje også fått en enda jammere inntektsfordeling i 1948 sammenlikna med 1938 enn det som går fram av det materialet som er nytta i denne sammenlikninga, dersom en hadde fått med de minste inntektstakerne. Det er trolig disse som fra 1938 til 1948 har hatt den relativt sterkeste inntektsauken, noe som har hatt en sterkt utjammende tendens.

Lorenz-kurver for bygder og byer i 1948.

Fig. 6.

% av antatt inntekt og % av inntektskatt til Staten.



Inntektsfordelinga etter statsskatt på inntekt.

Hittil har en bare omtalt fordelingene av antatt inntekt før skatt. Av like stor interesse er det å se på inntektsfordelingene etter de direkte skattene. En ville da få et tilnærmet uttrykk for disponibel antatt inntekt. Siden en i denne sammenlikninga bare har materiale for statsskatt på inntekt etter det ordinære statsskattevedtaket, vil en bare kunne vise fordelinger av antatt inntekt \div statsskatt på inntekt.

I tabell c er det gitt tall som viser hvordan statsskatten på inntekt fordeles seg på de ulike inntektstrinna i riket, bygdene og byene. I tabellene I, II og III er det gitt tall som dessuten viser fordelingene av statsskatten i skatteklassene 1, 2 og 3 og fordelingene av antatt inntekt \div statsskatt på inntekt. I disse tabellene skulle verknadene av at statsskatten på inntekt er progressiv,

gå tydelig fram. Ser en på tabell c for riket, viser det seg at i inntektstrinnet 3 172—5 000 kr. hadde skattytere i 1948 20,97 % av den antatte inntekta, men betalte bare 9,12 % av statsskatten på inntekt. Skattyterne med antatt inntekt over 100 000 kr. hadde derimot 2,05 % av den antatte inntekta, men betalte likevel 15,64 % av statsskatten.

Av tabell I går det fram at den progressive statsskatten, når en ser på hele riket under ett, har ført til at i inntektstrinna 3 172—5 000 kr., 5 000—8 000 kr. og 8 000—12 000 kr. har inntektstakerne fått en større del av den antatte inntekt etter statsskatt både i 1938 og i 1948 enn den delen av antatt inntekt de hadde før statsskatt på inntekt. For de høyere inntektstrinna er det derimot omvendt. Dette gjelder ikke for alle skatteklassene i begge åra. I 1948 har såleis skattyterne i skattekasse 1 både i bygdene og i byene fått en mindre del av den antatte inntekt etter statsskatt i inntektstrinnet 8 000—12 000 kr. enn før statsskatt på inntekt. Dette kommer av endringene i statsskattesatsene fra 1938 til 1948, som har ført til en relativt hardere skattlegging i skattekasse 1 enn i de høyere skatteklassene. Disse oppgavene skulle tydelig vise den utjammende verknaden av den progressive statsskatten på inntekt. Dette går også fram av figur 4 der det er framstilt Lorenz-kurver for antatt inntekt \div statskatt på inntekt.

Hadde en i denne sammenlikninga hatt materiale om hvordan inntektskatten til kommunene fordeler seg, ville en i begge år fått inn verknadene av den kommunale tilleggsskatten. Den ble utlikna etter de samme satsene både i 1938 og 1948. Denne skatten har en utjammende verknad. Tar en ikke omsyn til den kommunale tilleggsskatten på høyere inntekter, ville en kanskje finne at inntektskatten til kommunene ikke virker utjammende etter de oppgavene en har i dette materialet. Grunnen er at i kommuner der inntektene ligger lågt eller er oppgitt å ligge lågt, blir det ofte nytta høye skatteprosenter og dårlige reduksjonstabeller.

I figurene 1, 2 og 3 har en også framstilt hvordan de relative fordelingene av skattene var i de ulike skatteklassene i 1938 og i 1948. I figurene 5 og 6 har en framstilt disse fordelingene for bygdene og for byene. En har her nytta den samme framstillingsteknikken som for inntektsfordelingene. En får da at desto større arealet mellom diagonalen og kurven er, jo mer utjammende virker skatten.

I tida fra 1938 til 1948 er progresjonen i skattesatsene blitt sterkere. Som det går fram av figurene, viser det seg likevel at skattene virka mer utjammende i 1938 enn i 1948. Grunnen til dette er at inntektsfordelingene i 1948 var jamnere enn inntektsfordelingene i 1938, slik at dette mer enn oppheva virkningene av de mer progressive skattesatsene. Det er nemlig klart at desto jamnere en inntektsfordeling er, jo mindre utjammende vil progressive skatter virke. Dette går tydelig fram av figur 6 hvor en sammenlikner inntektsfordelinger i det samme året. Det viser seg her at statsskatten på inntekt virka minst utjammende der inntektsfordelinga var jamnest.

De direkte verknadene på inntektsfordelingene av de direkte skattene

var såleis en mindre sterk utjamning i 1948 enn i 1938, selv om progresjonen var blitt sterkere i dette tidsrommet. Men av dette kan en ikke dra den konklusjonen at de totale verknadene av de direkte skattene ikke førte til en så sterk utjamning i 1948 som i 1938. Det kan nemlig være slik at de høgere skattesatsene og den sterkere progresjonen som, gjaldt for mest alle skattetytere, sett i sammenheng med den offentlige politikk ellers, har ført til en mer jamn fordeling av de ervervede inntektene. Det offentlige kan ved hjelp av de større skatteinntektene ha makta å føre en politikk som m. a. har tatt sikte på inntektsutjamning. Det kan så igjen ha ført til at skattene er blitt mer jamt fordelt.

Når det gjelder konsumet, er det likevel trolig at de direkte verknadene til enkelte av endringene i skattlegginga har hatt en tendens til å føre til en ujamnere fordeling av dette. For samtidig med den sterkere progresjonen i statsskattesatsene, er også skattenivået heva. Dette går fram av tabell f som viser gjennomsnittlig skatt i de ulike inntektstrinna i 1948 i prosent av gjennomsnittlig skatt i 1938.

Tabell f. Gjennomsnittlig skatt i 1948 fordelt på inntektstrinn for riket, bygdene og byene.

Inntektstrinn i 1948-kroner	Gjennomsnittlig skatt i 1948. 1938 = 100		
	Riket	Bygder	Byer
3 172– 5 000 kr.	185	183	194
5 000– 8 000 »	162	162	164
8 000– 12 000 »	168	167	168
12 000– 20 000 »	182	179	183
20 000– 50 000 »	199	193	199
50 000–100 000 »	178	170	180
100 000 kr. og over	166	180	164

Her skulle det tydelig gå fram at skattenivået er blitt høgere.

Da progresjonen fra 1938 til 1948 jamt over har blitt sterkere, skulle en vente å få stigende tall med stigende inntekt. Grunnen til at en likevel ikke har fått dette, er at gjennomsnittsinntekta i de lägeste inntektstrinna i 1948 er større enn i 1938, men mindre i de høgeste inntektstrinna. Dette går fram av tabell IV.

Samtidig som statsskattesatsene er blitt høgere, har også det gjennomsnittlige kommunale skattøret på antatt inntekt auka fra 10,98 % i 1938 til 13,23 % i 1948. Men da det er sannsynlig at en inntektstaker med liten inntekt må sette ned konsumet sitt relativt mer enn én inntektstaker med stor inntekt når skaftenivået blir høgere, skulle dette ha en tendens til å føre til en ujamnere fordeling av konsumet. Men dette har likevel blitt motvirkta fra 1938 til 1948 m. a. ved mer progressive statsskattesatser og det at mange kommuner ikke hadde høve til å skattlegge så låge realinntekter i 1948 som i 1938 p. g. a. endringene i reduksjonstabellene.

Sluttmerknader.

Som tidligere nemnt høver det materialet som her er nytta ikke noe særlig godt til inntektsfordelingsanalyser. En må derfor være varsom med å dra for vidtgående slutninger.

For bedre å kunne si noe om endringene i inntektsfordelingene, måtte en ha mer detaljerte oppgaver. Utsagnene om «årsakene» til endringene i inntektsfordelingene har derfor fått mer karakteren av overfladiske hypoteser om de «direkte» verknadene av ulike endringer. Det er derfor behov for mer dyptgående analyser, t. d. over hvilke verknader endringene i inntektsfordelingene har hatt på den økonomiske aktiviteten, og hvordan dette igjen har virka inn på inntektsfordelingene. Her måtte en da komme inn på t. d. endringer i sparing og konsum som følger i samband med endringene i inntektsfordelingene og skattlegginga. Nå kan en bare si at det er et samspill mellom mange ulike faktorer, men en kan ikke si noe sikkert om hvordan dette samspillet er.

Tabell 1.

Inntektsfordelinger for skatteklassene Kronebeløpene

1, 2 og 3 i 1938 og 1948. Riket.
i 1948-kroner.

Tabell II.

Inntektsfordelinger for skatteklassene Kronebeløpene

1, 2 og 3 i 1938 og 1948. Bygdenes i 1948-kroner.

Tabell III.

Inntektsfordelinger for skatteklassene Kronebeløpene

*1, 2 og 3 i 1938 og 1948. Byene.
i 1948-kroner.*

Tabell IV.



*Inntektsfordelinger for skatteklassene 1, 2 og 3 i 1938 og 1948.
Gjennomsnittlig antatt inntekt i 1948-kroner i de ulike inntektstrinna.*

Inntektstrinn	Skatteklasse 1			Skatteklasse 2			Skatteklasse 3			Sum		
	Riket	Byer	Bygder	Riket	Byer	Bygder	Riket	Byer	Bygder	Riket	Byer	Bygder
3 172– 5 000 kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.	kr.
1938.....	3 811	3 806	3 818	4 035	4 125	3 965	3 916	3 965	3 881	3 894	3 908	3 881
1948.....	3 930	3 979	3 885	3 989	4 054	3 968	4 075	4 136	4 060	3 968	4 006	3 945
5 000– 8 000 kr.												
1938.....	5 952	6 076	5 746	6 250	6 263	6 238	6 377	6 579	6 190	6 182	6 269	6 073
1948.....	6 108	6 155	6 040	6 420	6 540	6 305	6 403	6 563	6 282	6 290	6 366	6 210
8 000– 12 000 kr.												
1938.....	9 067	9 139	8 929	9 326	9 381	9 240	9 311	9 346	9 264	9 261	9 310	9 185
1948.....	9 231	9 226	9 242	9 425	9 477	9 333	9 368	9 409	9 303	9 365	9 401	9 304
12 000– 20 000 kr.												
1938.....	14 701	14 721	14 656	14 537	14 550	14 513	14 671	14 609	14 750	14 615	14 609	14 626
1948.....	13 912	13 726	14 326	14 545	14 574	14 473	14 601	14 662	14 481	14 466	14 472	14 453
20 000– 50 000 kr.												
1938.....	28 856	29 098	28 305	27 725	27 861	27 514	27 738	27 699	27 791	27 988	28 128	27 761
1948.....	28 371	28 649	27 442	28 374	28 531	27 889	28 238	28 494	27 502	28 323	28 537	27 670
50 000–100 000 kr.												
1938.....	67 644	66 718	69 678	67 906	67 874	67 965	67 107	67 072	67 148	67 610	67 345	68 047
1948.....	65 347	64 766	66 816	66 332	66 524	65 535	66 461	67 178	63 347	66 224	66 518	65 084
100 000 kr. og over												
1938.....	191 119	202 009	171 072	216 830	206 892	229 954	185 145	187 755	182 243	202 550	201 319	204 247
1948.....	186 605	197 472	142 308	192 507	188 112	210 698	204 019	193 789	242 152	195 682	191 486	212 371
Sum:												
1938.....	5 917	6 111	5 610	7 943	8 457	7 373	7 584	8 141	7 059	7 053	7 354	6 685
1948.....	5 539	5 877	5 142	7 839	9 106	6 623	7 668	9 110	6 559	6 803	7 596	6 021

Tillegg.*Om endringer i inntektsfordelinga.*

Når en taler om endringer i inntektsfordelinga kan det m. a. menes:

1. En eller flere inntektstakere har skifta plass i inntektsfordelinga. Dette kan være tilfelle selv om en har den «samme» totale fordelinga som tidligere. Dette er endringer av stor betydning. Her får vi t. d. inn et spørsmål som dette: «Er skogsarbeiderne nå blitt passert av fiskerne sammenlikna med før krigen, slik at skogsarbeiderne nå ligger lågere i inntektsfordelinga enn fiskerne?»
2. Fordelingskurva kan ha samme form som tidligere, men den kan ha fått en forskyvning langs inntektsaksen, t. d. ved at alle inntektstakerne har fått en øking i inntektene på 1 000 kr. En sier da som regel at inntektsnivået har endra seg. Dette er vist i figuren nedenfor.



Sammenlikner en slikke fordelinger, vil alle statistiske mål som gir uttrykk for de relative fordelingene, bli like.

3. De nominelle inntektsfordelingene kan være like, men de blir ulike når de blir deflatert med en ekvivalensfunksjon for å få uttrykk for de reale inntektsfordelingene.

En ekvivalensfunksjon gir uttrykk for hvilke nominelle inntekter som svarer til hverandre i to situasjoner når de nominelle inntektene skal gi de samme realøkonomiske dekningene (levestandardene). Deflaterer en med en linær ekvivalensfunksjon, blir de relative reale inntektsfordelingene like når de nominelle er det, men ulike dersom ekvivalensfunksjonen som nytes har en annen form.

4. På samme måten kan de reale inntektsfordelingene være like, men de nominelle ulike.


Litt om bruken av Lorenz-kurver.

En skal her nytte definisjonen på Lorenz-kurva for å finne et kriterium som gir uttrykk for om en fordeling er jamnere enn en annen.

Lorenz-kurva gir uttrykk for hvor stor relativ del av totalinntekta det relative tallt av inntektstakere mottar som har en inntekt mindre eller lik en eller annen bestemt inntekt. Ved å variere størrelsen på inntektsgrensa får en Lorenz-kurve.

En vil da si at den nominelle inntektsfordelinga er jamnest der arealet mellom diagonalen fra det nederste venstre hjørnet til det øverste høyre hjørnet og Lorenz-kurva er minst, dersom Lorenz-kurva ikke skjærer Lorenz-kurva til den fordelinga en sammenlikner med.

Arealene mellom diagonalen og Lorenz-kurvene gir nemlig ikke noe entydig uttrykk for om en inntektsfordeling er jamnere enn en annen. I figuren på neste side er det vist et døme på dette:



Er her arealet $OAC < OAB$ kan en likevel ikke si at inntektsfordelinga C er jammere enn B. Det ville kanskje være mer naturlig å si at B er jammere, siden en viss prosent av de minste inntektstakerne har en større del av totalinntekta, selv om det i denne inntektsfordelinga er noen få inntektstakere med relativt store inntekter.

Skal en her kunne si noe om de reale inntektsfordelingene slipper en ikke unna deflatingssproblem, selv om Lorenz-kurvene gir uttrykk for de relative fordelingene av nominale inntektene.

Går en ut fra at endringene i levekostnadene kan uttrykkes v. h. a. en ekvivalensfunksjon, kan det likevel i enkelte tilfelle være nok å kjenne forma på kurva til denne funksjonen. Er denne degressivt stigende når en har inntektene for den jammeste nominelle inntektsfordelinga målt langs den horisontale aksen, (jfr. fig. side 7) kan en si at den jammeste nominelle fordelinga også er den jammeste reale fordelinga. Oppfyller ikke ekvivalensfunksjonen dette kriteriet, kan en ikke si noe om de reale inntektsfordelingene uten at en helt kjenner ekvivalensfunksjonene.

**Eit oversyn over statsskatteloggingsa av inntekt til personlege skattytarar frå budsjettåret 1939/40 (inntektsåret 1938) til budsjettåret 1951/52
(inntektsåret 1950.)¹**

Av sekretær L e i v V i d v e i .

I. Innleiing.

Frå 1938 fram til i dag har det jamnt vorti gjennomført endringar i skatteloggingsa til staten av inntekt og midel. Dette gjeld både den teknikken som har vorti nytta ved statsskatteloggingsa og storleiken på skatten. Skatteloggingsa av inntekt og midel til staten for budsjettåret 1951/52 var difor ikkje så lite ulik skatteloggingsa for budsjettåret 1939/40.

I denne artikkelen skal ein først og fremst gi eit oversyn over skatteloggingsa av inntekta til personlege skattytarar etter det ordinære statsskattevedtaket. Først vil det likevel verta gitt eit grovt utsyn over likningsmåtane og inntektsomgrepa. Deretter skal ein sjå på teknikken som er nytta i det ordinære statskattetaket i tidsrommet 1938—1950.² I samband med dette skal ein nemna skatteloggingsa av inntektstakarar som fell utanom det ordinære statsskattevedtaket. Vidare skal ein gi ei summarisk utgreiing om alderstrygdavgifta, avgifta til Arbeiderfondet, krigspensjoneringsavgifta, verneskatten, skatten på inntekstsstigning, krigsskadeavgifta på inntekt og avgift til «Hjelpefond for Næringslivet». Dessutan skal ein nemna skatteloggingsa av dei som var ute under krigen.

Til slutt skal ein samanlikna skatt i prosent av pårekna inntekt etter dei ordinære statsskattevedtaka for budsjettåra 1939/40, 1950/51, og 1951/52.

II. Utsyn over skatteteknikken.

L i k n i n g s m å t a n e .

Her må ein først og fremst skilja mellom direkte likning og prosentlikning.

Den direkte likninga er den mest vanlege. Inntekta vert her normalt sett fast ut frå oppgåver frå inntektstakarane over kor stor inntekt dei faktisk har hatt i eit år.

Ved prosentlikning skal derimot inntekta stort sett verta fast ut frå gjennomsnittlege utrekningar om kva inntekt næringsgrunnlaget bør gi. Den faktiske inntekta i eit år treng difor ikkje vera lik den inntekta ein kjem fram til ved prosentlikning. Denne likningsmåten vert først og fremst nytta i jordbruk og skogbruk. Prosentlikning skal såleis nytta ved inntekt av skog. Når det gjeld inntekt av jordbruk, tek kommunestyra avgjer om denne likningsmåten skal nytta. Ein inntektstakar i jordbruk kan likevel krevja å verta likna direkte, jamvel om kommunestyret har vedteki at prosentlikning skal vera den normale likningsmåten. Den samla inntekta til ein inntektstakar vert

¹ Denne artikkelen er arbeidd ut ved Kontoret for Skatteforsking.

² Eit oversyn over statsskatteloggingsa i tidlegare år og fram til 1941/42 er gitt i Oslo kommunale statistiske kontor sin publikasjon: «Inntekts- og formuessstatistikk for Oslo».

likevel ikkje sett fast ved prosentlikning. Andre inntekter som dei prosentlikna har, vert såleis sette fast ved direkte likning. Det same gjeld visse frådragspostar. Såleis vert t. d. inntektstakarar i jordbruk likna direkte for verksemd som vert rekna å gi biinntekter.

Vidare må ein skilja mellom likning på grunnlag av inntekta i eitt år og gjennomsnittslikning.

Ved likning på grunnlag av inntekta i året vert skatten rekna ut frå inntekta i dette året. Denne måten vert serleg nytta ved likning av lønsmottakarar, dei som lever av inntekt av midel osb.

Ved gjennomsnittslikning vert skatten rekna ut frå gjennomsnittet i dei 3 siste åra av den inntekta som ein har komi fram til anten ved direkte likning eller prosentlikning. Denne likningsmåten vert serleg nytta for sjølvstendige i jordbruk, skogbruk og fiske og for dei fleste sjølvstendige næringsdrivande som har rekneskapsplikt og som har drivi næring i minst tre år. Frå inntektsåret 1943 er det likevel teki etterhald om gjennomsnittslikninga. Det heiter nå at denne likningsmåten ikkje skal gjelda før enn ved likninga 1953/54 for selskap som er stifta etter 2. januar 1940 eller for inntektstakarar i næring der inntekta første gong skulle setjast fast ved gjennomsnittlege utrekningar ved likninga for skatteåret 1944/45 eller seinare.¹

Inntektsomgrep a.

Som det går fram av omtalen av likningsmåtane, er innhaldet av inntektsomgrepet som vert brukt ved skattlegging, bundi av likningsmåtane. Den inntekta som vert lagt til grunn for skattlegginga, varierar difor oftast med den eller dei likningsmåtane som vert nytta.

Storleiken på inntekta varierar og i praksis etter kva form ein får den i. Naturalinntekter vert såleis ofte vurdert til å ha eit lågare verdi enn det verdet desse varene og tenestene ville fått ved kjøp og sal. Verdet av husmødrene sitt arbeid i heimen, vert i det heile ikkje rekna som inntekt. Vidare må ein her merka seg serreglane om skattlegging av inntekt i utlandet.

Inntektsomgrepet som vert lagt til grunn ved skattlegginga vert kalla pårekna inntekt (antatt inntekt). Dette er eit inntektsomgrep som ein på bakgrunn av dei ulike likningsmåtane kjem fram til ved å gjera ulike frådrag i den årlege bruttoinntekta. (Jfr. serleg skattelov for landet § 44 og skattelov for byane § 38).

Dei viktigaste frådraga ein gjer for å koma fram til eit nettoinntektsomgrep, er gjeldsrenter og utgifter som vert rekna å skriva seg frå arbeidet med å skaffa seg inntekt, t. d. reine driftskostnader, trygdepremiar på driftsmiddel, skattar og avgifter som fell på fast eigedom og driftsmiddel, utgifter til reparasjonar og vedlikehald når visse vilkår vert stetta, ordinære avskrivningar osb. Ved

¹ Det er nå gjort framlegg om at frå og med inntektsåret 1953 skal det ikkje vera høve til å nytta prosentlikning i jordbruk og skogbruk. Vidare er det gjort framlegg om at gjennomsnittslikninga stort sett skal takast bort frå inntektsåret 1951. Tap i to føregåande år skal ein likevel kunna draga frå inntekta.

prosentlikning går ein likevel ikkje vegen om bruttoinntekta. Her reknar ein seg fram til nærest ei nettoinntekt som ein så gjer visse tillegg til, t. d. for inntekt av binaeringar og/eller visse frådrag, t. d. for gjeldsrenter.

Vidare har ein reglane om overprisavskriving. Her er det i skattelovene berre gitt generelle retningslinjer. Dei ålmenne reglane for overprisavskriving vert sett fast av Riksskattestyrret. Desse reglane, som først og fremst byggjer på skilnaden mellom kostprisen og det normalverdet styremaktene går ut frå avskrivningsobjektet har, varierar med objekta for overprisavskriving.

I lov av 22. desember 1950 er det sett fast at det ikkje er høve til å gjera overprisavskrivingar på driftsmiddel som ein har skaffa seg i tidsrommet 20. oktober 1950 til 31. desember 1952. Dette gjeld likevel ikkje for driftsmiddel som det vart gjort leveringskontraktar om før 20. oktober 1950. Denne lova set altså nå reglane om overprisavskrivingar på nye driftsmiddel ut av kraft.

Når det gjeld skattefrie frådrag utanom dei vanlege frådraga som skriv seg direkte frå arbeidet med å skaffa seg inntekt, må ein òg ta omsyn til tilleggsreglane som ein fekk i lov av 22. desember 1950. Her heiter det m. a.¹

«Skattepliktig som under utøvelsen av sin næring anvender betydelige driftsmidler, bestemt for varig bruk,... kan kreve frådrag ved inntektsansettelsen for avsetning til fond for senere kjøp av driftsmidler, etter følgende regler:

1. Frådrag kan kreves med inntil 20 pct. av den del av årsinntekten i vedkommende kommune som overstiger kr. 10 000. ... Frådrag kan ikke innrømmes med mer enn det tredobbelte av det beløp den skattepliktige har fått godkjent til frådrag i inntekten i 1949 eller avvikende regnskapsår som ordinær avskriving. Den skattepliktige kan dog uten hinder av bestemmelsen i foregående punktum kreve frådrag for et beløp som svarer til 3 pct. av den verdi bygningen med tilhørende nødvendig tomtegrunn og 15 pct. av den verdi den skattepliktiges øvrige betydelige driftsmidler, bestemt til varig bruk, er satt i...»

Vilkåret for å gjera slike frådrag er m. a. at ein sum som svarar til frådraget, vert sett inn i bank på ein sperra konto. Som det går fram av omtalen av desse spesielle frådragsreglane, kan inntekta som vert lagt til grunn ved skattlegginga, òg variera p. g. a. reglane i denne tilleggslova, sjølv om nettoinntekta i vanleg meinинг er den same.

Forutan frådrag i bruttoinntekta for gjeldsrenter, utgifter som ein kan rekna skriv seg frå arbeidet med å skaffa seg inntekt og avsettingar til visse fond, er det òg høve til å gjera andre frådrag. Dei viktigaste av desse andre frådraga er: Pliktige pensjonsordningar for arbeidarar og funksjonærar, friviljuge livstrygdepremiar, friviljug sjuketrygd og frådrag i inntekta når kona har arbeid utanom heimen.

Frå inntektsåret 1938 kunne alle draga frå 300 kr. for friviljuge livstrygdepremiar mot tidlegare 400 kr. Ved lovendring av 12. desember 1947 vart denne regelen endra slik at det kunne dragast frå:

¹ I denne tilleggslova er det og teki atterhald om overprisavskrivingar og ordinære frådrag i inntekta, m. a. at 10 pct. av summen av avskrivingane skal setjast inn på sperra konto i bank når avskrivingane er større enn 10 000 kroner. Elles er det ikkje høve til å få frådrag i den pårekna inntekta for avskrivingar. Dessutan har høvet til å gjera frådrag for vedlikehald og reparasjonar på bygningar, vorti ikkje så lite avgrensa.

300 kr.	i skatteklass 1
400 » » »	2
500 » » »	3 og høgare skatteklassar.

Regelen om frådrag i inntekta når kona arbeider utanom heimen fekk ein ved lov av 6. februar 1948 og den gjeld frå og med inntektsåret 1947. Her heiter det:

«Hustru som etter § 16 blir lignet under ett med sin mann for inntekt med arbeid utenfor hjemmet, kan ved ligningen kreve frådrag for et beløp som svarer til en fjerdedel av denne inntekt, dog høyst med kr. 500. Har ektefellene hjemmeværende barn under 14 år, kan frådrag som nevnt kreves for et beløp som tilsvarer to femtedeler av hustruens arbeidsinntekt, dog høyst med kr. 1 200, og har de to eller flere hjemmeværende barn under nevnte alder, med et beløp som svarer til en halvdel av hustruens arbeidsinntekt, dog høyst med kr. 1 500. Bestemmelsene i dette ledd gjelder ikke når hustruens arbeidsinntekt skriver seg framannens eller ektefellenes felles bedrift.»

Den pårekna inntekta som ein kjem fram til etter desse ulike reglane tener så som grunnlag for utrekninga av skatt på inntekt etter at ein har runda av den pårekna inntekta ned til nærmeste 100 kr. Inntektsomgrepet pårekna inntekt er likevel ikkje det same ved kommuneskattelikninga som ved statsskattelikninga. Såleis vert m. a. ikkje renteinntekter av bankinnskot, utbytte av aksjar o. l., teki med i pårekna inntekt ved kommuneskattelikninga. Renteinntekt av bankinnskot vert likevel skattlagt til kommunane ved innskotsskatten.

Ved utforminga av teknikken som er nytta når statsskatten på inntekta vert sett fast, er det nok først og fremst teki omsyn til å nå fram til progressive skattesatsar og til variasjon i skatten etter forsytingsplikta.

Teknikken som vert nytta går fram av det årlige statsskattevedtaket der storleiken på statsskatten vert sett fast. Samstundes som ein her skal gi eit oversyn over skatteteknikken og endringane i denne i tidsrommet 1938—50, vil det og verta gitt eit oversyn over endringane i storleiken på statsskatten.

S k a t t e f r i e f r å d r a g .

I det årlege skattevedtaket er det slegi fast at inntekter under ei viss grense i det heile ikkje skal skattleggjast, sjølv om det skattefrie frådraget etter forsytingsplikta er mindre. Den minste pårekna inntekta som kan skattleggast har frå budsjettåret 1921/22 vori på 2 000 kr.

Dei skattefrie frådraga for forsytingsplikt er stort sett knytte til talet på personar i huslyden, slik at ein einsleg person kjem i skatteklass 1, ein inntekts-takar som har forsytingsplikt for 1 person i skatteklass 2 osb. Her er det likevel ein del serreglar. Såleis kan ein einsleg forsytar, som p. gr. a. arbeidet sitt må halda hushjelp av omsyn til borna, få skattefritt frådrag for ei hushjelp. Frå inntektsåret 1947 fekk ein her eit tillegg som seier at i staden for det skattefrie frådraget, kan forsytaren, dersom han har eit barn heime under 14 år krevja eit frådrag som svarar til $\frac{2}{5}$ av inntekta, men maksimum 1 200 kr. Har han to eller fleire bør. heime kan han krevja eit frådrag lik halvdelen av inntekta, men maksimum 1 500 kr. Vidare kan det verta gitt eit eller fleire ekstra klasse-

frådrag dersom forsytingsplikta er uvanleg stor p. gr. a. alderdom, sjukdom o. l. Frå og med inntektsåret 1948 gjeld regelen at det i alle høve skal verta gitt eit ekstra klassefrådrag dersom den skattepliktige eller ektefellen er 69 år før 1. januar i likningsåret. Ser ein på desse ulike endringane i reglane om klassefrådrag under eitt, har desse endringane ført til at det er gitt større høve til å gjera ekstra klassefrådrag.

Dei skattefrie frådraga som galdt til og med inntektsåret 1946 (budsjettåret 1947—48) hadde vori dei same frå og med 1921. Som det går fram av tabell 1 har dei skattefrie frådraga seinare vorti endra tre gonger.

Tabell 1. Skattefrie frådrag for inntektsåra 1921—46, 1947, 1948—49 og 1950.

Skatteklass	1921—1946	1947	1948—1949	1950
1	900 kr.	1 000 kr.	1 100 kr.	1 100 kr.
2	1 400 »	1 700 »	1 900 »	2 000 »
3	1 800 »	2 400 »	3 000 »	3 200 »
4	2 200 »	3 200 »	4 200 »	4 500 »
5	2 600 »	4 100 »	5 500 »	5 900 »
6	3 000 »	5 100 »	6 900 »	7 400 »
7	3 400 »	6 200 »	8 400 »	9 000 »
8	3 800 » ¹	7 400 » ²	10 000 » ³	10 700 » ⁴

¹ For kvar skatteklass hegare enn skatteklass 8 auka frådraget med 400 kroner.

² Frå skatteklass 8 til skatteklass 9 auka frådraget med 1 300 kroner, frå 9 til 10 med 1 400 kroner, frå 10 til 11 med 1 500 kroner osb.

³ Frå skatteklass 8 til skatteklass 9 auka frådraget med 1 700 kroner, frå 9 til 10 med 1 800 kroner, frå 10 til 11 med 1 900 kroner osb.

⁴ Frå skatteklass 8 til skatteklass 9 auka frådraget med 1 800 kroner, frå 9 til 10 med 1 900 kroner, frå 10 til 11 med 2 000 kroner osb.

Ser ein på auken i dei skattefrie frådraga frå skatteklass til skatteklass, var denne auken konstant frå skatteklass 2 i tida 1921 til 1946. Frå og med 1947 er auken frå skatteklass til skatteklass stigande. Auken i det skattefrie frådraget frå ein lågare til ein høgare skatteklass stig nå med 100 kroner frå og med skatteklass 3. Ein kan difor seia at klassefrådraga for høgare skatteklassar enn skatteklass 3 nå vert bundne av det skattefrie frådraget i skatteklass 2 og auken i det skattefrie frådraget frå skatteklass 2 til skatteklass 3. Grunngjevinga for denne prinsipielle endringa, er at skatteletten skal vera relativt større for ein huslyd der det vert fostra opp mange born enn for ein huslyd der det vert fostra opp færre born. Denne omlegginga har ført til at levestandarden i ein huslyd ikkje minkar så sterkt ved ein auke i forsytingsplikta som ved ein konstant auke i dei skattefrie frådraga frå skatteklass til skatteklass.

Korleis denne prinsipielle endringa i dei skattefrie frådraga ovrar seg i praksis, skulle gå klart fram av fotnotane til tabell 1.

F r å d r a g i s k a t t .

Omgrepet «skatteberande inntekt» vert mykje nytta om pårekna inntekt ÷ klassefrådraget. Dette omgrepet er det nå likevel vanskeleg å nytta, dersom ein skal ordleggja seg presist, sidan ein frå inntektsåret 1947 har fått reglar som

seier at i staden for klassefrådrag skal det verta gitt frådrag i skatt når den skatteberande inntekta i dei ulike skatteklassane kjem over visse grenser. Grunn gjivinga for denne endringa er at ein skal hindra at dei skattefrie frådraga skal føra til større absolutt skattelette for dei med store inntekter enn for dei med relativt små inntekter. Faktisk fører dette til ein sterkare progresjon i skattinga av inntekt.

Skatteberande inntekt er difor berre lik pårekna inntekt minus klassefrådrag under dei inntektsgrensene som er settet for å få skattefrådrag. Over desse grensene er skatteberande inntekt lik pårekna inntekt.

I tabell 2 er det gitt eit oversyn over grensene for klassefrådrag i den pårekna inntekta og kor stort frådraget i skatten er over desse grensene. Før 1947 vart det som nemnt ikkje nytta ein slik teknikk.

Tabell 2. Grenser for skatteberande inntekt for å få klassefrådrag og frådraga i skatt over desse grensene for inntektsåra 1947, 1948, 1949 og 1950.

Skatte- klass	Inntektsgrenser for klassefrådrag				Frådrag i skatt			
	1947	1948	1949	1950	1947	1948	1949	1950
1	9 000 kr.	10 000 kr.	6 000 kr.	3 900 kr.	210 kr.	190 kr.	120 kr.	43 kr.
2	8 300 »	»	8 000 »	11 000 »	300 »	300 »	300 »	351 »
3	7 600 »	»	10 000 »	12 000 »	390 »	530 »	530 »	713 »
4	6 800 »	»	»	»	480 »	740 »	740 »	1 012 »
5	5 900 »	»	»	»	570 »	980 »	980 »	1 307 »
6	4 900 »	»	»	»	660 »	1 270 »	1 270 »	1 670 »
7	3 800 »	»	»	»	750 »	1 580 »	1 580 »	2 057 »
8	2 600 »	»	»	»	840 ¹ »	1 920 ² »	1 920 ² »	2 468 ³ »

¹ For kvar høgare skattekasse stig frådraget med 90 kroner.

² For høgare skatteklassar skal frådraget i skatt vera lik skatteletten p. gr. a. klassefrådraget ved ei skatteberande inntekt på 10 000 kroner.

³ For høgare skatteklassar skal frådraget i skatt vera lik skatteletten p. gr. a. klassefrådraget ved ei skatteberande inntekt på 12 000 kroner.

Desse grensene er settet fast ut frå den skatteberande inntekta i alle åra med unntak for 1947 då grensa var ei pårekna inntekt på 10 000 kroner. I tabellen har ein difor for 1947 sett opp kva skatteberande inntekt dette svarar til; altså 10 000 kroner minus klassefrådrag.

Når grensene for å få frådrag i skatt vert settet fast ut frå ei konstant pårekna inntekt og frådraget i skatt vert rekna ut frå kor mykje skatt det ville falla på klassefrådraget, fører dette til at frådraget i skatt ikkje aukar så mykje frå skattekasse til skattekasse som når ein går ut frå ei konstant skatteberande inntekt. Dette kjem av at det vert nytta ein progressiv grunntabell¹ og ulike prosentvise tillegg² ved utrekninga av skatten.

Grunnen til at det er nytta ulike grensene for den skatteberande inntekta frå skattekasse til skattekasse, er at ved å regulera desse grensene endrar ein frådraget i skatt når dette er rekna ut frå kor mykje skatt det ville falla på det skattefrie frådraget. Vert t. d. grensa sett ned, minkar frådraget i skatt, noko som kjem av den progressive grunntabellen og dei ulike prosentvise tillegga.

¹ Jfr. neste avsnitt. ² Jfr. s. 9.

Frådraget i skatten har stort sett vorti sett fast ut frå kor mykje det skattefrie frådraget reduserar skatten ved dei inntektsgrensene som vert nytta. For 1947, 1948 og 1949 vart likevel tala runda av.

Gru n n t a b e l l a n e .

I det årlege skattevedtaket er det sett opp tabellar som set fast korleis skatten i prosent før dei prosentvise tillegga¹ skal variera med den skatteberande inntekta. Ein slik tabell vil her verta omtala som ein grunntabell.

I dei fleste grunntabellane for personlege skattytarar i det årlege skattevedtaket, er den skatteberande inntekta delt opp i intervall. Inntekta i eit i intervall vert så skattlagt etter den same skattekonserten. For å få fram progresjon i skatt av pårekna inntekt eller skatt av skatteberande inntekt, let ein skattekonserten i dei ulike inntektsintervalla stiga. Ved å endra lengda av inntektsintervalla kan ein òg endra på progresjonen i skatten. Har ein gitt skattekonsenterar som skal gjelda i ulike intervall, vert progresjonen sterkare di kortare intervalla er, og linnare di lengre intervalla er.

Eit av problema med ein slik grunntabell, er at den er diskontinuerleg. Diskontinuiteten vert stor dersom ein har få inntektsintervall i grunntabellen og stor skilnad i skattekonsentane innan dei ulike intervalla. Har ein derimot mange inntektsintervall og liten skildnad i skattekonsentane innan dei ulike inntektsintervalla, vert diskontinuiteten mindre. Men då vert grunntabellen meir innfløkt og difor vanskelegare å nytta.

I tabell 3 er det gitt eit oversyn over dei grunntabellane som er nytta for personlege skattytarar i tidsrommet 1938 til 1950.

Som det går fram av tabellen hadde ein i 1938 og 1939 to grunntabellar for kvart år, ein for ålmenn inntektsskatt til staten og ein for serskild krieskatt til staten. For inntektsåret 1939 vart grunntabellen for krieskatten endra slik at dette førde til ein skatteauke.

Fra inntektsåret 1940 vart dei to grunntabellane slegne saman, samstundes som det vart gjort ein del endringar i den delen av grunntabellen som galdt for høgare inntekter. Etter grunntabellen vart såleis den delen av dei nominelle skatteberande inntektene mellom 65 000 kroner og 475 000 kroner skattlagt etter ein større skattekonsent, medan den delen av dei skatteberande inntektene som var over 475 000 kroner vart skattlagt etter ein lågare skattekonsent.

Denne grunntabellen galdt òg for åra 1941 til og med 1946 for høgare skatteklassar enn skatteklasse 1. Fra 1941 vart det nemleg ført inn ein detaljert skatttabell for skatteklasse 1 som galdt for skatteberande inntekt mellom 10 000 kroner og 150 000 kroner.² Denne tabellen har ein ikkje teki med her av plass-omsyn.

¹ Jfr. neste avsnitt.

² Grunnen til at ein fekk denne tabellen, var truleg kravet frå Okkupasjonsmakta om at skatten i Noreg på inntekt til stat og kommune ikkje skulle vera lågare enn i Tyskland.

Tabell 3. Grunntabellar for personlege skattytarar for inntektsåra 1938 til 1950.

Av den skatteberande inntekta skal det betalast:	Inn- tekts- intervall 1938—47	1938			1939		1940—46 ¹	1947 ²	1948 og 1949			1950	
		Ålmenn inntekts- skatt	Serskild krise- skatt	Sum skatt	Serskild krise- skatt	Sum skatt ³	Skatt	Skatt	Inn- tekts- intervall	Skatt	Inn- tekts- intervall	Skatt i: Skattekla- sse 1 og 2	Hogare skattekla- ssar
		Kr.	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.	Kr.	Pct.	Kr.	Pct.	Pct.
Av dei første.....	3 000	1.6	1.0	2.6	1.8	3.4	3.4	3.4	5 000	3.4	5 000	3	{ 3 ⁴
Av dei neste	2 000	3.2 ⁴	2.0	5.2	4.2 ⁴	7.4 ⁴	7.4 ⁴	7.4 ⁴	3 000	7.4	3 000	5	{ 5
» » »	1 000	3.2 ⁴	2.7	5.9	4.2 ⁴	7.4 ⁴	7.4 ⁴	7.4 ⁴	3 000	12.0	1 000	7 ⁴	{ 7 ⁴
» » »	3 000	4.8	4.0	8.8	6.6	11.4	11.4	12.0	3 000	16.0	1 000	9	{ 9
» » »	5 000	6.4	5.4	11.8	9.0	15.4	15.4	16.0	6 000	19.0	1 000	12	{ 12
» » »	6 000	8.0	6.7	14.7	11.0	19.0	19.0	19.0	8 000	22.0	1 000	15	{ 15
» » »	8 000	9.6	7.3	16.9	12.2	21.8	21.8	22.0	10 000	25.0	1 000	18	{ 18
» » »	10 000	11.2	7.8	19.0	13.4	24.6	24.6	25.0	12 000	28.0	1 000	22	{ 22
» » »	12 000	12.8	8.4	21.2	14.6	27.4	27.4	28.0	15 000	31.0	12 000	25	{ 25
» » »	15 000	14.4	8.9	23.3	15.8	30.2	30.2	31.0	20 000	34.0	12 000	28	{ 28
» » »	20 000	16.0	9.4	25.4	17.0	33.0	33.1	34.0	30 000	37.0	12 000	31	{ 31
» » »	30 000	17.6	10.0	27.6	18.2	35.8	36.1	37.0	30 000	40.0	15 000	34	{ 34
» » »	30 000	19.2	10.5	29.7	19.4	38.6	39.8	40.0	30 000	43.0	20 000	37	{ 37
» » »	30 000	20.8	11.1	31.9	20.6	41.4	42.7	43.0	50 000	46.0	30 000	40	{ 40
» » »	50 000	22.4	11.6	34.0	21.8	44.2	45.1	46.0	50 000	49.0	30 000	43	{ 43
» » »	50 000	24.0	12.1	36.1	23.0	47.0	48.5	49.0		52.0 ⁵	30 000	46	{ 46
» » »	50 000	25.6	12.7	38.3	24.2	49.8	51.5	52.0			50 000	49	{ 49
» » »	50 000	27.2	13.2	40.4	25.4	52.6	54.2	55.0			50 000	52 ⁵	{ 52 ⁵
» » »	50 000	28.8	13.8	42.6	26.6	55.4	56.5	58.0					
» » »	50 000	30.4	14.3	44.7	27.8	58.2	58.5	60.0 ⁵					
» » »	50 000	32.0	14.8	46.8	29.0	61.0							
» » »	50 000	33.6	15.4	49.0	30.2	63.8							
» » »	100 000	35.2	15.9	51.1	31.4	66.6							
» » »	100 000	36.8	16.5	53.3	32.6	69.4							
» » »	100 000	38.4	17.0	55.4	33.8	72.2							
Av større skattekla- berande inntekt ..		40.0	17.5	57.5	35.0	75.0							

¹ Gjeld for alle skatteklassar i 1940. Frå 1941 galdt derimot ein sertabell for skatteklaasse 1 for skatteberande inntekt frå 10 000—150 000 kr.

² For skatteklaasse 1 galdt ein sertabell når den pårekna inntekta var frå 10 000—150 000 kr. ³ Ålmenn inntektskatt som i 1938. ⁴ Klammen tyder at i grunntabellen er inntektsintervallet lik summen av dei inntektsintervallda som her har den same skatteprosenten. ⁵ Av større skatteberande inntekt.

For inntektsåret 1947 vart så atter grunntabellen endra slik at ein fekk hardare skattlegging av all skatteberande inntekt over 6 000 kroner i alle skatteklassane frå og med skattekasse 2. Framleis galdt mest den same sertabellen for skattekasse 1.

Året etter vart derimot inntektsintervalla endra. Grunntabellen galdt nå for alle skatteklassane. Denne endringa førde til at skattlegginga etter grunntabellen for skatteklassane 2 og oppover vart lik for skatteberande inntekter under 3 000 kroner, lågare for den delen av dei skatteberande inntektene som låg mellom 3 100—5 000 kroner, likt for den delen som låg mellom 5 100—6 000 kroner, lågare for delen mellom 6 100—8 000 kroner, lik for delen mellom 8 100—9 000 kroner, lågare for delen mellom 9 100—11 000 kroner, lik for delen mellom 11 100—325 000 kroner, og lågare for den delen av dei skatteberande inntektene som låg over 325 000 kroner. At sertabellen for skattekasse 1 fall bort, førde til at den delen av den skatteberande inntekta mellom 10 100—150 000 kroner vart skattlagd etter ein mindre prosent. Elles fekk ein her dei tilsvarende endringane som for dei andre skatteklassane. Denne grunntabellen galdt òg for inntektsåret 1949.

For inntektsåret 1950 har ein fått ein grunntabell for skattekasse 1 og 2 og ein grunntabell for høgare skatteklassar. Samanlikna med grunntabellen for 1948 og 1949 har ein etter grunntabellen i 1950 fått lågare skattlegging av inntekter til og med 13 000 kroner, høgare skattlegging av den delen av inntektene som ligg mellom 13 100 kroner og 20 000 kroner og 26 100 kroner og 28 000 kroner og uendra skattlegging av den delen av inntektene som ligg mellom 20 100—26 000 kroner og for inntekter frå og med 28 100 kroner. Ser ein på skattlegginga ut frå den pårekna inntekta, vert biletet her noko endra p. g. a. andre endringar i skattevedtaket.

Prosentvise tillegg.

Frå og med inntektsåret 1938 er det nytta ein teknikk med prosentvise tillegg til den skatten ein kjem fram til etter dei reglane som hittil er nemnde. Denne teknikken har og vori brukt tidlegare for inntektskatt til staten. Siste gongen var for inntektsåret 1919.

I tabell 4 er det gitt eit oversyn over dei tilleggsprosentane som er nytta frå 1938 til 1950.

I 1938 var det prosentvise tillegget i skatten det same for alle skatteklassane. Frå 1939 vart tilleggsskatten differensiert etter skattekasse slik at skatten vart større for skatteklassane 1, 2 og 3, men uendra for høgare skatteklassar. I 1940 vart differensieringa etter skattekasse ført vidare ved at tilleggsprosenten for skattekasse 4 vart auka frå 10 pct. til 15 pct. Differensiering etter storleiken på den skatteberande inntekta fekk ein i 1943. Frå då av gjeld regelen at tilleggsprosenten skal vera 30 pct. for skatteklassane 2 og oppover når den skatteberande inntekta er over 80 000 kroner. Denne differensieringa vart ført vidare frå inntektsåret 1948 ved at i skattekasse 1 skulle

Tabell 4. Prosentvise tillegg i inntektsskatten til staten frå 1938 til 1950.

År	Skatte-klasse 1	Skatte-klasse 2	Skatte-klasse 3	Skatte-klasse 4	Skatte-klasse 5
	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.	Pct.
1938	10	10	10	10	10 ¹
1939	30	20	20	10	10 ¹
1940	30 ²	25 ³	20	15	10 ¹
1948	{30 ⁴ 40}	25	20	15	10 ¹
1949	{30 ⁴ 40}	{25 ⁵ 30}	20	15	10 ¹

¹ Det same tillegget for høgare skatteklassar.

² P. gr. a. spesialtabellen for skatteklasses 1, galdt ikkje dette tillegget for inntekter mellom 10 000—150 000 kroner.

³ Frå budsjettåret 1944/45 gjeld regelen at for alle skatteklassar frå og med skatteklasses 2 skal tilleggsskatten vera 30 pct. for inntekter over 80 000 kroner.

⁴ 30 pct. for dei første 5 000 kronene av den skatteberande inntekta, 40 pct. for den skatteberande inntekta over 5 000 kroner.

⁵ 25 pct. for dei første 5 000 kronene av den skatteberande inntekta, 30 pct. for den skatteberande inntekta over 5 000 kroner.

tilleggsprosenten vera 30 pct. for skatteberande inntekter til og med 5 000 kroner og 40 pct. for skatteberande inntekter over 5 000 kroner. Frå inntektsåret 1949 gjeld ein tilsvarande regel for skatteklasses 2 slik at for skatteberande inntekter til og med 5 000 kroner skal tillegget vera på 25 pct., men for høgare inntekter på 30 pct.

Alle endringane i dei prosentvise tillegga frå 1938 til 1950 har jamnt ført til hardare skattlegging ved auka prosentvise tillegg for dei lågaste skatteklassane og ved auke i dei prosentvise tillegga etter storleiken på inntektene.

Maksimumsgrensene for skattlegging.

I den tidbolken som ein her ser på, har skatt i prosent av pårekna inntekt vori stigande for mest alle inntektstakarar. Dette har gjort det naudturveleg å ha reglar om kor mykje av inntekta kan takast som skatt.

Den første avgrensingsregelen fekk ein for inntektsåret 1939, m. a. i samband med endringa av dei prosentvise tillegga for personlege skattytarar. Jfr. «Kgl. Resolusjon om ekstraordinær skatt til staten av inntekt for budsjettåret fra 1. juli 1940 til 30. juni 1941». Regelen lydde då:

«Dersom den samlede skatt til stat og kommune av inntekt, herunder innskuddsskatt og alderstrygdavgift, etter endelig ligning for noen skattepliktig overstiger 90 pct. av den antatte inntekt ved statsskatteligningen, blir etter søknad den lignede statsskatt av inntekt å nedsette, i tilfelle å frafalle, i den utstrekning den overstiger nevnte grense. . . .»

Denne avgrensingsregelen galdt altså berre for skatt på inntekt. Samstundes galdt ein liknande regel for ekstraordinær skatt på midel til staten. Sidan ein her hadde ei maksimumsgrense på 75 pct. kom den ekstraordinære skatten på midel heller ikkje seinare inn under den ordinære avgrensingsregelen for skatt på inntekt. Det tilsvarande galdt for serskilt skatt på inntektsstiging som ein hadde i åra 1940—1943.

For inntektsåret 1940 vart avgrensingsregelen for skatt i prosent av inntekt endra ved at skatt på midel kom inn under maksimumsgrensa. Denne endringa førde difor til at inntektskattane ikkje lenger kunne ta ein så stor del av inntekta som tidlegare. Samstundes vart avgrensingsregelen og endra ved at den samla skatten av inntekt og midel ikkje for nokon del av den skattet berande inntekta måtte vera større enn 90 pet.

I 1941 fekk ein krigspensjoneringsavgift som òg vart teken med under maksimumsgrensa for skatt i prosent av inntekt.

Denne avgrensingsregelen vart stående mest uendra til og med inntektsåret 1948. Den verneskatten som ein fekk for 1947, gjekk såleis ikkje inn under avgrensingsregelen.

For inntektsåret 1949 vart maksimumsgrensa sett opp til 95 pet. Under det ordinære statsskattevedtaket fekk ein samstundes serskatt på midel som og kom inn under avgrensingsregelen. Verneskatten som ein fekk i ei ny form dette året kom òg med.

I 1950 vart så den ekstraordinære skatten på midel slegen saman med den ordinære skatten. Denne siste endringa førde til ei hardare skattlegging sidan den lågare maksimumsgrensa som var nytta i samband med den ekstraordinære skatten på midel fall bort.

Den avgrensingsregelen som her er nemnt, hindrar likevel ikkje alltid at den samla skatten vert større enn den pårekna inntekta, sidan det berre er statsskatten på inntekt som eventuelt vert redusert. Ein skattytar med relativ stor midel og relativ lita eller inga inntekt, kan såleis koma over maksimumsgrensa etter denne avgrensingsregelen.

III. Statsskattelegginga av inntektstakarar som fell utanom det ordinære statsskattevedtaket.

Her er det spesielle statsskattevedtak for inntektstakarar på Svalbard og for sjøfolk.

S k a t t l e g g i n g a p å S v a l b a r d .

Skattlegginga her har heimel i «Lov om skatt til Svalbard på formue og inntekt» av 15. juli 1925. Etter denne lova skal det av Stortinget verta gjort eit spesielt skattevedtak for denne delen av riket.

Ved skattlegginga vert det gjort skilnad mellom skattlegging etter likning og skattlegging etter lønsfrådrag.

All inntekt som er skapt på Svalbard og som ikkje er arbeidsinntekt, vert skattlagt etter likning. Når skattytaren ikkje bur fast nokon annan stad enn på Svalbard, vert all inntekt skattlagt her så nær som inntekt av eiga utanom Svalbard.

Ved skattlegging etter lønsfrådrag, skal arbeidsgjевaren for alle som har

lønsinntekter eller får anna vederlag for arbeid på Svalbard, halda attende ein viss del av løna som skatt til staten.

Skattytarar på Svalbard skal ikkje svara statsskatt etter det ordinære statsskattevedtaket, alderstrygdavgift og krigspensjoneringsavgift av arbeidsinntekt på Svalbard. Dei skattytarane som har fast bustad i ein kommune i Noreg, skal svara skatt til denne kommunen etter dei vanlege skattelovene.

Det årlege skattevedtaket har stort sett vori det same i alle år så nær som for 1924, som var det første inntektsåret ein hadde eit spesielt skattevedtak for Svalbard. Året etter vart dei skatlefrie frådraga for personlege skattytarar endra.

For skattytarar på Svalbard varierar ikkje skatteprosenten med storleiken på den skatteberande inntekta. Ved skattlegging etter likning er skatten 10 pct. og ved skattlegging etter lønsfrådrag 4 pct. av den skatteberande inntekta. Dei skatlefrie klassefrådraga låg høgare på Svalbard enn elles i Noreg for alle skatteklassar til og med inntektsåret 1946. Endringane i dei skatlefrie frådraga for forsytingsplikt frå inntektsåret 1947 til inntektsåret 1950 etter det ordinære statsskattevedtaket, har ført til at i 1950 er dei skatlefrie frådraga på Svalbard mindre frå og med skatteklasse 3 og oppover enn dei tilsvarende frådraga etter det ordinære statsskattevedtaket.

S k a t t l e g g i n g a a v s j ø f o l k .

Etter «Lov om skattlegging av sjøfolk» av 21. mars 1947 skal Stortinget gjera eit spesielt skattevedtak som gjeld for personlege inntektstakarar som har å gjera med drifta av skip i utanlandsk fart, kystfart og lokalfart. Såleis går ikkje restaurantpersonale, lækarar, musikarar, o. l. som er tilsette på skip inn under denne lova. Vidare set kongen fast kva som skal reknast som kystfart og lokalfart og om fangstfolk og sjøfolk i fangstflåten og bergingsflåten skal gå inn under denne lova.

Grunngjevinga for den særskilte skattlegginga av sjøfolk, er først og fremst at det er urimeleg at sjømenn med like inntekter og like levevilkår skal få ulik skatt på grunn av dei økonomiske tilhøva i skattekommunen. Vidare vart det hevda at denne omlegginga ville føra til ei meir effektiv skattlegging.

Sjømannsskatten vert ikkje likna ut, men vert kravd inn ved at det vert gjort frådrag i løna. Sjøfolk som har arbeidsinntekt ein del av året i land eller som elles har inntekt i land, vert for denne delen av inntekta likna etter dei vanlege skattelovene. Her gjeld det likevel eit par serreglar.

I det årlege skattevedtaket om sjømannsskatt, vert det frå inntektsåret 1949 ikkje skilt mellom skatt av inntekt til staten og kommunane, og alderstrygd- og krigspensjoneringsavgift. All skatt som reiarlag eller skipsforarar krev inn, vert sendt til Sentraltrekk-kontoret for sjømenn. Sentraltrekk-kontoret sender så oppgjer til dei ulike kommunane og staten etter visse reglar. Såleis skal kommuneskatten frå inntektsåret 1949 vera 15 pct. av den skatteberande inntekta for innanlandske sjøfolk. Her er det likevel nå eit unnantak for kom-

munar som har fått godkjent eit høgare skattører enn det som er sett som maksimumsgrense i skattelovene. Alderstrygdavgifta og krigspensjoneringsavgifta vert rekna ut på grunnlag av den skatteberande inntekta og ikkje som elles etter den pårekna inntekta. I staden vert alderstrygdavgifta og krigspensjoneringsavgifta rekna ut etter ein høgare prosent. Det som då er att av sjømannsskatten vert rekna som statsskatt på inntekt.

Ved skattlegginga vert ikkje verdet av kost og losji ombord rekna med som inntekt. Kostnader i samband med inntektsskapning i land, kan ikkje dragast frå i samband med sjømannsskatten utan i visse høve. Elles gjeld stort sett dei same frådragsreglane som etter dei vanlege skattelovene.

Sjømannsskatten vert rekna ut på grunnlag av månadsinntekta. Frå denne inntekta dreg ein det månadlege klassefrådraget. Vidare vert andre skatlefrie frådrag på førehand rekna ut på årsbasis og så drege frå med like store månadlege frådrag. I det årlege skattevedtaket for sjøfolk er skatten frå inntektsåret 1949 rekna ut i kroner etter ein detaljert tabell for skatteberande månadsinntekter under 2 200—2 250 kroner. For den delen av inntekta som ligg over denne grensa skal det betalast skatt etter ein skatteprosent som ikkje varierar med storleiken på inntekta.

IV. Annan direkte statsskatt på inntekt.

Ein skal her gi eit kort oversyn over inntektsskattar til staten som ikkje går inn under det ordinære statsskattevedtaket.

A l d e r s t r y g d a v g i f t a .

I lov om alderstrygd av 16. juli 1936 heiter det at det skal svarast ei avgift på 1.2 pct. til Aldersfondet av den pårekna inntekta når denne inntekta er over 1 200 kroner for inntektstakarar som bur i byar og 1 000 kroner for inntektstakarar som bur på landet. Denne skatten er altså ikkje bunden av frådraga for forsyttingsplikt. Frå inntektsåret 1936 til og med inntektsåret 1945 var inntektsgrensa 800 kroner i byar og 600 kroner på landet, og frå inntektsåret 1936 til og med inntektsåret 1947 var avgifta på 1 pet. Alderstrygdavgifta for personlege inntektstakarar vert berre likna ut på dei mellom 18 og 69 år. For ektefolk som vert likna under eitt, vert alderen til mannen lagt til grunn. Alderstrygdavgifta fell likevel ikkje alltid direkte på personlege inntektstakarar. Kommunane betalar såleis ofte alderstrygdavgifta som fell på dei inntektstakarane som har så små inntekter at dei ikkje betalar kommuneskatt, men som likevel har så store inntekter at dei er pliktige til å svara denne avgifta. Selskap og andre institusjonar skal og betala alderstrygdavgift.

A v g i f t t i l A r b e i d e r f o n d e t .

I «Midlertidig lov om arbeiderfondet» av 8. april 1938 står det at det skal betalast avgift til eit fond der midelen skal nyttast til alders- og uførepensjon og som stønad til arbeidarar som vert arbeidslause.

Fondet er eit eige rettssubjekt og avgifta til dette fondet går difor ikkje som inntekt til statskassa.

Dei som skal betala avgift til Arbeiderfondet er stort sett berre selskap og enkeltmannsforetak i industri, skipsfart og handel som har ein nettokapital på over 100 000 kroner og som har folk i arbeid. Personlege skatttytarar, det vil her seia enkeltmannsforetak, skal svara avgift til dette fondet dersom overskottet i eit år er over 10 pct. av nettomidelen. Avgifta er då på 5 pct. av den delen av overskotet som ligg over denne grensa. Her er det likevel eit etterhald. Dersom foretaka set av kapital til fond eller dersom det vert sett i verk trygdeordningar som tryggjer arbeidarane, skal desse kostnadene kunna verta dregne frå avgifta til Arbeiderfondet.

Første gongen denne avgifta vart kravt inn var for inntektsåret 1937 og siste gong for inntektsåret 1943. Seinare er det gjort årlege vedtak om at denne avgifta ikkje skal krevjast inn.

K r i g s p e n s j o n e r i n g s a v g i f t a .

Etter «Forordning om krigspensjonering for sivilpersoner» av 9. des. 1941 skulle det krevjast inn ei krigspensjoneringsavgift på 10 pct. av alderstrygdavgifta frå og med inntektsåret 1941. Frå inntektsåret 1946 har den same avgifta vorti kravt inn på grunnlag av «Lov om krigspensjonering av hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner» av 13. des. 1946 med 1 promille av pårekna inntekt.

V e r n e s k a t t .

26. januar 1940 vart det vedteki ei lov som gav høve til utskriving av verneskatt på midel og inntekt. Skattevedtaket kom den 15. mars same året og skulle gjelda for inntektsåret 1938. Denne skatten vart likevel ikkje kravt inn.

For inntektsåret 1947 vart det likna ut verneskatt både på inntekt og midel. I vedtaket om verneskatt heitte det:

«Når inntekten overstiger

kr.	7 900 for skattepliktige i kl. 1,
»	10 500 » » » 2,
»	12 100 » » » 3,
»	13 800 » » » 4, osv.

skal verneskatten skrives ut med et beløp som minst svarer til 12.5 pct. av den utlignede ordinære skatt til staten av formue og inntekt. Når inntekten overstiger

kr.	4 900 for skattepliktige i kl. 0,
»	8 900 » » » 1,
»	11 500 » » » 2,
»	13 100 » » » 3,
»	14 800 » » » 4,

skal verneskatten skrives ut med et beløp som minst svarer til 25 pct. av den utlignede ordinære statsskatten på formue og inntekt. Skatt som blir beregnet etter reglene i dette ledd skal dog ikke overstige halvparten av den del av den inntekt som ligg over grensen etter første punktum for skattepliktige i klasse 1 og høyere klasser eller over grensen etter annet punktum for skattepliktige i klasse 0. Når skatt blir beregnet etter reglene i dette ledd, skal heller ikke i noe tilfelle en stigning i den skattbare inntekt på kr. 100 medføre en stigning i skatobeløpet på mer enn kr. 50.»

Som tidlegare nemnt vart maksimumsgrensa for skattlegging i det ordinære statsskattevedtaket ikkje nytta i samband med denne verneskatten.

Neste gong verneskatten vart likna ut, var for inntektsåret 1949. Nå vart verneskatten på 10 pct. av skatten etter det ordinære skattevedtaket, altså 10 pct. av skatten på inntekt og midel. I staden for etter dette vedtaket å nytta inntektsgrenser som for 1947, vart det nå slegi fast at verneskatt ikkje skulle liknast ut dersom denne skatten vart mindre enn 20 kroner. Når ein her tek omsyn til avrundingsreglane, er dette det same som at verneskatten berre vart likna ut dersom den samla skatten etter det ordinære statsskattevedtaket var over 195 kroner. I motsetnad til vedtaket for 1947, kom nå verneskatten inn under maksimumsgrensa.

Vedtaket om verneskatten kom for inntektsåret 1950 inn under det ordinære statsskattevedtaket¹. Ein fekk då ei detaljendring ved at den ordinære skatten på eiga og inntekt måtte vera over 200 kroner skulle det kunna verta likna ut verneskatt.

S e r s k i l t s k a t t t i l s t a t e n p å i n n t e k t s s t i g i n g .

Denne skatten vart likna ut på inntekt i åra 1940—1943. Dette var ein skatt som skulle falla på ekstraordinær inntektsstiging og ikkje på inntektsstiging som kunne kallast normal. Såleis fall det m. a. ikkje nokon skatt på inntektsauke i jordbruk, skogbruk, fiske eller på inntektsauke som skreiv seg frå endringar i tariffavtalar o. l. Denne skatten var sterkt progressiv. Det vart difor her ført inn ein serskild avgrensingsregel.

K r i g s s k a d e a v g i f t a .

Denne skatten vart likna ut på inntekt og midel for inntektsåra 1945 og 1946 for å dekkja utgifter i samband med krigsskadeoppgeret. Sjølvé skattevedtaket om krigsskadeavgifta på inntekt var om lag det same som verneskatten for inntektsåret 1947 (jfr. s. 140), men med det unnantaket at inntektsgrensene var lågare, noko som førde til at krigsskadeavgifta på inntekt vart høgare enn verneskatten i 1947.

«H j e l p e f o n d e t f o r n æ r i n g s l i v e t . »

I «Forordning» av 1. mars 1943 om: «Avgift til hjelpefond til utlikning og fordeling av urimelige byrder og tap som voldes ved gjennomføringen av lov av 22. februar 1943 om alminnelig nasjonal arbeidsinnsats» heitte det at det skulle svarast ei avgift på 1 pct. av den pårekna inntekta når inntekta var over 5 000 kroner. Denne avgifta fall berre på selskap og på dei fleste sjølvstendig næringsdrivande så nær som jordbrukarar, skogeigarar og fiskarar. Avgifta vart likna ut for inntektsåra 1941 og 1942. Etter frigjeringa gjorde Stortinget vedtak om at avgift som ikkje var betalt 8. mai 1945, skulle falla bort. Avgift som var

¹ I det ordinære statsskatteframlegget for 1951 er verneskatten arbeidd inn i skattekortet.

betalt etter dette tidspunktet, vart refundert. Grunnen til dette var nok at avgiftsvedtaket vart sabotert under krigen.

V. Skattlegging av nordmenn som var ute under krigen.

Nordmenn som hadde løn av staten eller norske institusjonar vart skattlagde ved lønstrekk. Dette skattevedtaket kom som eit provisorisk vedtak i desember 1941. Tidlegare hadde ein prøvt seg med ei friviljug ordning. Etter eit frådrag på £ 25 av månadsløna, var skattetrekket stort sett på 10 pct. for personar med forsytingsplikt og 15 pet. for personar utan forsytingsplikt.

Ei liknande trekkordning galdt for sjømenn. Denne ordninga bygde frå først av på ein avtale som vart gjort i mai 1940 mellom sjømannsorganisasjonane og Nortraship. Trekket var i den første tida på 15 pct. av bruttoløna. Seinare vart trekket sett ned til 10 pet. for sjømenn med forsytingsplikt. Denne trekkordninga for sjømenn sto ved lag til i 1947 då ein fekk «Lov om skattlegging av sjøfolk».

VI. Samanlikning av statsskattelegginga for inntektsåra 1938, 1949 og 1950 etter det ordinære skattevedtaket.


I figurane 1—5 har ein gitt grafiske framstellingar i halvlogaritmisk skala av skatt i prosent av pårekna inntekt opp til 37 000 kroner for skatteklassane 1—5. I figur 6 har ein gjeve ei tilsvarende framstelling for inntekter opp til 370 000 kroner i skattekasse 3. Grunnen til at ein her nyttar halvlogaritmisk skala, er at ein så mykje lettare kan samanlikna progresjonen i skattesatsane ved å sjå på hellinga til kurvene. Same helling gir nemleg her uttrykk for like sterkt progresjon. Hadde ein gitt ei grafisk framstelling i absolutte tal, ville hellinga til kurvene for like sterkt progresjon variert med høgda på skattesatsane. For 1938 har ein gitt kurver for skatteprosent av nominell pårekna inntekt og skatt i prosent av pårekna inntekt i 1950-kr. for å kunna samanlikna den reelle skattlegginga i 1938 og 1950.

Ein har då utan vidare rekna om ulike store nominelle inntekter i 1938 til 1950-kr. etter levekostnadsindeksen. Dersom levekostnadene faktisk ikkje har stigi på same måten for ulike store inntekter, har ein her fått inn feilkjelder. Ein annan ting som ein må vera merksam på, er at skatten som regel ikkje vert betalt av den inntekta som skatten er lagt på, men av inntekt i seinare år. Under eit stigande prisnivå vil dette alltid føra til at skatten reelt vert mindre enn om han skulle verta betalt med det same. Det er difor eit spørsmål om ein ikkje ved samanlikninga av den reelle skattlegginga burde rekna skatten om etter kroneverdet på dei tidspunkta han vert betalt.

I denne samanlikninga har ein valt berre å sjå på skatt etter det ordinære statsskattevedtaket med unnantak for verneskatten i 1950. Desse kurvene gir difor ikkje uttrykk for samla skatt til staten av inntekt. Såleis får ein ikkje


Skatt i %.

Fig. 1. Skatt i prosent av pårekna inntekt i skattekasse I for inntektsåra 1938, 1949 og 1950.



Skatt i %.


Fig. 2. Skatt i prosent av pårekna inntekt i skattekasse II for inntektsåra 1938, 1949 og 1950.



Skatt i %.


Fig. 3. Skatt i prosent av pårekna inntekt i skattekasse III for inntektsåra 1938, 1949 og 1950.

19




Skatt i %.

Fig. 4. Skatt i prosent av pårekna inntekt i skattekasse IV for inntektsåra 1938, 1949 og 50.




Skatt i %.

Fig. 5. Skatt i prosent av pårekna inntekt i skattekasse V for inntektsåra 1938, 1949 og 1950.



Skatt i %

Fig. 6. [Skatt i prosent av pårekna inntekt i skattekasse III for inntektsåra 1938, 1949 og 1950.]



Tabell 5. Samanlikning av den nominelle skattinga av inntekt i skatteklassane 1—5 for åra 1938 og 1950.

	Område på skalaen for pårekna inntekt der den nominelle skatten i 1950 samanlikna med 1938 er:			
	mindre	større	mindre	større
Nominell skatt i skatteklasse 1 i 1950 mindre eller større enn nominell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—7 600	7 700—11 300	11 400—∞
» 2	0—∞	.	.
» 3	0—∞	.	.
» 4	0—∞	.	.
» 5	0—∞	.	.
Nominell skatt i skatteklasse 2 i 1950 mindre eller større enn nominell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—15 100	15 200—∞		
» 2	0—3 900	4 000—4 600	4 700—14 600	14 700—∞
» 3	0—∞	.	.
» 4	0—∞	.	.
» 5	0—∞	.	.
Nominell skatt i skatteklasse 3 i 1950 mindre eller større enn nominell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—20 700	20 800—∞	.	.
» 2	0—19 900	20 000—∞	.	.
» 3	0—19 300	19 400—∞	.	.
» 4	0—18 700	18 800—∞	.	.
» 5	0—18 000	18 100—∞	.	.
Nominell skatt i skatteklasse 4 i 1950 mindre eller større enn nominell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—26 600	26 700—∞	.	.
» 2	0—25 500	25 600—∞	.	.
» 3	0—24 400	24 500—∞	.	.
» 4	0—23 300	23 400—∞	.	.
» 5	0—22 300	22 400—∞	.	.
Nominell skatt i skatteklasse 5 i 1950 mindre eller større enn nominell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—33 100	33 200—∞	.	.
» 2	0—31 500	31 600—∞	.	.
» 3	0—30 200	30 300—∞	.	.
» 4	0—29 300	39 400—∞	.	.
» 5	0—28 400	28 500—∞	.	.

Tabell 6. Samanlikning av den reelle skattelegginga av inntekt i skatteklassane 1—5 for åra 1938 og 1950.

	Område på skalaen for pårekna ¹ inntekt i 1950-kroner der den reelle skatten i 1950 samanlikna med 1938 er:			
	mindre	større	mindre	større
Reell skatt i skatteklasse 1 i 1950 mindre eller større enn reell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—∞	.	.
» 2	0—∞	.	.
» 3	0—∞	.	.
» 4	0—∞	.	.
» 5	0—∞	.	.
Reell skatt i skatteklasse 2 i 1950 mindre eller større enn reell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—3 300	3 400—3 500	3 600—∞
» 2	0—∞	.	.
» 3	0—∞	.	.
» 4	0—∞	.	.
» 5	0—∞	.	.
Reell skatt i skatteklasse 3 i 1950 mindre eller større enn reell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—3 300	3 400—15 800	15 900—∞
» 2	0—3 300	3 400—5 900	6 000—7 600
» 3	7 700—15 300	15 400—∞
» 4	0—3 300	3 400—3 700	3 800—9 600
» 5	9 700—14 400	14 500—∞
Reell skatt i skatteklasse 4 i 1950 mindre eller større enn reell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—18 600	18 700—∞	.	.
» 2	0—17 600	17 700—∞	.	.
» 3	0—17 100	17 200—∞	.	.
» 4	0—16 800	16 900—∞	.	.
» 5	0—4 900	5 000—10 500	10 600—16 100	16 200—∞
Reell skatt i skatteklasse 5 i 1950 mindre eller større enn reell skatt i 1938 i:				
skatteklasse 1	0—22 100	22 200—∞	.	.
» 2	0—21 100	21 200—∞	.	.
» 3	0—20 400	20 500—∞	.	.
» 4	0—19 500	19 600—∞	.	.
» 5	0—18 900	19 000—∞	.	.

¹ Pårekna inntekt er rekna om til 1950-kroner etter levekostnadsindeksen og runda av oppover til nærmeste 100 kroner. 100 1938-kroner = 167 1950-kroner.

med alderstrygds- og krigspensjoneringsavgifta og verneskatten i dei åra ein her samanliknar. Når det gjeld verneskatten, måtte ein gi alternative framstellingar for mindre inntekter sidan skatten her er bunden saman med skatt på midel.

Som det går fram av dei grafiske framstellingane er det eit heller komplisert biletet ein får av endringane i skattlegginga. Dessutan kan ein i den same figuren ikkje samanlikna skattlegginga i dei ulike skatteklassane. I tabell 5 og 6 har ein difor gitt oppstellingar som viser endringane i storleiken på dei nominelle og reelle skattane for 1938 til 1950 i ulike skatteklasser. Ved samanlikninga av den reelle skattlegginga har ein i tabell 6, ved omrekninga av klassefrådragene og den pårekna inntekta i 1938 til 1950-kr., runda av o p p o v e r til nærmeste hundre kroner, sidan dei faktiske inntektene i 1938 er runda av n e d o v e r til nærmeste hundre kroner. Vidare har ein i tabell 7 gitt ei samanlikning av den nominelle og reelle skatten i prosent av pårekna inntekt i 1938 og 1950 for skatteklassane 1—5.

Ved samanlikninga av skattlegginga skal ein nyttja dei grafiske figurane og tabell 5 og 6 i samband med tabellane 1—4. Men for å kunna gi eit generelt biletet av endringane i skattlegginga skal ein først sjå på endringane i den nominelle marginalskatten. Ein vil då få eit klårare biletet av verknadene av endringar i skattefrie klassefrådrag, minstegrenser for skattlegging, grunntabellen, frådrag i skatt i staden for klassefrådrag og prosentvise tillegg.


D e n n o m i n e l l e s k a t t l e g g i n g a i 1 9 3 8 , 1 9 4 9 o g 1 9 5 0 .

Med marginalskatt meiner ein den auke i skatt som fell på ein liten auke i den skatteberande inntekta. Sidan inntekta etter det ordinære skattevedtaket vert runda av nedover til nærmeste 100 kroner, definerer ein her marginalskatten som den skatten i kroner og øre, eller i prosent, som ein får ved ein auke i inntekta på 100 kroner.

Ser ein på den skatteteknikken som er nyttta i det ordinære statsskattevedtaket, går det fram med unnantak for skatteklasse 1 frå 1941 til 1947 at her er det sett fast kor stor marginalskatten skal vera i ulike inntektsintervall av den pårekna inntekta. Dette er vist i figur 7 der det er gitt ei grafisk framstelling som gjeld skatteklasse 3 i 1938 og 1950.

Det inntektsintervallet der marginalskatten er null, er det same som det skattefrie klassefrådraget eller lik inntekta under minstegrensa for skattlegging. Dersom minstegrensa for skattlegging ligg høgare enn det skattefrie klassefrådraget, vert marginalskatten for det første hundre av den pårekna inntekta i neste inntektsintervall lik den samla skatten som fell på den inntekta som ligg mellom minstegrensa for skattlegginga og det skattefrie klassefrådraget. Dette er grunnen til at marginalskatten i 1938 i skatteklassane 1, 2 og 3 for inntekt mellom 2 000 kroner og 2 100 kroner ligg høgare enn marginalskatten frå 2 100 kroner til neste inntektsintervall. Fylgjer ein den nedste brotne lina frå 2 100 kroner i figurane for 1938 og 1950, gir dette den grafiske framstellinga for grunntabellen. Den nedste brotne lina i figuren viser

Skatt i %. Fig. 7. Marginalskatt i skatteklasse III for inntektsåra 1938 og 1950.



altså marginalskatten som fell på ulike store inntekter som fylgje av skattefritt klassefrådrag, minstegrense for skattlegging og grunntabellen.

Dei felta i figuren for 1950 som er kryss-skraverte, viser auken i marginalskatt som skriv seg frå at ein i staden for å gi skattefritt klassefrådrag gir frådrag i skatt. Som det går fram av figuren, fører dette til ein sterk auke i progresjonen i skattesatsane ved at ein går forbi inntektsintervall i grunntabellen og/eller ved at ein gjer inntektsintervall kortare. Såleis har dette for skattekasse 3 i 1950 ført til at marginalskatten eksklusiv det prosentvise tillegget for ei pårekna inntekt på 15 300 auka frå 12 pct. til 22 pct. mot elles 12 pct. til 15 pct.

Til slutt har ein dei felta som er skravert frå venstre oppover mot høgre. Desse viser auken i marginalskatt som fylgjer av dei prosentvise tillegga.

Som det går fram av figuren har diskontinuiteten (skildnadene i marginalskatten ved overgangen frå eit inntektsintervall til eit anna) i skattesatsane auka på grunn av dei prosentvise tillegga og serleg på grunn av frådrag i skatt i staden for klassefrådrag.

Det generelle biletet av endringa i den nominelle skattlegginga er dette:

Auken i dei skattefrie klassefrådraga har dregi i retning av ei lettare skattlegging. Denne tendensen har vori sterkare di større forsytingsplikta er, sidan klassefrådraga frå 1947 har auka progressivt med forsytingsplikta. Når ein kjem høgt opp i inntekt, vert likevel verknadene av regelen om frådrag i skatt i staden for skattefritt frådrag at skatten vert større enn etter den framgangsmåten som tidlegare vart nytta. Ser ein på endringane i grunntabellane og endringane i dei prosentvise tillegga, er verknaden av endringane meir innfløkte. Marginalskatten i det første inntektsintervallet har auka, noko som har dregi i retning av å auka skatten for dei minste inntektstakarane. Denne verknaden har likevel vorti meir enn oppvegen av dei større skattefrie frådraga så nær som for skattekasse 1 og for inntekter i skattekasse 2 mellom 4 000—4 500 kroner. Men samstundes som marginalskatten i det første inntektsintervallet har auka, har dette inntektsintervallet vorti gjort lengre, noko som har dregi i retning av å minska skatten. Dette saman med at marginalskatten i dei nærmast fylgjande inntektsintervalla ikkje aukar så sterkt som i 1938, er stort sett forklåringa på den relativt sterke nedgangen i skattlegginga av middels store inntekter i 1950 samanlikna med 1938. Samanliknar ein skattlegginga i 1949 og 1950 er forklåringa på den relativt sterke nedgangen i skattlegginga av middels store inntekter (jfr. figurane 1—5) først og fremst at det første inntektsintervallet i 1950 med unntak for skattekasse 1 og 2 er gjort lengre samstundes som marginalskatten for skatteberande inntekter opp til 12 000 kroner etter grunntabellen er mindre i 1950 enn i 1949. Av tabell 3 går det fram ved samanlikning mellom skattlegginga i 1950 og 1938, at frå skatteberande inntekter over 13 000 kroner var marginalskatten høgare i 1950 enn i 1938. Dette heng først og fremst saman med at det i 1950 vart nytta svært korte inntektsintervall i grunntabellen for skatteberande inntekter mellom 9 000—15 000 kroner. Med andre ord vart

progresjonen i skattesatsane sterkare jamvel om diskontinuiteten i skattesatsane vart mindre. Dette førde med seg at skatteletten, som fylgte av større skattefrie frådrag og mindre progresjon i skattesatsane, for den første delen av den skatteberande inntekta, vart meir en oppvegen slik at skatt i prosent av pårekna inntekt kom til å liggja høgare i 1950 enn i 1938 for litt større inntekter. Av tabell 5 går det såleis fram at skatten i 1950 vart høgare enn skatten i 1938 ved ei inntekt på 11 400 kroner i skatteklass 1, 14 700 kroner i skatteklass 2, 19 400 kroner i skatteklass 3 og så vidare oppover for høgare skatteklassar. Denne auken i progresjonen for litt større inntekter, vart gjort endå sterkare ved at det i 1950 vart gitt frådrag i skatt i staden for skattefrådrag for inntekter over visse grenser. Som det går fram av tabell 5, førde denne sterkare progresjonen i skattesatsane til at skattlegginga av større inntekter i 1950 var høgare enn i 1938 same kva skatteklass ein samanliknar med i dette året.

Ser ein på skattlegginga i dei einskilde skatteklassane, er det generelle biletet ein får at den nominelle skatteletten for små inntekter har vori minst for skattytarar med lita forsytingsplikt. (For skatteklass 1 har ein stort sett ikkje hatt nokon skattelette på små inntekter) og størst for skattytarar med stor forsytingsplikt. Samstundes har og den nominelle skattlegginga for større inntekter vori størst for skattytarar med lita forsytingsplikt og minst for skattytarar med stor forsytingsplikt. Desse ulike endringane frå skatteklass til skatteklass skriv seg først og fremst frå den ulike auken i frådraga for forsyningsplikt og dei ulike prosentvise tillegga.

Den reelle skattlegginga i 1938, 1949 og 1950.

Frå 1938 til 1950 har ein etter levekostnadsindeksen hatt ei stiging i levekostnadene på snautt 70 pct. Samanlikna med 1950 er difor den reelle skattlegginga i 1938 linnare enn det den nominelle skattlegginga for dette året viser. Av figurane 1—5 går det såleis fram at kurvene for 1938 i 1950-kroner ligg lågare enn dei tilsvarande kurvene i 1938-kroner. Frå ein teknisk synstad kjem dette av at kvart punkt på kurvene for den nominelle skattlegginga i 1938 er dregen mot høgre ved at dei nominelle inntektene ved omrekninga til 1950-kroner har vorte auka med snautt 70 pct. Dette har ført til at den delvis linnare nominelle skattlegginga i 1950 samanlikna med 1938, har vorti meir eller mindre illusorisk.

Såleis var dei reelle frådraga i den pårekna inntekta for forsyingsplikt mindre for skatteklassane 1, 2 og 3 i 1950 enn i 1938. Dette kjem først og fremst av at minstegrensa for skatteplikt ikkje har vorti hevja i dette tidsrommet. For høgare skatteklassar var auken i dei skattefrie frådraga meir enn store nok til å vega mot den reelle nedgangen i desse p. gr. a. prisstiginga.

Av figurane 1—6 og tabellane 5 og 6 går det fram at dei områda på inntektsskalaen der den nominelle skatteloggginga i 1950 var lågare enn i 1938, anten har forsvunni eller vorti mykje mindre ved omrekninga av 1938 inntektene til 1950-kroner. Samstundes har dei områda på inntektsskalaen der skatten i 1950 var høgare enn i 1938 vorti større.

Tabell 7. Nominell og reell skatt i 1938 og 1950 i prosent av pårekna inntekt.

Pårekna inntekt	Skatt i prosent av pårekna inntekt														
	Skatteklass 1			Skatteklass 2			Skatteklass 3			Skatteklass 4			Skatteklass 5		
	1938 av inn- tekt i 1938- kroner	1938 av inn- tekt i 1950- kroner	1950 av inn- tekt i 1950- kroner	1938 av inn- tekt i 1938- kroner	1938 av inn- tekt i 1950- kroner	1950 av inn- tekt i 1950- kroner	1938 av inn- tekt i 1938- kroner	1938 av inn- tekt i 1950- kroner	1950 av inn- tekt i 1950- kroner	1938 av inn- tekt i 1938- kroner	1938 av inn- tekt i 1950- kroner	1950 av inn- tekt i 1950- kroner	1938 av inn- tekt i 1938- kroner	1938 av inn- tekt i 1950- kroner	1950 av inn- tekt i 1950- kroner
Kr.	Pct.														
1 000	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
2 000	1.57	—	1.75	0.86	—	—	0.29	—	—	—	—	—	—	—	—
3 000	2.00	—	2.47	1.53	—	1.23	1.14	—	—	0.76	—	—	0.38	—	—
4 000	2.29	1.79	2.83	1.86	1.19	1.88	1.57	0.72	0.73	1.29	0.24	—	1.00	—	—
5 000	2.97	2.00	3.04	2.40	1.53	2.24	1.94	1.14	1.30	1.60	0.76	0.34	1.37	0.38	—
6 000	3.44	2.15	3.70	2.95	1.75	2.50	2.57	1.43	1.68	2.19	1.11	0.87	1.81	0.79	0.05
7 000	3.93	2.45	4.17	3.42	1.91	2.67	3.05	1.63	1.96	2.70	1.36	1.23	2.37	1.09	0.51
8 000	4.64	2.86	4.53	4.04	2.26	3.16	3.56	1.79	2.16	3.15	1.55	1.51	2.83	1.31	0.86
9 000	5.20	3.18	5.11	4.67	2.65	3.52	4.24	2.22	2.32	3.81	1.80	1.72	3.38	1.48	1.13
10 000	5.68	3.44	5.58	5.17	2.96	3.83	4.78	2.57	2.45	4.39	2.19	1.90	4.01	1.81	1.40
11 000	6.35	3.72	6.22	5.76	3.23	4.31	5.29	2.86	2.55	4.87	2.51	2.05	4.52	2.17	1.53
12 000	6.90	4.09	7.10	6.36	3.50	4.71	5.93	3.14	2.80	5.49	2.78	2.16	5.06	2.46	1.68
13 000	7.37	4.52	8.17	6.87	3.90	5.25	6.47	3.40	3.19	6.07	3.07	2.35	5.67	2.73	1.81
14 000	7.77	4.88	9.39	7.31	4.31	6.54	6.94	3.85	3.70	6.56	3.39	2.67	6.19	3.00	1.92
15 000	8.14	5.20	10.81	7.68	4.67	8.01	7.34	4.24	4.37	6.99	3.81	3.10	6.65	3.38	2.17
16 000	8.64	5.48	12.06	8.13	4.98	9.29	7.73	4.58	5.59	7.37	4.17	3.66	7.04	3.77	2.53
17 000	9.08	5.83	13.16	8.61	5.26	10.44	8.23	4.88	6.82	7.85	4.50	4.60	7.47	4.12	2.99
18 000	9.48	6.23	14.14	9.03	5.62	11.44	8.67	5.14	7.91	8.31	4.79	5.75	7.95	4.43	3.62
19 000	9.83	6.58	15.02	9.40	6.01	12.34	9.06	5.56	8.88	8.72	5.10	6.78	8.38	4.70	4.70
20 000	10.15	6.90	15.81	9.74	6.36	13.16	9.42	5.93	9.75	9.09	5.49	7.71	8.77	5.06	5.68
25 000	11.75	8.14	18.81	11.38	7.68	16.25	11.08	7.34	13.08	10.78	6.99	11.22	10.48	6.65	9.38
30 000	12.97	9.44	21.37	12.62	8.99	18.82	12.35	8.63	15.78	12.08	8.26	14.03	11.83	7.90	12.29
40 000	15.02	11.43	24.99	14.73	11.04	22.44	14.50	10.73	19.52	14.28	10.42	17.88	14.07	10.11	16.26
50 000	16.68	12.95	27.83	16.45	12.60	25.23	16.26	12.32	22.33	16.07	12.06	20.75	15.89	11.81	19.17
75 000	19.92	15.93	33.58	19.73	15.67	30.77	19.58	15.46	27.77	19.43	15.25	26.17	19.28	15.04	24.58
100 000	22.26	18.11	37.71	22.11	17.90	34.72	21.99	17.73	32.29	21.87	17.56	31.01	21.75	17.38	29.73
200 000	28.22	23.67	48.22	28.12	23.53	44.63	28.05	23.42	43.41	27.97	23.31	42.77	27.90	23.21	42.13
300 000	32.04	27.17	55.01	31.97	27.06	50.98	31.92	26.98	50.18	31.86	26.90	49.75	31.80	26.81	49.32
400 000	35.14	29.85	59.46	35.08	29.77	55.14	35.03	29.70	54.53	34.99	29.64	54.21	34.94	29.57	53.89
500 000	37.94	32.01	62.13	37.88	31.94	57.63	37.84	31.89	57.15	37.80	31.83	56.89	37.76	31.77	56.63
1 000 000	48.42	40.54	67.46	48.39	40.49	62.62	48.37	40.46	62.37	48.34	40.42	62.24	48.32	40.38	62.12

Frå 1949 til 1950 steig levekostnadsindeksen med 5.3 pct. Dette drog i retning av ei hardare reell skattlegging og gjorde den nominelle skatteletten frå 1949 til 1950 meir eller mindre illusorisk for mange av skattytarane.

VII. Sluitmerknader.

Som det skulle gå fram av utgreiinga om skatteteknikken som vert nytta ved skattlegging av inntekt etter det ordinære statsskattevedtaket, er denne teknikken ikkje så lite innfløkt. Såleis må ein faktisk nytta 4 ulike tabellar for å kunna rekna ut kor mykje skatt det fell på ulike skattytarar.¹

På grunnlag av desse tabellane kan ein byggja opp ein tabell for kvar skatteklasseside. I figur 7 har ein såleis gitt ei grafisk framstelling av skattetabellen for skatteklasseside 3 i 1938 og 1950. Tabellane for dei ulike skatteklassane vert svært enkle sidan dei får den same oppbygnaden som ein grunntabell. Den seier med andre ord kor stor den samla marginalskatten skal vera i ulike inntektsintervall. Det er såleis ikkje naudturveleg å spesifisera prosentvise tillegg og frådrag i skatt i staden for skattefritt frådrag. Minstegrenser for skattlegging og skattefrie frådrag vil i tabellane for dei ulike skatteklassane, når ein går ut frå den pårekna inntekta, koma som det første inntektsintervallet der skatteprosenten er lik null.

Dei ulike tabellane for kvar einskild skatteklasseside, som ein på denne måten kan koma fram til på grunnlag av skattevedtaket, kan slåast saman til ein tabell. Ein slik tabell vil likevel verta lite oversynleg sidan ein her måtte ha mange inntektsintervall. Men med mindre endringar, t. d. i skattevedtaket for inntektsåret 1950, som ikkje ville ha nokon serleg innverknad på skatt i prosent av pårekna inntekt, hadde det vori råd å koma fram til ein enkel tabell. Det skulle med andre ord ikkje vera naudturveleg å nytta ein så innfløkt skatteteknikk som den som går fram av det årlege statsskattevedtaket. Ein ville truleg då lettare kunna koma bort frå ting som vanskeleg kan forsvaraast frå ein teoretisk synstad, t. d. den brå auken i marginalskatten i dei ulike skatteklassane p. gr. a. frådrag i skatt i staden for skattefrie frådrag og det at skildnaden i skatt i skatteklasseside 1 og 2 for store inntekter var så mykje større i 1950 enn skildnaden i skatt for store inntekter i skatteklassane 2 og 3, 3 og 4 osb. Såleis måtte ein skattytar i skatteklasseside 1 med ei inntekt på 500 000 kroner i 1950 betala ein statsskatt på inntekt som var vel 20 000 kroner større enn det ein skattytar i skatteklasseside 2 måtte betala samstundes som skildnaden i stats-skatt mellom skatteklasseside 2 og 3 var på ca. tiendeparten, altså på vel 2 000 kroner. Slike ting som dette er truleg meir ei fylgje av den skatteteknikken som vert nytta enn av ein medveten skattepolitikk.

¹ I framlegget til statsskattevedtak for budsjettåret 1952/53 er det gjort store endringar i skatteteknikken. Det er såleis gjort framlegg om at den ordinære statsskatten på inntekt skal reknast ut i prosent av den pårekna inntekta for inntekter opp til 20 000 kroner. For større inntekter er det sett opp ein tabell som viser marginalskatten i dei ulike skatteklassane.

Inntektsverknaden av skattlegging og av avkortingsreglane i offentlege trygder og pensjonsordningar.¹

Av sekretær Leiv Vidvei.

I. Innleiing.

I ein del offentlege trygder og pensjonsordningar er det reglar som seier at dersom ein har ein viss midel eller ei viss inntekt utanom dei maksimale ytingane frå trygdene og pensjonsordningane, kan eller skal desse ytingane setjast ned. Slike reglar skal ein her kalla for avkortingsreglar.

For den einskilde pensjonisten verkar ei avkorting i ytingar frå trygde- eller pensjonsordningar ved ein inntektsauke på same måten som ei skattlegging av inntektsauken. Ein kan difor sjå på avkortinga i ytingane som ei form for skattlegging på sida av dei vanlege skattane.

Avkortingsreglane finn ein i slike trygde- og pensjonsordningar som gjev ytingar over ei årrekke, t. d. alderstrygda, uførretrygder, alderspensjonar osb. I private trygde- og pensjonsordningar finst det truleg òg liknande avkortingsreglar. Her skal ein likevel berre omtala reglane i pensjonsordningane til staten og kommunane.

I denne artikkelen skal ein først gjeva eit utsyn over ymse avgrensingsreglar. Så skal ein sjå på desse reglane frå ein skattleggingssynsstad. Deretter vil ein gå noko inn på kva verknader desse reglane kan ha på arbeidsvilje, sparevilje osb.

II. Utsyn over avkortingsreglane.

Bakgrunnen for avkortingsreglane har nok først og fremst vore å spara på dei offentlege utgiftene. Det er med andre ord eit finansielt resonnement som serleg ligg til grunn for innføringa av desse reglane.

Dei sosiale synspunkta, som er gjort gjeldande ved utforminga av avkortingsreglane, kan ein kanskje dela i to grupper. I nokre avkortingsreglar er hovudvekta lagt på kva evne ein sjølv har til å skaffa seg inntekt. Her vert altså ytingane først og fremst avkorta etter kva arbeidsevne eit individ er meint å ha til sjølv å skaffa seg inntekt. I andre avkortingsreglar er hovudvekta lagt på kor stor inntekta og midelen er.

Ut frå begge desse sosiale synspunkta er det teke sikte på å yta stønader til dei som treng hjelpe mest innan dei ymse trygdeordningane. Men sidan dei

¹ Denne artikkelen er utarbeidd ved Kontoret for skatteforskning.

ulike trygde- og pensjonsordningane gjeld for visse grupper av folket som treng trygd, men som treng trygd på ulik bakgrunn, er det ikkje sikkert at begge desse sosiale synspunkta høver for kvar trygde- eller pensjonsordning. Såleis har ein funne at i ulukkestrygdene bør ytingane gjevast etter kva arbeidsevne trygdetakaren har, utan å ta omsyn til kor stor inntekt trygdetakaren faktisk skaffar seg. I nokre trygdeordningar og pensjonsordningar har ein i visse høve funne det føremålstenleg å leggja begge synspunkta til grunn samstundes. I andre trygdeordningar vert eit reint inntekttssynspunkt gjort gjeldande.

Sidan skattlegging ved avkortingsreglane berre kjem inn når avkortingsreglane er bundne av kva inntekt og midel eit individ har, skal ein her berre gjeva eit utsyn over reglar der dette synspunktet er lagt til grunn.

I «Midlertidig lov om hjelp til blinde og vanføre» av 16. juli 1936 heiter gjeva det m. a. i § 5:

«Rett til blindehjelp etter denne lov har ikke den som: selv er i, eller har forsørgerespliktige slektninger i slike økonomiske kår at det ikke er rimelig at staten yter blindehjelp,»

Ein tilsvarande regel gjeld for vanføre. Etter desse paragrafane kan altså ytingane verta sette ned etter skjøn dersom blinde og vanføre t. d. skaffar seg noko arbeidsinntekt. Dette vert likevel truleg sjeldan aktuelt for vanføre, sidan dei minst må vera 80 prosent vanføre for at dei i det heile kan få stønad.

For dei som har rett til alderspensjon etter «Lov om alderstrygd» av 16. juli 1936, gjeld denne paragrafen:

«§ 7. Dersom den trygdedes påregnelige årlege inntekter utenom pensjonen overstiger pensjonen etter § 4, tredje ledd, skal hans pensjon settes ned med et beløp som svarer til 60 pst. av den overskytende inntekt. Har den trygdede familie, kommer den tilsvarende pensjon og begge ektefelles påregnelige inntekter i betraktning, idet det ses bort fra inntekt for barn under 16 år.

Ytelser etter lovene om pensjonstrygd for sjømenn, pensjonstrygd for statens arbeidere, pensjonstrygd for skogsarbeidere, samt av Nasjonalhjelpens fonds for Krigens Ofre og Nortratraships Sjømannsfond skal dog ikke tas med ved beregningen av inntekt som kan lede til fradrag i pensjonen.

Ved fastsettingen av de påregnelige inntekter av personlig arbeid, tas det for ektefelle under 70 år og for ikke pensjonsberettiget ektefelle over 70 år hensyn til dennes arbeidsnevne, idet det forutsettes at han (hun) skal bidra til det felles underhold så meget som det med rimelighet kan forlanges. For pensjonsberettiget over 70 år tas det bare hensyn til arbeidsinntekt i den utstrekning den kan antas å ville bli ervervet.

Formuesinntekt blir å regne som om det for formuen var kjøpt livrente etter gjeldende satser for ren livrenteberegning dog slik at livrentesatsen for alder 70 år for enslig eller da eldste ektefelle fylte denne alder legges til grunn, selv om pensjonen løper fra et senere tidspunkt enn da pensjonisten fylte 70 år. Ved livrenteberegningen av formuesinntekt skal det ses bort fra formue inntil et beløp av kr. 6 000.

Dersom formuesinntekten er høyere enn beregnet inntekt etter foregående ledd, eller inntekten for noen del består av naturalverdier (herunder husvære), skal beregningen skje etter regler som fastsettes av Kongen. Pensjonen avrundes alltid til nærmeste antall kroner pr. måned.»

Første lekken i denne paragrafen vart endra ved lov av 28. juni 1952. Før heitte det: «Dersom den trygdedes påregnelige årlege inntekter utenom pensjonen overstiger 60 % av full pensjon i kommunen» mot nå: «. overstiger pensjonen etter § 4, tredje ledd,». I § 4 vert minstepensjonen sett fast.

Denne endringa førde til at dei fleste fekk større friinntekt. Men i kommunar med store tilleggspensjonar vart friinntekta mindre. I denne lovendringa er det difor teke inn ein tilleggsregel som hindrar dette.

Som det går fram av § 7, ligg hovudvekta på kva inntekt trygdetakaren faktisk har. Det er likevel teke omsyn til evnessynspunktet når det gjeld ektepar. Det er vidare sagt at det ikkje skal takast omsyn til ytingar frå pensjonstrygdene for sjømenn, arbeidarar i statsteneste, skogsarbeidarar og ytingar frå visse fond. I staden vert det gjort avkortingar i ytingane frå desse pensjonsordningane. Ytingane frå andre offentlege trygde- eller pensjonsordningar vert det derimot teke omsyn til når storleiken på alderstrygda skal verta sett fast.

I lov om alderstrygd av 7. desember 1923, som ikkje vart sett i verk, heitte det at inn under avkortingsregelen skulle m. a. ikkje inntekt av personleg arbeid takast med. Denne regelen vart endra ved den nye loven av 1936. Om dette sa Sosialdepartementet:

«Det kan hevdes at denne forandring vil kunne lede til at pensjonister som er arbeidsdyktige vil slutte å arbeide og «legge seg på trygden», og departementet er klar over at denne innvending har atskillig vekt. Men på den annen side vil pensjonene ikke i alminnelighet bli så store, at en kan regne med at arbeidsdyktige pensjonister av den grunn vil undlate å skaffe seg større inntekter hvis de har anledning til det, og under enhver omstendighet tilsiar hensynt til utgiftene med trygden at en søker å sette pensjonens størrelse i forhold til den enkeltes behov for hjelp.»

I innstillinga frå Sosialkomitéen av 1935 heiter det:

«Det har vært hevdet at fradragsordningen vil virke til at folk ikke vil spare op til sin alderdom. Komitéen er imidlertid av den opfatning at de fradragsreglene som nu er gitt, ikke er fientlige mot opsparing.»

I dag er det stort sett prinsipiell semje om at den delen av avkortingsregelen som gjeld for arbeidsinntekt og midel bør takast bort. Såleis heiter det i tilrådinga frå «Utvalget til utredning av en del alderstrygdspørsmål»:

«I og for seg ville det utvilsomt ha mange fordeler å oppheve fradragsreglene i alderstrygden. Sosialdepartementet har da også i proposisjonen til Stortinget uttalt at det i prinsippet er enig i en slik ordning, men at tiden ennå ikke er inne til å gjennomføre den idet andre oppgaver i sosialtrygdene må løses først. En slik endring ville imidlertid medføre så stor utgiftsøkning at det etter utvalgets mening ikke kan komme på tale for tiden.»

Denne tilrådinga kom i 1952. Eit kostnadsoverslag som komitéen gjorde viste at å ta bort trongsprova i alderstrygda ville i 1951/52 kosta det offentlege brutto om lag 90 mill. kroner. Ein del av dette ville koma attende til staten og kommunane i form av større direkte og indirekte skatteinntekter og mindre administrasjonskostnader. I tilrådinga som fylgte frå sosialkomitéen i Stortinget, heitte det m. a.:

«Komitéen har tidligere uttalt at behovsprøvingen bør oppheves og vil understreke nødvendigheten av dette.

Komitéen vil peke på at en ytterligere bedring av alderstrygden må sees også i sammenheng med gjennomføringen av uføretrygd og forsørgertrygd.»

Det er likevel ikkje semje i Stortinget om kva som har høgast prioritet. Såleis er gjort framlegg om å ta bort avkortingsreglane i alderstrygda. Men desse framlegga har falle. Det vert hevda at ein først bør makta å få bygd ut ei skikkeleg uføretrygd før ein gjev alderstrygd utan avkorting.

Etter «Lov om trygd mot arbeidsløyse» skal ein arbeidslaus gjevast stønad etter loven utan noko avkorting for midel eller faste biinntekter. Ein har altså her den same prinsipielle bakgrunnen som i sjuketrygda og ulukkeststrygdene.

I lovane om krigspensjonering er det liknande avkortingsreglar som i «Lov om Alderstrygd». Her heiter det m. a. i «Lov om krigspensjonering for militærpersoner»:

«§ 18.

1. I pensjoner etter denne lov skal det, med de begrensninger og etter de regler som er nevnt nedenfor, gjøres fradrag for pengebeløp som blir utbetalte fra annet hold på grunn av invaliditetstilfellet eller dødsfallet.

Ved beregning av inntekt som gir anledning til fradrag skal det sees bort fra arv, gaver og liknende ytelsjer — dog ikke i den utstrekning arven skyldes forsikringsbeløp som er utbetalte avdødes bo i anledning av dødsfallet. Beløp som kommer til utbetaling en gang eller et begrenset antall ganger, omregnes forsikringsteknisk til livrente med samme løpetid som pensjonen etter denne lov. Hvor det gjelder forsikringer som hadde gjenkjøpsverdi, skal bare den del av forsikringssummen som overstiger gjenkjøpsverdien tas i betraktnsing.

Pensjonen reduseres med halvparten av det omregnede årlige inntektsbeløp som overstiger halvparten av minstepensjonen. Fradraget skal dog ikke overstige halvparten av pensjonen.

2. Invalid- eller enkepensjonen etter denne lov må ikke være større enn at pensjons-takerne samlede inntekter — etter de øvrige regler i denne paragraf — kommer opp i 150 prosent av høyeste pensjonsgrunnlag, dog slik at pensjonstakeren alltid beholder minst halvparten av pensjonen.»

I «Lov om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell m. v.» er det gjort eit liknande vedtak.

Samanliknar ein desse avkortingsreglane med avkortingsregelen i lov om alderstrygd, finn ein at reglane for krigspensjonerte ikkje på nokon måte går så langt som for alderstrygda. Såleis vert pensjonen først avkorta for onnor inntekt eller annan midel, som ikkje skriv seg frå ytingar som er gjevne i samband med skade under krig, når den utrekna inntekta er større enn 150 pct. av høgaste pensjonsgrunnlag (jfr. punkt 2). Militærpersonar kan såleis ha ei samla inntekt, når ein reknar med krigspensjon og andre ytingar eller inntekter på 12 000 kroner. Friinntekta vil difor som regel vera høg. Men den minkar med storleiken på krigspensjonen og andre ytingar som vert gjevne i samband med krigsskaden. Då det høgaste pensjonsgrunnlaget er mindre etter «Lov om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner» enn etter «Lov om krigspensjonering for militærpersoner», vert friinntekta her oftast mindre.

Kjem den samla inntekta over 150 pct. av det høgaste pensjonsgrunnlaget, vert pensjonen avgrensa med 100 pct. av ein inntektsauke over denne grensa til dess krigspensjonen er redusert til det halve. Er t. d. den samla krigspensjonen for ein militærperson på 5 000 kroner og pensjonstakaren har ei inntekt i alt på 12 000 kroner, vil han ikkje få nokon netto inntektsauke om arbeidsinntekta stig med 2 500 kroner. Men aukar han inntekta vidare, får han ikkje lenger noko avkorting i pensjonen. Socialkomitéen i Stortinget skreiv i innstillinga si av 21. november 1946 om avkortingsreglane i desse lovane m. a.:

«Med hensyn til spørsmålet om en inntektsbegrensning er komitéen enig med Krigskomiteén i at det ikke kan sies å være noen samfunnsinteresse i å yte full pensjon til pensjonstakere som har store inntekter ved siden av.»

Ein komité som handsama det same spørsmålet i London under krigen, hevda at alle krigsskadde burde ha rett til pensjon utan avkorting. Grunn-
gjevinga var denne:

«Man bør se retten til pensjon som en del av krigsdeltagernes lønn i tjenesten og også som et uttrykk for takknemlighet fra samfunnets side.»

I lovane om krigspensjonering er det ikkje ført inn nokon regel som samordnar desse trygdeordningane med alderstrygda. Såleis vert krigspensjonen etter desse lovane rekna som inntekt når alderstrygpensjonen vert sett fast. Ein trygdetakar kan difor få avkorting i alderstrygpensjonen p. g. a. krigspensjonen. Får den krigspensjonerte andre ytingar på grunn av krigsskaden, kan den samla avkortingsregula i visse slike ytingar koma opp i 80 pet. ved at både punkt 1 i avkortingsregelen i krigspensjoneringsordningane og avkortingsregelen i «Lov om alderstrygd» verkar inn samstundes. Avkortingsregelen i alderstrygda kan ikkje verka inn samstundes med punkt 2 i avkortingsreglane i krigspensjoneringsordningane, sidan krigspensjonen vert redusert med heile inntektsauken.

Som tidlegare nemnt vert det i pensjonstrygdene for sjømenn, for staten sine arbeidrarar og for skogsarbeidrarar gjort frådrag for ytingar etter «Lov om alderstrygd». Dette er gjort for å samordna pensjonsordningane. I t. d. «Lov om pensjonstrygd for sjømenn» gjeld denne regelen:

«§ 22. Pensjon etter denne lov settes ned, slik at den sammen med pensjon som vedkommende har rett til etter lov om alderstrygd, er like stor som den ville være om pensjon av alderstrygden ikke ble ytt.»

Denne samordninga fører til at avkortingane i ytingane vert mindre di større pensjonen for sjømenn, skogsarbeidrarar og staten sine arbeidrarar er. Desse reglane fører såleis til at når pensjonen her er større enn alderstrygpensjonen, får desse pensjonistane ikkje noko frådrag for inntekt og midel. Er derimot alderstrygpensjonen størst, verkar avkortingsregelen i «Lov om alderstrygd» til dess inntekta utanom pensjonen er så stor at alderstrygpensjonen vert lik den pensjonen trygdetakaran har rett til etter dei nemnde pensjonsordningane. Avkortingsregelen verkar altså berre på den første delen av inntekta som ligg over friinntekta etter alderstrygdsloven, og området på inntektskalaen der avkortingsregelen verkar inn minkar med storleiken på pensjonen for sjøfolk, statens arbeidrarar og skogsarbeidrarar.

I loven om pensjonstrygd for sjømenn er det òg ført inn ein spesiell avkortingsregel for sjømenn som har sluttat i yrket sitt før loven vart vedteken. Her vert pensjonen avgrensa på liknande måte som i lovane om krigspensjonering.

Etter lovane om pensjonstrygd for sjømenn og for staten sine arbeidrarar vert det òg gjeve uførestønader. Her er det ført inn liknande avkortingsreglar som i loven om hjelp til blinde og vanføre. I «Lov om pensjonstrygd for sjømenn» heiter det:

«Stønaden fastsettes under omsyn til det tap i arbeidsinntekt som uførheten menes å føre med seg ikke bare i arbeidstakerens vanlige erverv, men i ethvert erverv som passer for ham»

Denne regelen kan utan tvil verta praktisert slik at stønaden vert sett ned når den som har uførestønad prøver å skaffe seg arbeidsinntekter.

I «Lov om pensjonstrygd for statens arbeidere» er reglane endå klårare. Her heiter det:

«Pensjonen kan avkortes eller helt falle bort selv om arbeideren er udyktig til tjeneste i sin stilling, dersom han antas å kunne skaffe seg annet høvelig arbeid. Størrelsen av den avkortede pensjon fastsettes av trygdens styre under omsyn til det tap i inntekt som invaliditeten antas å føre med seg ikke bare i arbeiderens vanlige erverv, men i ethvert erverv som passer for ham

Invalidepensjonen kan reguleres eller helt sløyfes når styret finner at det er inntrådt en vesentlig endring i arbeiderens ervervsevne.»

For skogsarbeidarar vert det ikkje gjeve nokon uførestønad. I denne loven er det difor ikkje ein slik avkortingsregel.

For medlemer av Statens Pensjonskasse, Statsbanenes Pensjonskasse og for dei som går inn under pensjonsordningane for stortingsrepresentantar og statsrådar gjeld denne avkortingsregelen:

«Invalidepensjonen kan avkortes eller helt falle bort selv om medlemmet er udyktig til tjeneste i sin stilling, dersom han antas å kunne skaffe seg annet høvelig arbeid.»

Om dei avkortingsreglane som gjeld uførestønad i pensjonsordningane for sjømenn og dei som er i staten si teneste, kan det nok seiast at dei gjev heimel for å setja ned ein uførestønad når inntekta går opp, og det med ein like stor sum som inntektsauken. Desse avkortingsreglane vert likevel praktisert med stor lempa.

Forutan pensjonsordningane for folk i statsteneste, finst det òg pensjonsordningar med tilsvarande avkortingsreglar for folk i kommunal teneste. Kor strengt desse reglane vert praktisert, har ein ikkje noko oversyn over.

I dei trygdeordningane som kommunane har bygd opp, er det ført inn ei rekke meir eller mindre klårt fastsette avkortingsreglar for midel og inntekt.¹ Ein del av dei kommunale uføretrygdene er bygd opp på same måten som Alderstrygda med dei same ytingane, men med stort sett strengare avkortingsreglar for inntekt og midel. Såleis vert det ofte teke omsyn til kva inntekt den trygda kan reknast å kunna skaffa seg ut frå den arbeidsevna han har. Vidare vert det stundom teke omsyn til om det er slektnigar som kan ha forsytingsplikt for den uføre. Dessutan vert det ofte lagt vekt på kva framferd den uføre har vist og viser. I nokre kommunar er storleiken på uførepensjonane ulik storleiken på alderspensjonane samstundes som det ikkje er nemnt noko om friinntekt og avkortingsreglar. I andre kommunar vert uførestønadene sett fast berre ut frå skjøn.

Avkortingsreglane for inntekt og midel i morstrygdene er òg ulike frå kommune til kommune. I nokre kommunar vert morstrygda sett fast ved skjøn; i andre etter serskilte reglar, t. d. dei same som gjeld for einslege alderstrygda med born. Når det gjeld storleiken på morstrygda kan ein stort sett dela dei kommunane som yter morstrygd i to grupper. I den eine gruppa er satsane sett fast ut frå at morstrygda åleine skal kunna dekkja naudturvelege levekostnader. I den andre gruppa er derimot trygda sett fast ut frå føresetnaden at mora sjølv maktar å skaffa seg noko inntekt når ho er arbeidsfør. Avkortingsreglane i mors-

¹ Jfr. Kontorsjef J. Helstad sine artiklar i «Sosial Håndbok For Norge» om kommunal uføretrygd og kommunal morstrygd.

trygda er nok stort sett bundne av kva prinsipp som er lagt til grunn ved fastsettinga av storleiken på pensjonen. Såleis er truleg avkortingsreglane strengare når trygda vert rekna å vera stor nok til å leva av. Skal morstrygda berre dekkja ein del av den naudturvelege inntekta, må det i alle fall vera ei større friinntekt. Såleis er friinntekta for folk med morspensjon i Oslo 2 000 kroner. Har mor og born større inntekt, skal pensjonen setjast ned med 60 pct. av den inntekta som ligg over 2 000 kroner.

III. Inntektsverknaden av avkortingsreglar og skattlegging.

Her skal ein først sjå på kva verknad avkortingsreglar som gjeld for inntekt og midel saman med direkte skattlegging har på ein inntektsauke hjå dei trygda. Ein vil med andre ord sjå på kor mykje dei trygda får att av ein inntektsauke etter avkorting i pensjon og etter skatt. Ein vil då samstundes finna kor mykje dei offentlege utgiftene minkar ved ein inntektsauke hjå folk som går inn under ei trygdeordning med avkortingsreglar, og kor mykje dei offentlege inntektene stig ved auka skatteinntekter. Dette skal ein visa ved nokre døme.

I desse døma har ein rekna med dei avkortingsreglane og minstepensjonane som gjeld nå og dei skattevedtaka som gjeld for budsjettåret 1952/53. Desse døma viser difor ikkje korleis tilhøva var i inntektsåret 1951 sidan avkortingsreglane jamt har vorte endra. Men dei viser verknadene av avkorting og skattlegging dersom dei nemnde avkortingsreglane, minstepensjonane, skattereglane og skattevedtaka galdt gjennom eit år.

I figur 1 er det gjeve ei grafisk framstelling av kor sterkt ein inntektsauke hjå ein einsleg alderstrygda vert redusert ved ulike store inntekter utanom pensjonen p. g. a. avkorting i alderstrygdspensjonen og p. g. a. kommuneskatten og statsskatten. Ein har her sett på ein einsleg alderstrygda med minstepensjon og ein med kommunal tilleggspensjon på 800 kroner.

Ei tilsvarende grafisk framstelling er gjeven i figur 2 for eit ektepar med minstepensjon etter alderstrygda og for eit ektepar med ein kommunal tilleggspensjon på 1 200 kroner.

I figur 3 er det vist verknadene av at ein gift alderstrygda med minstepensjon òg har sjømannspensjon.

I alle desse døma har ein rekna med ein kommunal skattøyre på 18 pct. og at skattytarane har rett til å gjera frådrag for utgifter på 100 kroner for å koma fram til pårekna inntekt. Ein har såleis rekna at alderspensjonen vert skattlagd. Ved utrekninga av den marginale kommuneskatten har ein rekna at inntektene ikkje vert runda av. Elles har ein berre rekna inntekta i heile hundre kroner. Den venstre delen av kurvene i figurane 1—3 har ein prikka. Dette kjem av at ein ikkje har sagt noko om kommunal reduksjonstabell og nokre minstegrenser for skattlegging. Kurvene vil likevel gjelda frå nullpunktet for inntekt utanom pensjon i alle kommunar som nyttar reduksjonstabellane A—E, og som ikkje har større minstegrenser for skattlegging enn dei skattefrie klassefrådraga. For betre

Fig. 1 MARGINAL AVKORTING I INNTEKT FOR EINSLEGE ALDERSTRYGDA.




Fig. 2 MARGINAL AVKORTING I INNTEKT FOR GIFTE ALDERSTRYGDA.




Fig.3. Marginal avkorting i inntekt for ein gift alderstrygda med sjømannspension på 1200 kr.





Fig.4. Marginal avkorting i inntekt i Oslo for mor med eitt born.



Tabell 1. Døme på marginale avkortinger i inntekt eksklusive alderstrygdspensjon, sjømannspensjon eller morstrygd i Oslo.

Inntekt utanom offentlege ytingar	Einsleg alders- trygda med minstепensjon	Gift alders- trygda med minstепensjon	Einsleg alders- trygda med tilleggspensjon på 800 kr.	Gift alders- trygda med tilleggspensjon på 1 200 kr.	Gift alders- trygda med minstепensjon og sjømanns- pensjon på 1 200 kr.	Mor med eit barn i Oslo Red. tab. J. Skattøyre 16,5 %
kr.	pct.	pct.	pct.	pct.	pct.	pct.
1 000	18.0	18.0	18.0	18.0	18.0	17.8
100	18.0	18.0	18.0	18.0	18.0	17.8
200	67.2	18.0	67.2	18.0	18.0	17.8
300	67.2	18.0	67.2	18.0	18.0	17.8
400	67.2	18.0	67.2	18.0	18.0	17.8
500	67.2	18.0	67.2	18.0	18.0	17.8
600	67.2	18.0	67.2	18.0	18.0	17.8
700	67.2	18.0	67.2	18.0	18.0	17.8
800	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	17.8
900	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	17.8
2 000	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	107.8
100	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	60.0
200	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	85.8
300	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	60.0
400	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	60.0
500	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	85.8
600	67.2	67.2	67.2	97.2	67.2	60.0
700	67.2	67.2	67.2	67.2	67.2	85.8
800	67.2	67.2	67.2	74.2	18.0	60.0
900	67.2	67.2	67.2	67.2	18.0	60.0
3 000	67.2	67.2	67.2	67.2	18.0	85.8
100	67.2	67.2	67.2	74.2	18.0	60.0
200	18.0	67.2	67.2	67.2	18.0	85.8
300	18.0	67.2	67.2	74.2	18.0	60.0
400	18.0	67.2	67.2	67.2	18.0	60.0
500	18.0	67.2	97.2	67.2	18.0	85.8
600	18.0	67.2	67.2	74.2	18.0	60.0
700	18.0	67.2	75.2	67.2	18.0	85.8
800	18.0	67.2	67.2	74.2	18.0	60.0
900	18.0	67.2	67.2	67.2	48.0	60.0
4 000	18.0	67.2	75.2	67.2	25.0	85.8
100	48.0	67.2	67.2	74.2	25.0	60.0
200	26.0	67.2	75.2	67.2	25.0	86.8
300	26.0	67.2	67.2	74.2	25.0	60.0
400	26.0	67.2	67.2	67.2	25.0	60.0
500	26.0	67.2	26.0	67.2	25.0	86.8
600	26.0	67.2	26.0	74.2	25.0	60.0
700	26.0	67.2	26.0	67.2	25.0	81.8
800	26.0	18.0	26.0	74.2	25.0	60.0
900	26.0	18.0	26.0	67.2	26.0	60.0
5 000	27.0	18.0	27.0	67.2	21.0	81.8
100	27.0	48.0	27.0	75.2	22.0	20.8
200	22.0	25.0	22.0	67.2	22.0	21.8
300	22.0	25.0	22.0	70.2	21.0	20.8
400	22.0	25.0	22.0	67.2	22.0	21.8
500	21.0	25.0	21.0	67.2	21.0	21.8
600	22.0	25.0	22.0	71.2	22.0	21.8
700	22.0	25.0	22.0	67.2	22.0	20.8
800	22.0	25.0	22.0	71.2	21.0	21.8
900	21.0	25.0	21.0	67.2	22.0	21.8
6 000	22.0	25.0	22.0	67.2	21.0	21.8
100	22.0	26.0	22.0	70.2	22.0	20.8
200	22.0	21.0	22.0	67.2	22.0	21.8
300	22.0	22.0	21.0	71.2	21.0	21.8
400	22.0	22.0	22.0	67.2	22.0	21.8
500	22.0	21.0	22.0	67.2	21.0	20.8
600	22.0	22.0	22.0	70.2	22.0	21.8
700	21.0	21.0	21.0	67.2	22.0	21.8
800	22.0	22.0	22.0	22.0	21.0	21.8
900	22.0	22.0	22.0	22.0	22.0	20.8

reduksjonstabellar eller høgre grenser for skattlegging, gjeld ikkje ein liten del til venstre på kurva.

Figur 4 viser reduksjonen i ein inntektsauke på ulike steg av inntektsskalaen utanom morstrygd og barnetrygd for mor med eitt barn i Oslo. Ein har her nytta den avkortingsregelen i morstrygda som nå gjeld og dei skattereglane som vart nytta for inntektsåret 1951.

Det talmaterialet som desse grafiske figurane byggjer på, har ein gjeve att i tabell 1.

I den vidare drøftinga her skal ein gå ut frå at den inntekta pensjonstakaren har, er arbeidsinntekt og ikkje inntekt av kapital o. l.

Av tabellen og figur 1 går det fram at ein einsleg alderstrygda ikkje får noko anna avkorting i arbeidsinntekt opp til 1 200 kroner enn kommuneskatten. Tener han over 1 200 kroner, får han først ei avkorting i pensjonen på 60 pct. av auken i inntekta. På resten av inntektsauken, altså 40 pct., får han så etter dette dømet ein kommuneskatt på 18 pct. Den samla marginale avkortinga eller skatteprosenten vert med andre ord på 67.2 pct. til dess denne pensjonstakaren ikkje lenger har rett til alderstrygd. Ein einsleg alderstrygda med minstepensjon vil såleis få ein reduksjon på 67.2 pct. for inntekt mellom 1 200 og 3 200 kroner. For høgare inntekt vil han få kommune- og statsskatt som ein vanleg skatttytar i skattekasse 2. Derimot slepp alle over 69 år alderstrygds- og krigspensjoneringsavgiftene.

Har den einslege alderstrygda ein communal tilleggspensjon på 800 kroner, vil den faktiske skatteprosenten p. g. a. avkortinga i pensjonen og kommuneskatten verta på 67.2 pet. for inntekt mellom 1 200 kroner og 4 500 kroner. Dessutan vil ein slik alderstrygda få statsskatt etter statsskattevedtaket for 1952/53 når han har ei inntekt på 3 500 kroner utanom alderspensjonen. Den samla marginalskatten vert då 97.2 pet. for ei inntekt på 3 500 kroner, 67.2 pet. for ei inntekt på 3 600 kroner, 75.2 pet. for 3 700 kroner osb. Den sterke variasjonen her kjem av oppbygnaden av statsskattetabellen i budsjettåret 1952/53, m. a. ved at marginalskatten for det første hundre av den skattberande inntekta er på 30 kroner.

Det tilsvarende som her er nemnt for ein einsleg alderstrygda, gjeld òg for ein gift alderstrygda. Men, som det går fram av figur 2, er området for den sterke avkortinga i ein inntektsauke større enn for ein einsleg alderstrygda, noko som kjem av dei høgare pensjonane. På den andre sida vert pensjonen her først avkorta ved ei inntekt på 1 800 kroner. Har ein gift alderstrygda òg ein communal tilleggspensjon på 1 200 kroner, vert sumen av avkortinga i pensjonen og kommuneskatt på 67.2 pet. for inntekt mellom 1 800 kroner og 6 800 kroner. På toppen av dette kjem så statsskatten når han har ei inntekt på 2 600 kroner utanom alderspensjonen. Alt i alt ligg den gjennomsnittlege marginale avkortinga her på vel 70 prosent.

For kombinasjonane sjømannspensjon/alderstrygd, skogsarbeidarpensjon/alderstrygd og pensjon for staten sine arbeidarar/alderstrygd gjeld like reglar. For desse pensjonsordningane har ein, som alt nemnt, regelen at ytingane frå

pensjonsordningane for sjømenn, skogsarbeidarar og staten sine arbeidrar ikkje skal reknast med som inntekt når storleiken på alderstrygdspensjonen skal reknast ut. På den andre sida vart desse pensjonane redusert med så mykje som pensjonistane har rett til etter lov om alderstrygd. Den samla pensjonen for slike pensjonistar vert for personar utan andre inntekter eller så små inntekter at det ikkje vert gjort noko avkorting, maksimum lik den pensjonen som utan samordning er størst. Har pensjonstakaren større inntekter utanom pensjonen, vert minimumspensjonen lik ytingane etter desse spesielle pensjonsordningane.

Som døme på ein slik kombinasjon har ein i figur 3 valt å sjå på ein gift alderstrygda med minstepensjon og med rett til ein sjømannspensjon på 1 200 kroner. Den kommunale skattøren er sett til 18 pct. Har den trygda ei inntekt under 1 800 kroner, har han rett til maksimumspensjon, altså 1 800 kroner, noko som vert ytt av alderstrygda. Tener han meir, vert den samla pensjonen redusert med stigande inntekt til dess den vert på 1 200 kroner. Dette er nemleg minstespasjonen sidan den samla pensjonen aldri skal vera mindre enn sjømannspensjonen. Avkortingsregelen i lov om alderstrygd fører såleis her til at den maksimale pensjonen kan verta redusert med 600 kroner. Avkortinga i pensjonen saman med kommuneskatten vert såleis her på 67.2 pct. for inntekt mellom 1 800 kroner og 2 800 kroner. Dette området på inntektsskalaen minkar med stigande sjømannspensjon og vert lik null når sjømannspensjonen er like stor som den maksimale alderstrygdspensjonen. På den andre sida dreg eit kommunalt tillegg til alderstrygdspensjonen i retning av å auka dette området på inntektsskalaen.

Figur 4 viser den samla marginale avkortinga for ei einsleg mor med eitt barn i Oslo. Ein går då ut frå dei skattleggingsreglane som galdt for inntektsåret 1951. Den kommunale skattøyren var då på 16.5 pct., det skattefrie klassefrådraget på 1 950 kroner og minstegrensa for skattlegging på 2 400 kroner.

Ei einsleg mor med eitt barn vil forutan barnetrygd på 240 kroner i dag få ei morstrygd på 1 872 kroner dersom ho har ei inntekt utanom pensjonen på under 2 000 kroner. Går ein ut frå at ho kan gjera frådrag i inntekta på 100 kroner for å koma fram til pårekna inntekt, får ho kommuneskatt når ho har ei inntekt utanom trygdeordningane på om lag 400 kroner. På det første hundre av den skattberande inntekta vert det då ein marginalskatt på 105.45 pct. Dette kjem av at ho må betala 16.5 pct. kommuneskatt av 2 400 kroner $\div 1\ 950 = 450$ kroner og alderstrygds- og krigspensjoneringsavgift på 1.3 pct. av 2 400 kroner så snart den pårekna inntekta kjem opp i 2 400 kroner. Deretter får ho ein samla marginalskatt på 17.8 pct. så lenge ho har ei inntekt utanom morstrygda og barnetrygda på under 2 000 kroner. Kjem inntekta over denne grensa, tek avkortinga i morstrygda til samstundes som ho får statsskatt. Den marginale avkortinga for ei inntekt mellom 2 000 kroner og 2 100 kroner kjem såleis opp i 107.8 pct. For inntekter mellom 2 000 kroner og 5 100 kroner vert den gjennomsnittlege marginale avkortinga på vel 70 pct. Har ho ei inntekt på vel 5 000 kroner, får ho ikkje lenger noko morstrygd. Frå ei inntekt på 5 100 kroner vert ho difor skattlagt som ein vanleg skattytar i skatteklasse 2.

Alt i alt viser dei grafiske figurane og tabellen at ved ein inntektsauke, som t. d. skriv seg frå arbeidsinntekt, vil inntektstakaren få frådrag i ytingane frå pensjonsordningane og dessutan høgare skatt. Dette fører til at staten og kommunane får mindre utgifter til pensjonsordningane samstundes som skatteinntektene aukar. Den faktiske marginale skattekonserten for desse inntekts-takarane vil såleis liggja på om lag 70 pct. når dei får avkorting i pensjonen. Til samanlikning kan ein nemna at ein vanleg skatttytar i 1951 måtte ha ei inntekt på om lag 50 000 kroner for å koma opp i denne marginalskatten.

Ser ein på den faktiske marginale skattlegginga av personar som har trygd etter loven om hjelp til blinde og vanføre og av invalidar som får ytingar frå visse andre pensjonsordningar, er det heimel i desse lovane til å avgrensa pensjonen med 100 pct. av inntektsauken. Det same gjeld delvis for krigspensjonerte som har ei samla inntekt på over 150 pct. av det største pensjonsgrunnlaget. Her må ein likevel som tidlegare nemnt vera merksam på at mange av desse avkortingsreglane nok vert praktisert med lempa. Om det same gjeld kommunale trygdeordningar, t. d. der ytingane vert gjevne meir eller mindre etter skjøn, kan ein som før nemnt ikkje seia noko sikkert om.

Hittil har ein sett på verknadene av avkortingsreglane på arbeidsinntekt.

Har den trygda midel, vil han òg kunna få avkortingar i ytingane frå dei ulike trygde- og pensjonsordningane. I alderstrygda gjeld såleis regelen at midel større enn 6 000 kroner vert rekna om til inntekt ved hjelp av dei gjeldande livrentetabellane. Ein går då ut frå kor store årlege utbetalingar ein person vil få dersom han, når han er 70 år, kjøper ei livrente for resten av midelen. Vert denne inntekta mindre enn den faktiske inntekta av midelen, skal den faktiske inntekta verta lagt til grunn. Samstundes reknar ein med den faktiske inntekta av dei 6 000 kronene som ikkje er rekna med i livrenteutrekningane. Ut frå desse reglane vil ein einsleg mann som nå får ei alderstrygd lik minstepensjonen og som ikkje har onnor inntekt, kunna ha ein midel på om lag 19 000 kroner før han får noko avkorting i pensjonen ved livrenteutrekningar. Har han ein midel på om lag 40 000 kroner, får han ikkje lenger alderstrygd. Ein gift alderstrygda på 70 år med ei kone på 65 år, vil under dei same føresetnadene få avkorting i pensjonen for midel mellom om lag 35 000 kroner og 84 000 kroner.

Har trygdetakaren samstundes inntekt som ikkje skriv seg frå den midelen som er større enn 6 000 kroner, vil han få avkorting i pensjonen for midel som ligg under dei minstegrensene som er nemnt her.

I dei trygdeordningane der det kan gjerast frådrag i ytingane for midel, verkar dette på same måten som ein ekstra skatt på midelen på sida av vanleg kommuneskatt og statsskatt på midel og fundert inntekt. Ein einsleg mann som nå får rett til alderstrygd, vil såleis få eit tillegg i «skatten» på om lag 5.6 pct. av midelen dersom det vert gjort avkortingar i pensjonen p. g. a. midelen. Den årlege livrenta i prosent av midelen er nemleg på 9.3 pct. for ein mann på 70 år som nå teiknar ei livrente. Ei avkorting i pensjonen på 60 pct. av dette gjev 5.6 pct. av den midelen som trygdetakaren får avkorting for.

Verknadene av avkortingsreglane.

Det skattleggingssynspunktet som denne artikkelen byggjer på, er det lagt lita vekt på i grunngjevingane for avkortingsreglane. Dei som har arbeidd med trygde- og pensjonsordningane har med andre ord lite sett på verknadene av avkortingsreglane som ei form for skattlegging.

Kva verknader avkortingsreglane kan ha på arbeidsvilje og sparevilje har først og fremst vorte drøfta i samband med «Lov om alderstrygd». Grunnlaget for den siste offisielle drøftinga av desse spørsmåla var tilrådinga av 4. april 1952 frå «Utvalget til utredning av en del alderstrygdsspørsmål». Sjølv om dei synspunkta som vart lagt fram her, er knytte til avkortingsreglane i «Lov om alderstrygd», gjeld dei òg stort sett andre trygde- og pensjonsordningar.

For folk som har inntekter eller for folk som kunne skapa seg inntekter som fell eller ville falla innan det området på inntektsskalaen der ulike avkortingsreglar gjer seg gjeldande, er det truleg at ein faktisk skatteprosent på om lag 70, som i alderstrygda og morstrygda i Oslo, verkar sterkt inn på viljen til å skapa seg inntekter.

Er marginalskatten om lag 70 pct. for ein person som går inn i arbeidslivet, vil han ofte få svært lite att av inntektsauken, mellom anna fordi visse utgifter aukar ved å ta arbeid, t. d. utgiftene til mat og kler. Vidare må ein ta omsyn til utgifter til andre tenester som ein tidlegare ikkje trøng nytta eller som ein kunna syta for sjølv. Resultatet kan difor lett verta at det ikkje løner seg å ta arbeid eller auka produksjonen dersom ein ikkje maktar å auka inntektene ein del over det området på inntektsskalaen der ein får avkortingar i yttingane frå sosiale trygder eller andre pensjonsordningar.

Om dette spørsmålet seier «Utvalget til utredning av en del alderstrygds-spørsmål»:

«Etter utvalgets oppfatning er det lite trolig at de gamle som har evne og høve til å fortsette i sitt arbeid med vanlig lønnsinntekt etter fylte 70 år, oppgir arbeidet av omsyn til at de går glipp av en mindre alderspensjon. Samfunnsmessig sett kan det vel heller ikke sies å være noe påtrengende behov for å lempe på alderstrygdens fradagsregler spesielt for denne gruppen.

Anderledes kan forholdet være for personer som har måttet slutte sitt tidligere arbeid og som har høve til å ha deltidarbeid, mindre anstrengende og dårligere betalt arbeid eller leilighetsjobber, som gir noen inntekt ut over friinntekten i alderstrygden. Det er forståelig at disse pensjonister har liten oppfordring til å skaffe seg inntekter utover friinntekten når hele 60 % av den overskytende inntekten går til fradrag i pensjonen. Dertil må de som regel betale skatt av inntekten.»

For å endra på desse verknadene på arbeidsviljen, har det vorte drøfta å ta vekk avkortingsreglane for arbeidsinntekt. Utvalet finn likevel at dette ville skapa administrative vansker. Samstundes vert det hevda at det er ein sterk trøng for lettare avkortingsreglar for pensjonistar med andre inntektsformer.

Avkortingsreglane kan gjerast lempelegare først og fremst ved å endra på friinntekta og ved å nytta ein lågare frådragsfaktor. Frådragsfaktoren seier kor mykje pensjonen skal setjast ned ved ein inntektsauke over friinntekta.

Ved å auka friinntekta fell den høge marginale avkortinga i ein inntektsauke for pensjonistar med små inntekter bort. I staden vil ein få inn ei sterk

avkorting for inntekter som tidlegare låg over grensa for rett til pensjon eller trygd. Storleiken på området for den sterke marginale avkortingen vert difor det same, berre at det nå vil liggja høgare på inntektsskalaen. Ein slepp såleis ikkje unna problemet på denne måten. Men når friinntekta aukar, vil dette føra til at færre vert råka av den sterke avkortingen ved ein inntektsauke. Når det gjeld spørsmålet om storleiken på friinntekta, må ein òg vera merksam på at di større friinntekta er, di mindre vert truleg motivet til å auka inntekta over friinntekta, sidan trangen til å gjera dette då vil vera mindre. Aukar ein friinntekta, kunne dette difor føra til at arbeidsviljen for pensjonistar med små inntekter steig samstundes som arbeidsviljen for folk som ville få rett til pensjon ved ei slik omlegging, minka. Alt i alt vil nok ei slik endring føra til lettare kår for pensjonistane.

Ved å nytta ein mindre frådragsfaktor, ville den marginale avkortingen i inntekta ved ein inntektsauke verta mindre. Pensjonistar som nå får avkorting i pensjonane ville då få eit sterkare motiv til å auka inntektene sine. Men vart det nytta ein mindre frådragsfaktor, ville området på inntektsskalaen med etter måten høg marginal avkorting i inntekta auka. Ein del av dei pensjonistane som nå ikkje har rett til pensjon ville såleis få ei høg marginal avkorting i inntekta ved ein inntektsauke. Dette kunne føra til at arbeidsviljen til desse pensjonistane vart sett ned. Ei slik omlegging ville òg føra til lettare kår og nok alt i alt til større arbeidsvilje hjå pensjonistane i trygdeordningar med avkortingsreglar for inntekt og midel.

Som tidlegare nemnt er alle samde om at avkortingsreglane, og då først og fremst i alderstrygda, bør takast bort eller gjerast lettare. Men nokre hevdar at dette ikkje kan gjerast nå av finansielle omsyn. Vidare vert det hevdat andre sosiale tiltak har høgare priorititet.

I samband med spørsmålet om å gjera avkortingsreglane i alderstrygda linnare seier «Utvalget til utredning av en del alderstrygdsspørsmål»:

«Etter utvalgets mening er spørsmålet om å stimulere de gamle til å fortsette i arbeidslivet utvilsomt mer et skattespørsmål enn et alderstrygdsspørsmål. Og det gjelder enten de gamle fortsetter i sitt tidligere arbeid eller i et mindre inntektsbringende arbeid. Dersom de gamle det her er tale om ble fritatt for beskatning av arbeidsinntekt innenfor en rimelig grense, går en ut fra at dette ville bety en besparelse som i mange tilfelle helt oppveide reduksjonen eller bortfallet av alderspensjonen på grunn av de vanlige fradragssregler.»

Slik skattevedtaka var for budsjettåret 1952/53, ville ei slik omlegging føra til at dei alderstrygda fekk om lag 10 pct. mindre marginal avkorting ved ein inntektsauke når samstundes avkortingsregelen verka inn. Den marginale avkortingen ville då i dette området på inntektsskalaen verta på 60 pct. mot nå på om lag 70 pct.

I dette området er altså skattlegginga ved avkortingsreglane 6 gonger så stor som skattlegginga ved dei vanlege skattereglane. Skal ein difor her få ein sterkare nedgang i den marginale avkortingen, må frådragsfaktoren gjerast mindre. Ei onnor løysing kan vera å nytta ei maksimumsgrense før den samla marginale skattlegginga ved avkortingsreglane og vanleg skattlegging.

Å seia noko om verknadene av avkortingsreglane på sparing, er mykje vanskelegare og då serleg sidan sparinga først og fremst skjer før den tid ein får

rett til trygd eller pensjon. Her må ein m. a. ta omsyn til sparemåten og motiva for sparing. Skjer sparinga ved investering i realkapital, t. d. produksjonsutstyr, er det liten grunn til å tru at avkortingsreglane har nokon serleg innverknad. Ser ein på sparing der motivet er å tryggja alderdomen eller ha eit vern mot inntektsbortfall, er det truleg at desse reglane verkar inn på viljen til å spara. Det gjeld kanskje først og fremst sparing i samband med private pensjonsordningar, livstrygding, livrenter osb.

For folk som har midel og som vil få avkorting i pensjonane p. g. a. midelen, vil det elles vera freistande å føra over midelen til slektingar o. a. eller prøva seg med andre ordningar slik at dei slepp avkorting. Sett frå ein sosial-politisk synstad, kan slike overføringer vera ueheldige sidan dei kan føra til dårligare levestandard for folk som frå før har lite å leva av.

Det kan òg vera eit spørsmål om avkortingsreglane for midel på lengre sikt fører til slik nettoinnsparing for det offentlege som dei tek sikte på.

Sluttmerknader.

Som det går fram av figurane og tabellen, kan avkortingsreglane i nokre av dei offentlege trygde- og pensjonsordningane saman med skattlegging føra til sterkt reduksjon av pensjonane og til ei sterkt overføring av inntekt og midel frå pensjonistane til staten og kommunane. Dette gjeld når inntekta og midelen kjem over visse grenser. På den einskilde pensjonisten verkar truleg avkortinga i ytingane frå desse trygde- eller pensjonsordningane på same måten som vanleg skattlegging av inntekt og midel. Avkortingsreglane vil difor verka inn på inntektskapning, sparing osb. hjå pensjonistar på ein tilsvarende måte som skatte-reglane. Vidare verkar avkortingsreglane inn på inntektskapning, sparing osb. hjå folk som i framtida kan få rett til trygd eller pensjon. Korleis desse verknadene er, kan ein ikkje seia noko sikkert om. Men det er helst grunn til å tru at desse reglane vil setja ned arbeidsviljen og spareviljen til den einskilde inntektstakaren.

Ser ein på figurane som viser kurvene for den marginale avkortinga i inntekt for pensjonstakarar p. g. a. skattlegging og avkorting i pensjonane, går det fram at desse kurvene får uvanlege former som på ingen måte er i samsvar med formene på dei kurvene ein vil finna for vanleg skattlegging av inntekt.

*

*

*

Skatt til staten av personleg midel.

*Eit oversyn over statsskattlegginga av midel til personlege skattytalarar
frå skattåret 1939/40 til skattåret 1953/54.¹*

Av førstesekretær Leiv Vidvei.

I. Innleiing.

Frå 1938 til 1952 er det gjort mange endringar i skattlegginga av midel. Vi har fått store brigde i den meir ordinære skatten på midel samstundes som vi har hatt ei sterk ekstraordinær skattlegging. Dessutan har endringar i skattekjølvane og andre tiltak verka inn på korleis midelen vart skattlagt.

Skattlegging av midel til staten vart innført frå budsjettåret 1896/97. I 1921/22 kom det til ein serskatt på midel over 125 000 kroner — den ekstraordinære skatten på midel, som vart ståande til og med skattåret 1950/51. Gjenom storparten av tidsrommet 1938—52 var det såleis to vedtak om statsskatt på midel. Grunnsatsane for den ordinære skatten hadde vore dei same like fra 1921/22 og her vart det inga endring før 1951/52. Derimot var det visse brigle i reglane om ekstraordinær skatt på midel. I 30-åra vart såleis skattesatsane endra ved prosentvise frådrag i grunnsatsane. Dessutan kom det i 1933/34 inn ein regel om at den ekstraordinære skatten skulle setjast ned dersom dei samla skattane på inntekt og midel til stat og kommune kom over 75 prosent av inntekta. Desse endringane hadde ikkje nokon innverknad på skattlegging av relativt liten midel. Skatt på midel til og med 125 000 kroner var den same like fra 1921/22 til og med 1945/46.

I budsjettåret 1940/41 auka skatten på større midel noko samanlikna med året før, av di eit frådrag på 10 prosent i den ekstraordinære skatten då fall bort. Skattesatsane vart frå nå av ståande uendra til etter krigen.

Etter krigen har vi hatt ei rekke ekstraordinære skattar i tillegg til dei skattane vi hadde før og under krigen. I skattåra 1946/47 og 1947/48 vart det likna ut krigsskadeavgift på midel, i 1948/49 verneskatt og i 1950/51 og 1951/52 både verneskatt og serskatt. Desse skattane var knytte m. a. til den ordinære skattlegginga av midel. Den viktigaste ekstraordinære skatten var likevel eingongsskatten. Den kjem i ei serstode både etter storleik og etter måten den

¹ Denne artikkelen er utarbeidd ved Kontoret for Skatteforskning. Eit oversyn over statsskattlegginga i tidlegare år og fram til 1941/42 er gitt i Oslo Kommunale Statistiske Kontor sin publikasjon: «Inntekts- og formuesstatistikk for Oslo».

vart likna ut på. Denne skatten skal vi difor sjå på serskilt etter oversynet over dei meir álmenne statsskattane på midel.

Krigsskadeavgifta vart likna ut etter 3 alternativ. Skattesatsane var dei same i 1946/47 og i 1947/48. Det alternativet som alt i alt gav den høgaste avgifta for den einskilde skattytaren, skulle nyttast. Etter det første alternativet, som bygde direkte på likninga av midel etter dei ordinære skattelovane, vart skatten på midel opp til 125 000 kroner ofte 30 gonger så stor som før. I det ordinære vedtaket var marginalskatten for midel til og med 10 000 kroner 0,3 promille, mellom 11 000 kroner og 50 000 kroner 0,5 promille og mellom 51 000 kroner og 100 000 kroner 1 promille. Etter alternativ 1 i vedtaket om krigsskadeavgift var marginalskatten for midel til og med 10 000 kroner 7,5 promille, mellom 11 600 kroner og 30 000 kroner 15 promille, mellom 31 000 kroner og 50 000 kroner 20 promille og mellom 51 000 kroner og 100 000 kroner 25 promille. Vidare oppover var auken i skattesatsar prosentvis mindre, slik at skatten på uvanleg stor midel vart godt og vel dobla. Etter alternativ 2 var krigsskadeavgifta på 12,5 prosent og etter alternativ 3 på 25 prosent av den ordinære statsskatten på inntekt og midel. Skulle skattytarane verta likna avgift etter desse alternativa, måtte dei ha ei viss minsteinntekt som var fastsett etter forsytingsplikta. Tyngda av krigsskadeavgifta fall då på inntekta. Den absolute auken i skatt på midel var derimot heller liten.

Verneskatten i 1948/49 vart likna ut etter dei same prinsippa som krigsskadeavgifta, men delvis etter lågare skattesatsar. I mange høve vart difor skattlegginga linnare dette året enn i skattåra 1946/47 og 1947/48.

Året etter vart det korkje likna ut krigsskadeavgift eller verneskatt. Den samla skatten på midel kom difor ned på same nivået som i tidsrommet 1940/41 – 1945/46.

I skattåret 1950/51 fekk vi på nytt ein kraftig skatteauke gjennom innføring av den sakalla serskatten på midel. Dessutan vart det likna ut verneskatt i ei ny form. Begge desse skattane bygde på den ordinære skatten. Skattytarar med heller liten midel fekk stort sett skatten meir en dobla. Dette galdt vel halvparten av skattytarane. Den andre halvparten av skattytarane fekk skatten på midel omkring femdobla. For folk med heller stor midel var auken attre mindre.

Skattlegginga av midel hadde i desse etterkrigsåra vorte svært innfløkt. I skattåret 1950/51 var det ikkje mindre enn 4 ulike vedtak som den meir álmenne statsskatten på midel måtte reknast ut etter. Det kom difor jamt krav om ei enklare skattlegging. For skattåret 1951/52 vart den ordinære og ekstraordinære skatten arbeidd saman til eit vedtak. Vedtaka om verneskatt og serskatt var derimot om lag dei same som før. Alt i alt førde omlegginga berre til at skattesatsane på midel over 125 000 kroner vart noko endra. Om lag 95 prosent av skattytarane vart difor skattlagde som i 1950/51.

I skattåret 1952/53 vart skattlegginga attre gjort enklare. Både serskatten og verneskatten fall bort, og vi fekk eit heilt nytt vedtak om ordinær skatt til staten på midel. Tidlegare var det slik at skattlegginga av midel mellom 5 000

og 20 000 kroner var bunden av om den skattepliktige (i skatteklass 1 og høgare) hadde statsskatt på inntekt. Frå nå av skulle det ikkje falla statsskatt på midel under 20 000 kroner og større midel skulle skattleggjast utan omsyn til storleiken på inntekta. Dette førde til at vel halvparten av dei som året før hadde statsskatt på midel, nå slapp denne skatten. Elles fekk nokre skattytarar ein liten oppgang i skatten. For andre vart det litt nedgang, m. a. som fylgje av at vi fekk ein ny avgrensingsregel i skattevedtaket.

I skattevedtaket for 1953/54 vart det ført inn eit nytt prinsipp. Nå skulle det òg takast omsyn til forsytingsplikta ved skattlegging av midel. Det vart difor gitt eit skattefritt frådrag i midelen på 15 000 kroner i skatteklass 1 og 25 000 kroner i høgare skatteklassar. Dette året vart dessutan grunnsatsane på ny endra. Alt i alt gjekk statsskatten på midel ned for alle så nær som for nokre få skattepliktige i skatteklass 1.

Ser vi på utviklinga i dei nominelle skattesatsane på midel frå 1938 til 1952, kan vi stort sett seia at dei nådde høgdepunktet i skattåra 1950/51 og 1951/52. I skattåret 1951/52 svara om lag 350 000 personar statsskatt på midel. Vi hadde då dei same minstegrensene for skattlegging av midel som før krigen. I 1953/54 låg dette skattyrtartalet kring 150 000, av di folk nå slapp statsskatt på liten midel. Vel halvparten av dei som betalte skatt til staten av midel i 1939/40, ville i 1953/54 truleg vore skattefrie. Dei fleste andre ville i dag fått skatt etter høgare satsar enn før krigen. På storparten av midelen som vart skattlagd i 1953/54 fall det nemleg 2 og 3 gonger så mykje skatt, ja ofte opp til 5 og 6 gonger så mykje skatt som før krigen. Hovudresultatet av endringane i statsskatten på nominell midel til skattepliktige i skatteklass 1 og høgare har vore at på heller liten midel fell det ikkje lenger statsskatt, på litt større midel og stor midel fell det svært mykje meir, men på serleg stor midel mindre skatt enn tidlegare.

Det er ikkje berre variasjonane i skattesatsane som har verka inn på skattlegginga av midel i dette tidsrommet. Endringar i skattereglane og i likningsarbeidet har òg hatt innverknad på den midelen som skatten er rekna av. Såleis måtte det ved likninga m. a. takast omsyn til dei tilhøva som fylgte av krig og okkupasjon, t. d. krigsskader, midel i utlandet osb. Dessutan hadde òg vedtak på andre omkverve, t. d. prisføresegner mykje å seia.

Skal vi få eit fullgodt bilet av utviklinga i skattlegginga av midel, er det ikkje nok berre å sjå på dei nominelle skattane og den nominelle midelen som vert lagt til grunn ved likninga. Vi må òg ta omsyn til korleis pengeverdet har endra seg. Ser vi nedgangen i pengeverdet i samanheng med skattereglar og likningspraksis, vil vi finna at dei reelle skattesatsane nå, jamført med tida før krigen, ligg mykje høgare enn det ein får inntrykk av ved ei samanlikning av dei nominelle skattesatsane. Dei reelle skattesatsane i budsjettåret 1953/54 er i mange høve både 5- og 10-dobla jamført med budsjettåret 1939/40.

Det som vi hittil har nemnt om endringar i skattlegginga av midel, skal vi gå nærmare inn på i bok II og III.

I bok IV skal vi gi ei kort utgriing om eingongsskatten. Denne skatten vart likna ut på grunnlag av auke i midel i krigstida. Grunnlaget her var såleis eit heilt anna enn for dei meir ålmenne skattane på midel. Eit anna serdrag var den konfiskatoriske karakteren eingongsskatten hadde. Skattesatsane var på 30 prosent for dei første 10 000 kronene av den skatteberande auken i midel og gjekk så opp til 95 prosent for den auken som låg over 70 000 kroner.

Forutan dei meir ålmenne skattane på midel og eingongsskatten, har vi også hatt avgifter som på mange måtar har vore nær knytte til skattlegginga av midel. Det gjeld avgifta til Arbeiderfondet og seravgiftene til krigsskadetrygdene på bygningar og lausøyre. Avgifta til Arbeiderfondet var nærmast ein inntekts-skatt som m. a. var bunden av storleiken på den midelen som næringsdrivande åtte. Avgiftene til dei nemnde krigsskadetrygdene var i krigstida ein mellomting mellom trygdepremiar og eigedomsskattar. Etter krigen hadde dei meir karakter av ein eingongsskatt til staten på eigedom. Desse avgiftene skal vi sjå nærmare på i bok V.

Vi skal nå gå over til å sjå på endringane i skattlegginga av midel meir i detalj. Vi vil berre sjå på endringane i skatt på midel og ikkje på verknadene av denne skattlegginga, t. d. på inntektsfordelinga, personleg sparing, økonomisk aktivitet osb.

I den vidare framstellinga vert ofte midel i 1938, midel i 1945 osb. nytta som uttrykk for den meir presise midel pr. 1. januar 1939, midel pr. 1. januar 1946 osb. Sameleis vil vi nytta skatt på midel i 1938 som uttrykk for skatt på midel i skattåret (budsjetttåret) 1939/40 osb.

II. Endringar i pårekna midel som fylgje av skattelovgjeving og likningspraksis.

Det uttrykket for pårekna midel som vert nytta ved skattelikning er bunde av det omgrepet som går fram av skattelovane, av andre reglar i desse lovane, av likningspraksis, effektivitet i likningsstellet osb. I denne bolken skal vi sjå på endringar i nokre av desse faktorane.

Mange av endringane hang saman med tilhøve som krigen skapte. Etter frigjeringa var det såleis tre store oppgåver som styresmaktene og likningsstellet måtte løysa.

For det første var det å ta stode til skattereglar som kom under okkupasjonen. Dette vart gjort ved eit provisorisk vedtak i London av 25. januar 1945 og ved «Lov om okkupasjonslovgjevinga» av 27. september 1946. Etter loven av 1946 skulle alle slike lovar falla bort etter 31. desember 1947, dersom dei ikkje hadde falle bort tidlegare eller vorte vedtekne på ny i lovlege former.

For det andre var det å få orden på urimelege eller ulovlege likningsavgjersler frå okkupasjonstida. Styresmaktene drog med heimel i restitusjonsvedtaket av 17. august 1945 opp dei retningslinene likningsstellet skulle fylgja i dette arbeidet.

Den tredje store oppgåva var å få orden på skattlegging som var utsett.

Endringar i omgrepet midel etter skattelovane.

Skattelovgjevinga i denne tida har ikkje ført til prinsipielle endringar i innhaldet av omgrepet midel slik det går fram av skattereglane. Likevel har mange av endringane, som er nær knytte til lovreglane om den skattepliktige midelen, ført til at innhaldet av dette omgrepet har vorte noko brigda.

Omgrepet pårekna midel etter skattelovane for landet og byane av 1911 og etter «Lov om utskrivning av ekstraordinær skatt til staten av formue» av 1921, var fram til budsjettåret 1945/46 ikkje alltid det same. Før budsjettåret 1945/46 vart personar under 21 år likna saman med foreldra for ekstraordinær skatt. Etter skattelovane for landet og byane, som den ordinære pårekna midelen vert rekna ut etter, vart born likna saman med foreldra dersom dei var under 15 år, budde heime og ikkje sytte for seg sjølve. Denne aldersgrensa vart ved ei lovendring i 1946 sett opp til 16 år. Elles har det heile tida vore slik at skuleungdom, arbeidsuføre og andre som det vart gitt klassefrådrag for, skal liknast saman med forsytaren. Ein annan skilnad i omgrepet pårekna midel etter desse lovane galdt ved fastsettinga av verdet av innbu og lausøyre som ikkje gav noko inntekt. Etter «Lov om ekstraordinær formuesskatt til staten» skulle slik midel under 50 000 kroner ikkje skattleggjast. Etter skattelovane for landet og byane er det herads- og bystyrta som avgjer om, eventuelt korleis, midel i innbu og lausøyre som ikkje gir noko inntekt skal skattleggjast. Reglane er difor ulike frå kommune til kommune. Elles var det i loven av 1921 spesielle reglar ved overføring av midel til nære slektningar.

Frå og med budsjettåret 1945/46 vart omgrepet midel etter skattelovane for landet og byane nytta ved utlikninga av begge desse skattane. I grunnen var det slik at den ekstraordinære skatten fall bort, og i staden fekk vi ein tilleggsskatt på midel til staten med dei same satsane som den ekstraordinære skatten. I skattevedtaket heitte det nemleg:

«I stedenfor ekstraordinær skatt til staten av formue erlegges for budsjett-terminen 1945/46 en tilleggsskatt til staten av formue»

I skattevedtak for seinare år var likevel uttrykka «ekstraordinær formuesskatt» og «tilleggsskatt til staten på formue» jamstelte.

Ved å endra på grensene for verdet til skattefritt innbu og lausøyre, kan kommunestyra ha innverknad på den pårekna midelen. Dette er nok i stor mon gjort i tidsrommet 1938—52 der slik midel vert skattlagd. Sjølv om grensene jamt er sett høgare, har dette likevel hatt lite å seia for dei skattepliktige. Grunnen er at verdet av innbu og lausøyre vert sett uvanleg lågt ved likning. I Oslo svarar grensa, som nå er på 18 000 kroner, til eit verdi ved branngrygding på 50—60 000 kroner.

Til og med skattåret 1947/48 var atterkjøpsverdet av livspolisar skattefritt når polisane ikkje var over 10 000 kroner. Var polisane større, skulle midelen reknast som den brøkdelen av atterkjøpsverdet som fall på trygdesummen etter

frådrag av 10 000 kroner. I 1947 vart denne grensa sett til 10 000 kroner for skattepliktige i skatteklass 1 og til 15 000 kroner for skattepliktige i høgare skatteklassar.

På grunn av dei sereigne tilhøva som fylgde av krig og okkupasjon, kom det mange endringar i skattelovane som berre galdt eller gjeld for spesielle grupper av folket. 11. oktober 1941 kom ei forordning om at krigsskadde bygningar skulle liknast etter verdet på eigedomen 8. april 1940. Kravet på krigsskadebot skulle ikkje takast med. Sjøfolk, fangstfolk og tenestemenn som var ute under krigen, vart ikkje likna i budsjettåra 1941/42 til og med 1945/46 for midel som var spart opp av hyre, løn o. l. i tida 1940—44. For skattåret 1942/43 vart det slege fast at midel i utlandet som skatttytarar i Noreg ikkje rådde over som fylgje av krigen, likevel skulle skattleggjast. Dette vart endra det neste skattåret. Då skulle slik midel ikkje lenger skattleggjast, samstundes som det ikkje vart gitt frådrag for pantegjeld og anna gjeld knytt til denne midelen. Regelen sto ved lag til og med skattåret 1945/46. Okkupasjonsstyret gjorde i 1943 vedtak om at krigsfriviljuge skulle fritakast for skatt på midel og inntekt.

Under krigen og i 1946 vart det gitt spesielle lovar om likninga i visse landslutar som var hardt råka av krigen. Lovane frå 1946 galdt delvis til og med budsjettåret 1948/49.

I 1946 vart det òg gitt ein serlov om ny skattlegging i samband med oppgjerdet mellom staten og norske reiarlag. Ei tilsvarande ordning for kvæfangstselskapa kom i 1948. Det vart òg sett i verk reglar om endeleg likning av sjøfolk, fangstfolk, tenestemenn og andre som var ute under krigen. Her heitte det m. a. at midel som var spart opp av hyre o. l. og som difor i krigstida var friteken for skatt, først skulle skattleggjast for budsjettåret 1946/47 utan noko etterlikning.

Ved skattlegginga av midel til landssvikarar vart det nytta spesielle reglar, m. a. for å hindra at det fall skatt på midel som vart inndregen.

Dei ekstraordinære tiltaka som er nemnt her, hadde ofte stor innverknad på verdsettinga av midelen. Mykje av den ekstraordinære skattelovgjevinga førde til linnare skattlegging, t. d. ved at midel som det elles ville falle skatt på, ikkje straks vart rekna med ved likninga.

Likningspraksis og kontroll.

Verdsettinga av midel ved likning har i stor mon vore påverka av prisføresegner for faste eigedomar. I kunngjering frå Prisdirektoratet av 8. oktober 1940 heitte det:

«Det er forbudt ved salg av fast eiendom å ta eller kreve høyere pris enn rimelig bedømt etter prisforholdene for faste eiendommer i vedkommende distrikt i tidsrommet 1. januar—8. april 1940.»

Denne prisstoggen står ved lag framleis. Likningsstellet må difor retta seg etter dette ved verdsettinga av midel. Frå denne regelen er det likevel unnatak. Såleis skal skog liknast ut frå det verdet skogen har som varig inntektskjelde

ved vanleg god drift. Prisane på ved og tømmer får difor mykje å sia. Ofte er det pårekna verdet av skog ved skattlegging likevel lågt jamfört med det ein skulle koma fram til ut frå eit slikt grunnlag. Dette heng m. a. saman med at mange skogseigedomar ikkje er skikkeleg takserte.

Prisstoggen har kanskje mest å sia for skattlegginga av eldre bygningar. Bygningar som er sette opp etter 8. april 1940, kan verta skattlagde etter kostprisen minus det som det eventuelt er høve til å skriva av som tap p. gr. a. høge bygkekostnader. Pårekna salsverde som skal leggjast til grunn ved likning, vert likevel oftast sett lågare enn kostprisen. Prisstiginga på byggetilfang og den sterke lønsauken har trass i dette ført til at skattetakstane samanlikna med bruksverdet ligg mykje høgare på etterkrigsbygningar enn på førkrigsbygningar. Før krigen var det nok ein liknande skilnad i skattlegging av nye og gamle bygningar, sjølv om ulikskapen ikkje var så stor som nå. Vi kan difor seia at prisstoggen har ført til at skattlegging av midel i fast eigedom er skeivare nå enn før krigen. Samanliknar ein skattlegginga av finanskapital og eldre fast realkapital, vert skilnaden endå meir markert. Denne utviklinga må ein m. a. sjå i samanheng med husleigestoggen.

Ved likning av rørleg realkapital skal dei aktuelle prisane leggjast til grunn. I praksis vert nok svært ofte kostprisane nytta. Her er det likevel eit viktig unntak. Verdet av skip vert kvart år fastsett ut frå prisane på verdsmarknaden. I tider med prisstiging fører dette stort sett til at skip vert hardare skattlagd enn annan realkapital. Alt i alt er det truleg at den sterke prisstiginga frå 1938 til 1952 har ført til større ulikskap i skattlegginga av ymse former for midel enn før krigen.

Det som her er nemnt om verdsettinga av midel, skal vi sjå nærmere på ved samanlikninga av skattesatsane i ulike år.

Lov av 22. desember 1950 om mellombels tillegg til skattelovane for landet og byane tok bort høvet til å gjera overprisavskrivingar på driftsmiddel som skattekjeldige hadde fått i eige etter den 20. oktober 1950. Kongen kan likevel her gjera visse unntak.

Denne endringa har nok i stor mon verka inn på den pårekna midelen, både p. gr. av mindre sterke auke i midelen som fylge av større skatt på inntekt, og p. gr. av framgangsmåten ved likning av midel. Det siste gjeld likevel ikkje for reiarlag sidan det her vert nytta ein spesiell framgangsmåte ved likning av midel. Elles var det stort sett vanleg praksis ved likning av midel at overprisavskrivingar vert sett på som ordinære avskrivingar dersom det ikkje låg føre takst. Ved skattetaksering kom truleg også overprisavskrivingar stundom som frådrag i realkapitalen. Nå, når det ikkje lenger er høve til å skriva av for overpris, fører nok dette til at verdet av nyinvestert realkapital vert rekna å ha eit større verdi ved likninga enn tidlegare.

Samstundes som høvet til å gjera overprisavskrivingar vart teke bort, fekk vi reglar om fondsavsettingar til nyinvestering på seinare tidspunkt. Liknande reglar var gitt tidlegare i samband med eingongsskatten. Etter loven av 22. desem-

ber 1950 skulle òg utgiftsfrådraga for reparasjonar og vedlikehald på bygningar avgrensast. Til slike utgifter vert det nå berre gitt frådrag for 1,5 prosent av verdet på bygningar som var tekne i bruk før 1. januar 1940 og 1 prosent på bygningar tekne i bruk seinare. Reparasjons- og ombyggingsutgifter o. l. over dette vert det med visse unnatak ikkje teke omsyn til. Elles kan vi nemna at det alt tidlegare i dette året vart gjort vedtak om berre å gi inntektsfrådrag ved reparasjonar o. l. når det kunne provast at rasjoneringsføresegnene og andre vedtak om bruk av byggetilfang var fylgde. Desse nye reglane verkar nok inn på verdsettinga av midel ved likning både direkte og indirekte gjennom plaseringsmåten for midelen.

I tidsrommet 1938—52 har straffe- og kontrolltiltaka som likningsstellet skal eller kan nytta, jamt vorte strengare. Dette vart m. a. gjort ved endringar i skattelovane for landet og byane i 1943, 1944, 1947 og 1950. Dessutan vart viktige tiltak sette i verk i samband med eingongsskatten. Her skal vi berre nemna dei endringane som direkte har noko å seia for skattlegginga av midel.

I skattelovane er det nå slege fast at alle med ein bruttomidel på minst 10 000 kroner har sjølvmeldingsplikt. Tidlegare var det slik at personar som hadde rekneskapsplikt eller ei viss minsteinntekt, var pliktige å senda sjølv melding. Dessutan vert det nå kravt fleire og meir detaljerte opplysningar i sjølvmeldingane. Såleis må dei skattepliktige nå gi opp namnet på alle som dei har gjeld til eller krav på, når gjelda eller kravet er på minst 1 000 kroner. Denne regelen gjeld ikkje for bankar og trygdelag. Rikskattestyret kan dessutan m. a. gjera unnatak for visse grupper av skattepliktige. Tidlegare kunne likningsstellet berre i visse høve krevja slike oppgåver.

Likningsstellet sin rett til å få opplysningar på serskilt krav og til å gjera etterkjingar har vorte sterkt utvida. Før krigen hadde fysiske og juridiske personar lita plikt til å gi opplysningar om andre skattepliktige. Nå kan det m. a. krevjast både oppgåver og gjerast etterkjingar om det økonomiske samkvemmet med namngitte skattepliktige. Trygdelag må utan påminning senda oppgåver til likningsstellet om utbetaling av større trygdesummar. Riks kattestyret og andre med fullmakt kan dessutan gjera vedtak om at heile grupper av næringsdrivande skal gi generelle kontrolloppgåver til bruk ved likninga av andre skattepliktige. Det var det ikkje høve til tidlegare.

Før krigen var det ikkje slege fast i skattelovane kven som hadde plikt til å føra rekneskap. Det var gjort i andre lovar. Nå kan Kongen etter ei endring i skattelovane i 1950 gjera vedtak om rekneskapsplikt for visse grupper av næringsdrivande og skattepliktige som leier ut hus. Kongen kan nå vidare gi retningsliner for rekneskapsførsla, og likningsstellet kan krevja at einskilde næringsdrivande skal føra bøker, sjølv om slik plikt ikkje er ålmenn i næringa. Dessutan kan Finansdepartementet krevja at dei som har rekneskapsplikt, òg skal ha revisor dersom årsomsetninga siste rekneskapsår var på minst 300 000 kroner, eller dersom den samla utbetalte løna i same tidsrommet var på 75 000 kroner eller meir. Departementet kan dra opp retningsliner om revisjonen.

Ordninga er nå m. a. at revisoren saman med den skattepliktige skal skriva under sjølvmeldinga og andre opplysningar som likningsstellet krev. Han er med dette gjort delvis ansvarleg for oppgåvene til likningsstellet.

I tida 1938 til 1952 er det i skattelovane for landet og byane gitt heimel for svært mykje strengare straffereglar, t. d. fengselsstraff. Tidlegare var ikkje fengselsstraff direkte nemnt i skattelovane. Nye reglar om etterlikning og utrekning av tilleggsskatt som straff, har òg ført til at det vert teke tyngre på skattesvik. Serskilte straffereglar vart dessutan vedtekne i loven om eingongsskatt.

I 1945 vart det sett i verk to konkrete tiltak som hadde stor innverknad på skattlegginga av midel. Etter kongeleg resolusjon av 5. september 1945 skulle det den 9. september setjast i gang ombytte av pengesetlar. Dessutan skulle bankinnskot, verdepapir o. l. registrerast av den som sat med dei den 8. september. Dette vart i dei fleste høva gjort gjennom bankane og postverket. Verdepapir o. l. som ikkje vart registrert, fall automatisk til staten. Dette tiltaket hadde m. a. ein penge- og kredittpolitisk bakgrunn.

Etter provisorisk føresegn av. 5. september skulle det vidare gis ekstraordinære oppgåver til likningsstellet om midelen pr. 9. september 1945. Personar, selskap, institusjonar o. a. med brutto-midel under 10 000 kroner, var ikkje pliktige til å gjera dette. Det same galde bankar, trygdelag og hypotekforeiningar som hadde planar stadfesta av Kongen. Denne provisoriske føresegna gav dessutan likningsstellet gjennom skatteinspektørane fullmakt til sjølv eller ved sakkunnige å vurdera verdet av innbu og lausøyre m. m. Likningsstellet fekk òg rett til å krevja naudturvelege opplysningar av næringsdrivande og andre om namngitte personar og selskap. Slike opplysningar kunne òg krevest frå bankar, trygdelag osb. Dei same kontrollreglane vart det gitt heimel for i loven om eingongsskatt.

Ved at oppgåvene etter desse vedtaka vart samordna, fekk likningsstellet svært godt grunnlag for å slå fast etterkrigsmidelen til dei skattepliktige, både ved utlikning av eingongsskatten og ved utlikninga av annan skatt på midel. Skattesvik kom òg for dagen. Mykje midel vart difor etterlikna.

Dei kontroll- og straffetiltaka som det er gitt heimel for i skattelovane, og tiltaka med pengeinnløysing og registrering av verdepapir har ført til ei varig betring av likningsgrunnlaget. Likevel er det vanleg meinig at likningsstellet må byggjast vidare ut innan ein får full nytte av dei nemnde lovreglane.

III. Statsskattevedtaka for ordinær skatt, ekstraordinær skatt, krigsskadeavgift, verneskatt og serskatt på midel.

Desse skattevedtaka kan vi sjå på under eitt, sidan dei refererer til det same omgrepene for midel og til dei same skattepliktige personane. Berre dei endringane i statsskatt på midel som skriv seg frå sjølve skattevedtaka er tekne med i omtalen. Det er sett bort frå verknadene av endringar som er nemnt i bok II.

O p p b y g n a d e n t i l s k a t t e v e d t a k a .

I vedtaka om direkte skatt på inntekt og midel finn vi svært ofte reglar om skattefrie frådrag, frådrag i skatt og minstegrenser for skattlegging. Sjølvé skattesatsane går fram av grunntabellar og prosentvise tillegg. Dessutan er det stundom gitt maksimumsgrenser for skattlegginga. Skattesatsane kjem så fram ved ein samansetnad av ein eller fleire slike lekkar. Mange skattevedtak er bygde opp ved hjelp av eit anna vedtak, og stundom kan vi finna at det er nytta ein annan teknikk enn den som er nemnt her. Denne teknikken er likevel nå mest vanleg ved direkte skattlegging i Noreg.

Eit skattefritt frådrag i midelen er eit frådrag i den pårekna midelen, slik den går fram av skattelovane, likningspraksis o. l. Storleiken til dei skattefrie frådraga er oftast bunden av forsytingsplikta. Det finst likevel skattefrie frådrag som er like for alle skattytarar. Pårekna midel minus skattefritt frådrag kallar vi skatteberande midel.

Ei minstegrense for skattlegging av midel seier at når midelen kjem under ein viss storleik, skal den ikkje skattleggjast. Men kjem midelen over denne storleiken, skal heile midelen skattleggjast, dersom det samstundes ikkje vert nytta skattefrie frådrag. Kor høgt opp på midelskalaen denne grensa er lagt, kan vera bunde av forsytingsplikt, av om ein har inntektskatt osb.

Tabellar i skattevedtaka som viser korleis skatten i prosent eller i promille skal variera med midelen, vil her verta omtala som grunntabellar. I dei fleste grunntabellane for personlege skattepliktige er midelen delt opp i intervall. Midelen i kvart einskilt intervall vert så skattlagt etter ein viss skattekonsant. Progresjonen i skatten får ein fram ved å la skattekonsanten stiga frå intervall til intervall. Ynskjer ein å endra på progresjonen, kan dette gjerast ved å endra skattekonsantane i dei einskilde intervalla og/eller lengda på intervalla. Ein lett måte til å endra skattesatsane er å gjea prosentvise tillegg eller frådrag i grunntabellen.

Dersom storleiken av dei lekkane som eit skattevedtak er bygd opp av, fører til at skattelegginga på noko steg på skalaen vert høgare enn ynskjeleg, kan skatten avgrensast, t. d. ved ein regel om maksimal marginalskatt. Slike reglar vert her kalla maksimumsgrenser for skattlegging. Ei maksimumsgrense kan òg referera seg til sum skatt etter ulike skattevedtak.

E n d r i n g a r i s t o r l e i k e n t i l s t a t s s k a t t e n p å m i d e l .

I tabell 1 er det gitt eit oversyn over dei grunntabellane som er nytta i tidsrommet 1938—52. I denne tabellen er nokre av intervalla delt opp slik at det for kvart år er råd å summera grunntabellane etter dei ulike statsskattevedtaka. I tabell 2 er skatten rekna ut i promille av pårekna midel. Dessutan har vi i figur 1 gitt grafiske framstellingar i halvlogaritmisk skala av skatt i promille av pårekna midel i 1938, 1950 og 1952. Ved å nytta halvlogaritmisk skala kan vi lett samanlikna progresjonen i skattesatsane ved å sjå på hellinga til kurvene. Same helling gir nemlig i ei slik grafisk framstelling uttrykk for like sterke pro-

gresjon. I ei grafisk framstelling med aritmetisk skala vil derimot hellinga til kurvene for like sterkt progresjon variera med høgda på skattesatsane. Når skattesatsane er høge, vil hellinga i ein slik skala vera større enn når skattesatsane er låge, sjølv om progresjonen er den same.

I det ordinære statsskattevedtaket for budsjettåret 1939/40 var det to minstegrenser for skattlegging av midel. Dersom den skattepliktige skulle svara inntektsskatt til staten var grensa 5 000 kroner. Dei som ikkje vart likna inntektskatt, skulle svara skatt på midel dersom midelen var minst 20 000 kroner. Kom midelen over desse grensene, skulle heile midelen skattleggjast. Ein person utan skatt på inntekt fekk t. d. ingen skatt på ein midel på 19 900 kroner. Etter reglane i statsskattevedtaka vert nemleg midel runda av nedover til nærmeste heile 1 000, altså her til 19 000 kroner. Var midelen 100 kroner større, fekk han skatt av 20 000 kroner. Desse minstegrensene sto uendra til og med skattåret 1951/52. I denne tida var altså skattlegginga av heller liten midel bunden av om den skattepliktige hadde inntektsskatt til staten eller ikkje.

Grunntabellen i vedtaket om ordinær statsskatt på midel var den same fra budsjettåret 1921/22 til og med budsjettåret 1950/51. Sjølve grunntabellen for ekstraordinær skatt på midel var den same fra og med budsjettåret 1924/25 til og med budsjettåret 1950/51, som var det siste året denne skatten vart likna ut. Men i budsjettåra 1932/33 til 1939/40 vart det gitt prosentvise frådrag i skatten etter den faste grunntabellen. I budsjettåret 1939/40 var det prosentvise frådraget på 10 prosent. Fra og med budsjettåret 1940/41 galdt grunntabellen fullt ut. I dette året vart difor skatten på midel auka noko i høve til 1939/40 for midel over 125 000 kroner. Dette går fram av tabell 1 og 2.

For budsjettåret 1939/40 var det berre ei maksimumsgrense. Den var knytt til den ekstraordinære skatten på midel og skreiv seg alt fra budsjettåret 1933/34. Utforminga i skattevedtaket var:

«§ 3. Forsåvidt for noen skattepliktig det samlede ham ilagte skatteinbølp til stat og kommune etter ligningen (i tilfelle klagebehandlingen) for 1939—40 ved utskrivingen av ekstraordinær formuesskatt etter foranstående bestemmelser bringes til å overstige 75 pct. av den antatte inntekt ved statsskattligningen, blir på andragende den ekstraordinære formuesskatt å nedsette, i tilfelle å frafalle, i den utstrekning hvori den overstiger nevnte grense. Andragende som her nevnt inngis til og avgjøres av Anke-nevnden.»

Regelen sto stort sett uendra fram til budsjettåret 1949/50. I 1950/51 vart grensa sett opp til 80 prosent. Fra og med budsjettåret 1946/47 vart regelen nærmare presisert. Det vart då sagt at straffetillegg ikkje skulle rekna med i den samla skatten.

Som det går fram av denne regelen, hadde storleiken av skatt på inntekt innverknad på avgrensinga av den ekstraordinære skatten på midel. Denne maksimumsgrensa vart berre aktuell når midelen og inntekta var uvanleg stor, eller når midelen var stor og den skattepliktige hadde lita inntekt.

Frå skattåret 1940/41 til og med skattåret 1945/46 vart det ikkje gjort endringar i statsskattevedtaka om skattlegginga av midel. Likevel er det grunn til å nemna at i det ordinære statsskattevedtaket for budsjettåret 1941/42 vart det sett ei maksimumsgrense for skattlegginga av inntekt. Skatt på midel fekk frå nå av innverknad på skattlegginga av inntekt.

I «Lov om dekning av utgifter i samband med krigsskadeoppgiøret» av 6. juni 1947 vart det m. a. gitt heimel for å krevja inn krigsskadeavgift av midel og inntekt. Inntektene av krigsskadeavgifta skulle nyttast til vederlag for dei som hadde lide krigsskade. Krigsskadeavgifta skulle liknast ut på inntekt og midel i 1945 og 1946. Om krigsskadeavgifta på personlege skattytarar heitte det i vedtaket:

«C. Andre avgiftspliktige skal svare krigsskadeavgift beregnet på grunnlag av formuen ved den ordinære statsskattligning for vedkommende budsjetttermin, etter følgende satser:

$\frac{3}{4}$ pst. av første	kr. 10 000,
$1\frac{1}{2}$ » » de neste »	20 000,
2 » » » »	20 000,
$2\frac{1}{2}$ » » » »	50 000,
3 » » » »	50 000,
$3\frac{1}{2}$ » » » »	50 000,
4 » » den overskytende del.,	

Når den skattbare inntekt overstiger

kr. 6 900 for avgiftspliktige i klasse 1,	
» 8 900	—»— 2,
» 9 900	—»— 3,
» 10 900	—»— 4,
» 11 900	—»— 5,
» 12 900	—»— 6,
» 13 900	—»— 7, eller
» 14 900	—»— 8,

skal krigsskadeavgiften minst utgjøre et beløp som svarer til 12,5 pst. av den utlignede ordinære skatt til staten av formue og inntekt for terminen. Når den skattbare inntekt overstiger

kr. 4 900 for avgiftspliktige i klasse 0,	
» 7 900	—»— 1,
» 9 900	—»— 2,
» 10 900	—»— 3,
» 11 900	—»— 4,
» 12 900	—»— 5,
» 13 900	—»— 6,
» 14 900	—»— 7, eller
» 15 900	—»— 8,

skal krigsskadeavgiften minst utgjøre et beløp som svarer til 25 pst. av den utlignede ordinære statsskatt på formue og inntekt for terminen. Avgift som blir beregnet etter reglene i dette ledd skal dog ikke overstige halvparten av den del av den skattbare inntekt som ligg over grensen etter første punktum for avgiftspliktige i klasse 1 og høyere klasser eller over

grensen etter annet punktum for avgiftspliktige i klasse 0. Når avgift blir beregnet etter reglene i dette ledd skal heller ikke i noe tilfelle en stigning i den skattbare inntekt på kr. 100 medføre en stigning i avgiftsbeløpet på mer enn kr. 50.»

Krigsskadeavgifta vart altså likna ut etter 3 alternativ. Det alternativet som i kvart tilfelle gav den høgaste krigsskadeavgifta, skulle nyttast. I svært mange høve gav ikkje avgifta på midel den høgaste inntekta, slik at eit av dei andre alternativa vart nytta. Slik var det når inntekta var stor i høve til midelen. Det første alternativet skulle ikkje nyttast dersom midelen var under 10 000 kroner. Elles vart krigsskadeavgifta rekna ut etter reglane som galdt for den ordinære statsskatten på inntekt og midel.

Dei grunntabellane som står for krigsskadeavgifta i tabell 1 har ein rekna seg fram til på grunnlag av vedtaket for å kunna summena krigsskadeavgifta på midel med den ordinære og ekstraordinære skatten. Som det går fram av denne tabellen og av vedtaket om krigsskadeavgift, auka marginalskatten på midel sterkt i 1945 og 1946 dersom den skattepliktige hadde lita eller inga inntekt. Auken i marginalskatten på midel var derimot mykje mindre dersom inntekta var så stor at alternativ 2 eller 3 vart nytta.

I «Lov om verneskatt» av 9. juli 1948 vart det gitt heimel for utlikning av serskilt skatt til dekning av ekstraordinære løyvingar til forsvarsføremål. I vedtaket om verneskatt for budsjettåret 1948/49 heitte det m. a.:

«B. Andre skattepliktige skal svare verneskatt beregnet på grunnlag av formuen etter følgende satser:

$\frac{1}{2}$	pst.	av de første	kr. 10 000
1	»	»	nesten kr. 20 000
$1\frac{1}{2}$	»	»	» 20 000
2	»	»	» 50 000
$2\frac{1}{2}$	»	»	» 50 000
3	»	»	den overskytende del.

Når inntekten overstiger

kr. 7 900	for skattepliktige i klasse 1,	
» 10 500	—»—	2,
» 12 100	—»—	3,
» 13 800	—»—	4, osv.

skal verneskatten skrives ut med et beløp som minst svarer til 12,5 pst. av den utlignede ordinære skatt til staten av formue og inntekt. Når inntekten overstiger

kr. 4 900	for skattepliktige i klasse 0,	
» 8 900	—»—	1,
» 11 500	—»—	2,
» 13 100	—»—	3,
» 14 800	—»—	4, osv.

skal verneskatten skrives ut med et beløp som minst svarer til 25 pst. av den utlignede ordinære statsskatt på formue og inntekt. Skatt som blir beregnet etter reglene i dette ledd skal dog ikke overstige halvparten av den del av den inntekt som ligg over grensen etter første punktum for skattepliktige i klasse 1 og høyere klasser eller over grensen etter annet

punktum for skattepliktige i klasse 0. Når skatt blir beregnet etter reglene i dette ledd, skal heller ikke i noe tilfelle en stigning i den skattbare inntekt på kr. 100 medføre en stigning i skatteinntaket på mer enn kr. 50.»

Vedtaket om verneskatt på inntekt og midel for budsjettåret 1948/49 var såleis prinsipielt bygd opp på same måten som vedtaket om krigsskadeavgift sjølv om skattesatsane ikkje alltid var dei same. Alternativ 1 skulle ikkje nyttast dersom midelen var under 30 000 kroner, endå om eigaren hadde statsskatt på inntekt. Hadde eigaren ikkje statsskatt på inntekt, skulle grensa vera 50 000 kroner. Var midelen større, vart heile midelen skattlagd. Etter alternativ 2 og 3 fekk vi, på ein tilsvarende måte som for krigsskadeavgifta, dei same minstegrensene for midel som i det ordinære statsskattevedtaket. Verneskatten var noko mindre enn krigsskadeavgifta etter alternativ 1. I svært mange høve galdt dette òg for alternativ 2 og 3, fordi inntektsgrensene her låg noko høgare enn i vedtaket om krigsskadeavgift. Alt i alt vart resultatet at sum statsskatt på midel i 1947, og då serleg på liten midel, for mange skattepliktige vart noko mindre enn i 1945 og 1946.

I skattåret 1949/50 vart det korkje likna ut verneskatt eller krigsskadeavgift på inntekt og midel. Den ordinære og ekstraordinære skatten var uendra. Skattlegginga av midel vart såleis linnare enn i åra 1946/47 til 1948/49, men lik skattlegginga i tida 1939—44.

I skattåret 1950/51 vart serskatten på midel likna ut for første gong. Samstundes vart atter verneskatten likna ut, men nå i ei ny form. Dette året vart det difor likna ut ikkje mindre enn 4 ålmenne statsskattar på midel.

Vedtaket om serskatt var bunde til vedtaket om ordinær skatt til staten på midel. I vedtaket heitte det at alle personlege skattytarar med midel under 20 000 kroner skulle svara ein serskatt som var lik den ordinære statsskatten på midel dersom dei hadde statsskatt på inntekt. Hadde den skattepliktige ikkje statsskatt på inntekt, vart denne grensa sett til 80 000 kroner. Var midelen 20 000 kroner eller større enn for skattepliktige med statsskatt på inntekt og 80 000 kroner eller større for skattepliktige utan statsskatt på inntekt, skulle serskatten vera det fireoble av heile den ordinære statsskatten på midel inntil 1 mill. kroner. Av den delen av midelen som var større enn 1 mill. kroner skulle det svarast ein serskatt på 15 promille.

Verneskatten vart likna ut som eit prosentvist tillegg av statsskatten på inntekt og midel etter det ordinære statsskattevedtaket inklusiv serskatten på midel. Tillegget var på 10 prosent. Skatten skulle ikkje liknast ut dersom den ville verta mindre enn 20 kroner. Den siste regelen kunne difor føra til at minstegrensene for verneskatt på midel vart heller høge. Ein skattytar utan statskatt på inntekt svara såleis i 1950/51 først verneskatt når midelen var på minst 80 000 kroner.

Serskatten og verneskatten førde til at skattlegginga av midel stort sett vart hardare enn nokon gong før. Berre i dei høve då krigsskadeavgifta og verneskatten i skattåra 1946/47 til 1948/49 vart likna ut etter alternativ 1, hadde

den meir årmenne skatten vore høgare tidlegare. For alle med midel under 20 000 kroner, og for alle med midel under 80 000 kroner som ikkje hadde inntekts-skatt til staten, vart skatten minst dobla samanlikna med året før. Skatttytarar med midel over desse grensene, men ikkje over 125 000 kroner fekk skatten mellom 5- og 6-dobla. Derifra gjekk auken i skatten ned frå ei 5-dobling til den for uvanleg stor midel (ca. 30 mill. kroner) vart om lag ein halv gong til så høg som året før.

I skattåret 1950/51 vart maksimumsgrensa i det ordinære statsskattevedtaket sett opp frå 90 til 95 prosent av marginalinntekta. Verneskatten og serskatten kom nå med i den samla skatten ved avgrensinga av inntektsskatten til staten, men tilleggsskatten (ekstraordinær skatt) på midel skulle ikkje lenger reknast med. Samstundes vart maksimumsgrensa i vedtaket om tilleggsskatt til staten på midel heva til 80 prosent. Dessutan kom det nå tydeleg fram at dersom den skattepliktige hadde krav på nedsetting av inntektsskatten etter avgrensingsregelen i det ordinære statsskattevedtaket, skulle den nedsette skatten på inntekta leggjast til grunn ved bruken av avgrensingsregelen i vedtaket om tilleggsskatt til staten på midel. Tidlegare var det ikkje heilt klårt kva for ein avgrensingsregel som først skulle leggjast til grunn, dersom den samla skatten kom over maksimumsgrensene. Alt i alt førde dei endringane som her er nemnt til høgare statsskatt på inntekt og midel for folk som kom inn under reglane.

Skattlegginga av midel hadde nå vorte svært innfløkt.

Frå og med skattåret 1951/52 tok styresmaktene til med arbeidet å gjera skattlegginga enklare. Dette året fall vedtaket om tilleggsskatt (ekstraordinær skatt) på midel bort. I staden vart denne skatten delvis arbeidd inn i det ordinære statsskattevedtaket ved at vi her fekk ein ny grunntabell. Vedtaket om serskatt på midel var det same som året før. Verneskatten vart òg dette året likna ut som eit tillegg på 10 prosent av skatten etter det ordinære statsskattevedtaket. Men både serskatten og verneskatten auka noko på midel over 125 000 sidan tilleggsskatten nå delvis var arbeidd inn i det ordinære statsskattevedtaket. I vedtaket om verneskatt var det dessutan ei lita teknisk endring som i realiteten hadde lite å seia. Nå vart ikkje verneskatten likna ut dersom skatten etter det ordinære statsskattevedtaket, inklusiv serskatten på midel var mindre enn 200 kroner.

Desse endringane i statsskattlegginga for budsjettåret 1951/52 hadde ikkje noko å seia for storparten av skatttytarane. Skattesatsane på midel til og med 125 000 kroner var nemleg uendra. 95 prosent av dei som fekk skatt etter desse vedtaka hadde mindre midel enn dette. På midel mellom 125 000 kroner og 475 000 kroner fall det meir skatt i skattåret 1951/52 enn i 1950/51. Større midel vart derimot skattlagt linnare. Avgrensingsregelen som vi hadde i vedtaket om tilleggsskatt til staten på midel fall bort då denne skatten vart arbeidd inn i det ordinære statsskattevedtaket. Avgrensingsregelen i det ordinære vedtaket sto derimot ved lag stort sett uendra. Dette førde til at folk med midel over 475 000 kroner i sume høve kunne få større skatt på midel i 1950 enn året før, sidan ein del

av statsskatten på midel ikkje lenger kunne avgrensast serskilt. Oftast vart likevel skatten på stor midel sterkt redusert i 1950 samanlikna med 1949.

I skattåret 1952/53 vart skattlegginga etter gjort enklare. Både serskatten og verneskatten fall bort og vi fekk den ålmenne skatten til staten på midel samla i eitt vedtak. Etter dette vedtaket skulle midel under 20 000 kroner ikkje skattleggjast. Elles fall det skatt på heile midelen. Vi fekk med andre ord den same minstegrensa som frå før av galdt for skattepliktige som ikkje hadde stats-skatt på inntekt. Frå og med dette året vart det difor ikkje lenger gjort nokon skilnad mellom skattepliktige med og utan statsskatt på inntekt. Sidan minstegrensa for midel til folk som svara inntektskatt til staten vart sett opp frå 5 000 kroner til 20 000 kroner, gjekk talet på skattytarar sterkt ned. I alt betalte vel 160 000 personar statsskatt på midel i 1952/53 mot vel 350 000 året før. Elles førde endringane i skattlegginga i dette året til at det på midel mellom 20 000 kroner og 130 000 kroner stundom fall litt meir og stundom litt mindre skatt enn året før. På større midel vart skatten noko lågare i 1952/53 enn i 1951/52. Hovudresultatet av desse endringane var at alle med midel under 20 000 kroner ikkje lenger vart skattlagde. Endringane var elles små for dei fleste andre skattepliktige.

I statsskattevedtaket for budsjettåret 1953/54 vart det gjort eit prinsipielt brigde i skattlegginga av midel. I staden for ei minstegrense for skattlegging av midel vart det innført skattefrie frådrag etter forsytingsplikt. Frådraget var på 15 000 kroner i skatteklasse 1 og på 25 000 kroner i skatteklasse 2 og høgare. Men samstundes kom det endringar i grunntabellen, slik at marginalskatten på skatteberande midel opp til 140 000 kroner vart sett noko opp frå året før. Marginalskatten på større midel vart derimot sett ned. Desse endringane førde stort sett til lågare skattlegging i skattåret 1953/54 enn i skattåret 1952/53. Likevel var det visse unnatak. Såleis måtte skattytarar i skatteklasse 1 etter betala skatt på midel over 15 000 kroner, medan grensa året før var 20 000 kroner. Skatten var dessutan høgare i skatteklasse 1 for midel mellom 53 000 og 173 000 kroner. På midel i skatteklasse 1 mellom 20 000 kroner og 28 000 kroner og under 48 000 kroner i høgare klasser vart statsskatten minst halvert. Alt i alt fekk drygt halvparten av skattytarane året før, nå anten ikkje statsskatt på midel eller mindre enn det halve. Den prosentvise nedgangen i skattesatsane for stor midel var liten. Skatten på midel kunne dessutan dette året verta sett ned etter ein ny avgrensingsregel. Det hadde det ikkje vore høve til etter at tilleggsskatten delvis vart arbeidd inn i det ordinære statsskattevedtaket. I den nye avgrensingsregelen heitte det m. a.:

«Dersom den samlede skatt til stat og kommune av inntekt og formue, herunder innskuddsskatt, alderstrygd- og krigspensjoneringsavgift, etter endelig likning for noen skattepliktig på noe trinn av den antatte inntekt ved statsskattelikningen overstiger 85 prosent av inntekten, blir etter søknad den iliknede statsskatt av inntekt å nedsette, i tilfelle å frafalle, i den utstrekning den overstiger nevnte grense. Ved beregningen blir inntektskatt til


kommunen, innskuddsskatt, alderstrygd- og krigspensjoneringsavgift samt formuesskatt å fordele forholdsmessig på hele den antatte inntekt. Dersom den samlede skatt — etter den liknede statsskatt av inntekt er frafalt — fremdeles på noe trinn overstiger 85 pst. av inntekten, blir også den liknede formuesskatt til staten å nedsette i den utstrekningen den leder til at den samlede skatt på noe trinn av den antatte inntekt overstiger nevnte grense. Formuesskatten kan dog ikke nedsettes med mer enn 50 pst. av det utliknede beløp.»

Det nye her var, forutan at maksimumsgrensa vart sett ned frå 90 prosent til 85 prosent, at statsskatten på midel øg kunne setjast ned inntil 50 prosent dersom det ikkje var nok at heile statsskatten på inntekt fall bort. Framleis kan det likevel teoretisk tenkjast at dei samla skattane kjem over 100 prosent av inntekta. Men dette er svært sjeldsynt, sidan midelen må vera stor og gi lita eller inga inntekt, samstundes som den skattepliktige ikkje kan ha noko serleg inntekt frå andre kjelder.

For dei fleste skatttytarane nådde skattlegginga av midel høgdepunktet i 1949 og 1950. Ser vi bort frå eingongsskatten, kunne skatten på midel under 37 000 kroner berre verta større når alternativ 1 for krigsskadeavgifta vart nytta i 1945 og 1946 og alternativ 1 for verneskatten vart nytta i 1947. Dvs. at om lag 80 prosent av skatttytarane i 1949 og 1950 ville fått mindre ålmenn skatt på midel dersom skattesatsane frå andre år hadde vorte nytta. Skattesatsane på midel mellom 37 000 kroner og 475 000 kroner var med dei same atterhalda delvis høgast i 1950, delvis i 1951 og delvis i 1952, og for midel på 475 000 kroner og over nådde skattlegginga høgdepunktet i 1949.

Samanliknar vi skattlegginga av midel i 1938 og 1952, viser det seg at vel halvparten av dei som hadde statsskatt på midel i 1938 truleg ville vorte skattefrie dersom skattesatsane dette året hadde vore dei same som i 1952. Grunnen til dette er at i 1952 vart det nytta skattefrie frådrag i midelen på 15 000 kroner i skatteklass 1 og 25 000 kroner i høgare skatteklassar, mot i 1938 då det vart nytta ei minstegrense på 5 000 kroner for dei som hadde statsskatt på inntekt og ei minstegrense på 20 000 kroner for dei utan statsskatt på inntekt. Storparten av dei andre ville fått meir skatt fordi skattesatsane i grunntabellen for 1952 stort sett var høgare enn i 1938.

Ser vi nærmare på skattesatsane i figuren og i tabellane, viser det seg at midel under 18 000 kroner til skattepliktige i skatteklass 1 m e d inntektsskatt til staten og midel under 31 000 kroner til skattepliktige i høgare skatteklassar vart linnare skattlagt i 1952 enn i 1938. Det same galdt for midel over om lag 7 millionar kroner. All annan midel, m. a. midelen på 16 000 kroner til 20 000 kroner til skattepliktige i skatteklass 1 u t a n inntektsskatt til staten, vart skattlagt hardare i 1952 enn i 1938. I området frå 18 000 kroner i skatteklass 1 og frå 31 000 kroner i skatteklass 2 til om lag 7 millionar kroner, kunne skattesatsane i 1952 samanlikna med 1938 ofte vera svært mykje høgare. I visse høve var dei vel seksdobla. Svært ofte var skattesatsane minst 2 eller 3 gonger så høge. For midel over 7 mill. kroner var endringane derimot ikkje så store, men det var heller ikkje mange skatttytarar som dette fekk noko å seia for.



Tabell 1. Grunntabellar for ålmenn skattlegging av midel til personlege skattytarar. 1938 til 1952.

Av den skatt- berande midelen skal det betalast	Intervall for midel 1938—48	1938		1939—44 og 1948		1945 og 1946						1947						
		Ordi- nær skatt	Ekstra- ordinær skatt	Sum skatt	Ekstra- ordinær skatt	Sum skatt ²	Krigsskadeavgift			Sum skatt ⁴			Verneskatt			Sum skatt ⁴		
							Alt. 1 ³	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 1 ³	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 1 ⁵	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3
	Kroner	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	Pro- mille	
Av dei første...	10 000	0.3	—	0.30	—	0.3	7.5	0.0375	0.0750	7.8	0.3375	0.3750	5.0	0.0375	0.0750	5.3	0.3375	0.3750
Av dei neste...	20 000	0.5	—	0.50	—	0.5	15.0	0.0625	0.1250	15.5	0.5625	0.6250	10.0	0.0625	0.1250	10.5	0.5625	0.6250
—»—	20 000	0.5	—	0.50	—	0.5	20.0	0.0625	0.1250	20.5	0.5625	0.6250	15.0	0.0625	0.1250	15.5	0.5625	0.6250
—»—	50 000	1.0	—	1.00	—	1.0	25.0	0.1250	0.2500	26.0	1.1250	1.2500	20.0	0.1250	0.2500	21.0	1.1250	1.2500
—»—	25 000	1.5	—	1.50	—	1.5	30.0	0.1875	0.3750	31.5	1.6875	1.8750	25.0	0.1875	0.3750	26.5	1.6875	1.8750
—»—	25 000	1.5	3.60	5.10	4.0	5.5	30.0	0.1875	0.3750	35.5	5.6875	5.8750	25.0	0.1875	0.3750	30.5	5.6875	5.8750
—»—	50 000	2.0	3.60	5.60	4.0	6.0	35.0	0.2500	0.5000	41.0	6.2500	6.5000 ¹	30.0	0.2500	0.5000	36.0	6.2500	6.5000
—»—	100 000	2.5	4.50	7.00	5.0	7.5 ¹	40.0	0.3125	0.6250	47.5	7.8125	8.1250	31.25	0.6250	37.5	7.8125	8.1250	
—»—	100 000	3.0	5.40	8.40	6.0	9.0	37.50	0.7500	49.0	9.3750	9.7500	37.50	0.7500	39.0	9.3750	9.7500		
—»—	100 000	3.0	6.30	9.30	7.0	10.0	37.50	0.7500	50.0	10.3750	10.7500	37.50	0.7500	40.0	10.3750	10.7500		
—»—	100 000	3.5	6.30	9.80	7.0	10.5	43.75	0.8750	50.5	10.9375	11.3750	43.75	0.8750	40.5	10.9375	11.3750		
—»—	200 000	3.5	7.20	10.70	8.0	11.5	43.75	0.8750	51.5	11.9375	12.3750	43.75	0.8750	41.5	11.9375	12.3750		
—»—	200 000	3.5	8.10	11.60	9.0	12.5	43.75	0.8750	52.5	12.9375	13.3750	43.75	0.8750	42.5	12.9375	13.3750		
—»—	250 000	4.0	9.00	13.00	10.0	14.0	50.000	1.0000	54.0	14.5000	15.0000	50.000	1.0000	44.0	14.5000	15.0000		
—»—	250 000	4.0	9.90	13.90	11.0	15.0	50.000	1.0000	55.0	15.5000	16.0000	50.000	1.0000	45.0	15.5000	16.0000		
—»—	500 000	4.0	10.80	14.80	12.0	16.0	50.000	1.0000	56.0	16.5000	17.0000	50.000	1.0000	46.0	16.5000	17.0000		
—»—	1 000 000	5.0	11.70	16.70	13.0	18.0	62.50	1.2500	58.0	18.6250	19.2500	62.50	1.2500	48.0	18.6250	19.2500		
—»—	1 000 000	5.0	12.60	17.60	14.0	19.0	62.50	1.2500	59.0	19.6250	20.2500	62.50	1.2500	49.0	19.6250	20.2500		
—»—	1 000 000 ¹	6.0	12.60	18.60	14.0	20.0	10.7500	1.5000	60.0	20.7500	21.5000	10.7500	1.5000	50.0	20.7500	21.5000		
—»—	2 000 000	13.50	19.50	15.0	21.0				61.0	21.7500	22.5000			51.0	21.7500	22.5000		
—»—	3 000 000	15.75	21.75	17.5	23.5				63.5	24.2500	25.0000			53.5	24.2500	25.0000		
—»—	5 000 000	18.00	24.00	20.0	26.0				66.0	26.7500	27.5000			56.0	26.7500	27.5000		
—»—	5 000 000	20.25	26.25	22.5	28.5				68.5	29.2500	30.0000			58.5	29.2500	30.0000		
—»—	5 000 000	22.50	28.50	25.0	31.0				71.0	31.7500	32.5000			61.0	31.7500	32.5000		
—»—	5 000 000	24.75	30.75	27.5	33.5				73.5	34.2500	35.0000			63.5	34.2500	35.0000		
Av større midel		27.00	33.00	30.0	36.0				76.0	36.7500	37.5000			66.0	36.7500	37.5000		

¹ Av større midel. ² Ordinær skatt som i 1938. ³ Dette alternativet skulle ikke nyttast dersom midelen var under 10 000 kroner. ⁴ Ordinær og ekstrordinær skatt som i 1939—44. ⁵ Dette alternativet skulle ikke nyttast dersom midelen var under 30 000 kroner. Låg midelen mellom 30 000 kroner og 50 000 kroner skulle det berre svarast verneskatt etter dette alternativet dersom den skattepliktige øg hadde inntektskatt til staten.

Tabell 1 (framhald).

Av den skatt-berande midelen skal det betalast	1949						1950						1951		1952	
	Intervall for midel	Ordi-nær skatt	Ekstra-ordinær skatt	Ser-skatt ²	Verne-skatt ³	Sum skatt	Intervall for midel	Ordi-nær skatt	Ser-skatt ²	Verne-skatt ⁴	Sum skatt	Intervall for midel	Ordi-nær skatt	Intervall for midel	Ordi-nær skatt	
	Kroner	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Kroner	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Kroner	Pro-mille	Kroner	Pro-mille	
Av dei første	10 000	0.30	—	1.20	0.15	1.65	10 000	0.30	1.20	0.15	1.65	20 000	2.00	20 000	2.50	
Av dei neste	40 000	0.50	—	2.00	0.25	2.75	40 000	0.50	2.00	0.25	2.75	40 000	3.00	30 000	5.00	
—»—	50 000	1.00	—	4.00	0.50	5.50	50 000	1.00	4.00	0.50	5.50	40 000	6.00	50 000	7.50	
—»—	25 000	1.50	—	6.00	0.75	8.25	25 000	1.50	6.00	0.75	8.25	40 000	9.0	100 000	10.00	
—»—	25 000	1.50	4.00	6.00	0.75	12.25	25 000	2.50	10.00	1.25	13.75	40 000	12.00	100 000	12.50	
—»—	50 000	2.00	4.00	8.00	1.00	15.00	50 000	3.00	12.00	1.50	16.50	40 000	15.00	200 000	15.00	
—»—	100 000	2.50	5.00	10.00	1.25	18.75	100 000	3.50	14.00	1.75	19.25	80 000	18.00		¹ 17.50	
—»—	100 000	3.00	6.00	12.00	1.50	22.50	700 000	4.00	16.00	2.00	22.00		¹ 20.00			
—»—	100 000	3.00	7.00	12.00	1.50	23.50	1 000 000	4.00	15.00	1.90	20.90					
—»—	100 000	3.50	7.00	14.00	1.75	26.25	2 000 000	5.00	15.00	2.00	22.00					
—»—	200 000	3.50	8.00	14.00	1.75	27.25		¹ 6.00	¹ 15.00	¹ 2.10	¹ 23.10					
—»—	200 000	3.50	9.00	14.00	1.75	28.25										
—»—	250 000	4.00	10.00	¹ 15.00	1.90	30.90										
—»—	250 000	4.00	11.00		1.90	31.90										
—»—	500 000	4.00	12.00		1.90	32.90										
—»—	1 000 000	5.00	13.00		2.00	35.00										
—»—	1 000 000	5.00	14.00		2.00	36.00										
—»—	1 000 000	¹ 6.00	14.00		¹ 2.10	37.10										
—»—	2 000 000		15.00			38.10										
—»—	3 000 000		17.50			40.60										
—»—	5 000 000		20.00			43.10										
—»—	5 000 000		22.50			45.60										
—»—	5 000 000		25.00			48.10										
—»—	5 000 000		27.50			50.60										
Av større midel			30.00			53.10										

¹ Av større midel. ² Den første delen av denne grunntabellen galdt ikkje for alle skattytarane. For skattepliktige som hadde ein midel under 20 000 kroner og samstundes hadde statsskatt på inntekt og for skattepliktige som hadde ein midel på under 80 000 kroner og som ikkje hadde statsskatt på inntekt, var serskatten lik den ordinære statsskatten på midel. ³ Verneskatten vart ikkje likna ut dersom den ville verta mindre enn 20 kroner. Det tilsvarende som er nemnt i note 2 gjeld òg for verneskatten sidan denne skatten vart likna ut m. a. på grunnlag av serskatten. ⁴ Verneskatten vart ikkje likna ut dersom den ordinære skatten på inntekt og midel og serskatten på midel var mindre enn 200 kroner. Det tilsvarende som er nemnt i note 2 gjeld òg for verneskatten sidan denne skatten vart likna ut m. a. på grunnlag av serskatten.

Tabell 2. Ålmenn statsskatt på midel¹ frå 1938 til 1952.

Midel	1938	1939– 44 og 1948	1945 og 1946 ²			1947 ³			1949 ⁴	1950 ⁴	1951	1952	
			Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3				Skatteklass 1	Skatteklass 2 og høgare
			Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille	Pro-mille				Pro-mille	Pro-mille
5 000	0.30	0.30	.	0.34	0.38	.	0.34	0.38	0.66	0.66	—	—	—
10 000	0.30	0.30	7.80	0.34	0.38	.	0.34	0.38	0.66	0.66	—	—	—
15 000	0.37	0.37	10.37	0.41	0.46	.	0.41	0.46	0.81	0.81	—	—	—
20 000	0.40	0.40	11.65	0.45	0.50	.	0.45	0.50	2.20	2.20	2.00	0.60	—
25 000	0.42	0.42	12.42	0.47	0.53	.	0.47	0.53	2.31	2.31	2.20	1.00	—
30 000	0.43	0.43	12.93	0.49	0.54	8.77	0.49	0.54	2.38	2.38	2.33	1.23	0.40
40 000	0.45	0.45	14.83	0.51	0.56	10.45	0.51	0.56	2.48	2.48	2.50	1.88	0.93
50 000	0.46	0.46	15.96	0.52	0.58	11.46	0.52	0.58	2.53	2.53	2.60	2.50	1.50
75 000	0.64	0.64	19.31	0.72	0.80	14.64	0.72	0.80	3.52	3.52	3.33	3.67	2.68
100 000	0.73	0.73	20.98	0.82	0.91	16.23	0.82	0.91	4.02	4.02	4.00	4.62	3.87
125 000	0.88	0.88	23.08	0.99	1.11	18.28	0.99	1.11	4.86	4.86	5.00	5.40	4.60
150 000	1.59	1.65	25.15	1.78	1.90	20.32	1.78	1.90	6.09	6.34	5.87	6.17	5.50
175 000	2.16	2.27	27.42	2.42	2.56	22.56	2.42	2.56	7.37	7.79	6.74	6.71	6.14
200 000	2.59	2.74	29.12	2.90	3.05	24.24	2.90	3.05	8.32	8.88	7.70	7.13	6.63
250 000	3.47	3.69	32.79	3.88	4.07	26.89	3.88	4.07	10.41	10.96	9.52	8.05	7.55
300 000	4.06	4.33	35.24	4.53	4.74	28.66	4.53	4.74	11.80	12.34	10.93	8.79	8.37
400 000	5.15	5.50	38.68	5.74	5.99	31.25	5.74	5.99	14.47	14.75	13.20	10.25	9.88
500 000	5.98	6.40	40.95	6.67	6.95	33.00	6.67	6.95	16.28	16.20	14.56	11.20	10.90
600 000	6.61	7.08	42.54	7.38	7.68	34.25	7.38	7.68	17.94	17.17	15.47	12.19	11.90
700 000	7.20	7.71	43.82	8.03	8.35	35.28	8.03	8.35	19.27	17.86	16.11	12.95	12.70
800 000	7.64	8.19	44.78	8.52	8.86	36.06	8.52	8.86	20.27	18.38	16.60	13.52	13.30
1 000 000	8.43	9.05	46.32	9.40	9.76	37.35	9.40	9.76	21.86	19.10	17.28	14.31	14.14
2 000 000	11.28	12.15	50.79	12.58	13.01	41.30	12.58	13.01	27.01	20.00	18.64	15.91	15.82
5 000 000	15.09	16.32	55.71	16.83	17.40	45.92	16.83	17.40	32.42	21.42	19.46	16.86	16.83
10 000 000	17.97	19.38	59.11	20.04	20.70	49.21	20.04	20.70	36.01	22.26	19.73	17.18	17.16
20 000 000	21.55	23.31	63.18	24.02	24.73	53.23	24.02	24.73	40.18	22.68	19.86	17.34	17.33
30 000 000	24.24	26.29	66.20	27.01	27.73	56.24	27.01	27.73	43.24	22.82	19.91	17.39	17.39

¹ Frå 1938 til 1951 gjeld skattesatsane for midel under 20 000 kroner berre når den skattepliktige òg hadde inntektsskatt til staten. ² Jfr. vedtaket om krigsskadeavgift s. 17. ³ Jfr. vedtaket om verneskatt s. 18. ⁴ For midel under 80 000 kroner gjeld berre skattesatsane for skattepliktige som hadde inntektsskatt til staten og som skulle svara verneskatt.

Det same biletet kan vi òg finna fram til ved å sjå på endringane i progresjonen. Av figur 1 går det fram at progresjonen i skatten på midel i 1952 var sterkare enn i 1938 til omkring 115 000 kroner. For høgare midel var derimot progresjonen mindre i 1952 enn i 1938. At progresjonen for den første delen av den pårekna midelen var så mykke sterkare i 1952 enn i 1938, kom delvis av at det i 1952 vart gitt skattefrie frådrag i midelen. Endringane i progresjonen i skattesatsane viser at den prosentvise auken i skatten på midel var stigande opp til omkring 115 000 kroner. Frå dette punkt vart den prosentvise auken i skattane mindre og mindre, noko som for rett stor midel førde til at skatten i 1938 vart større enn i 1952.

Sjølv om midel under 16 000 kroner i skatteklassen 1 og midel under 26 000 kroner i høgare skatteklassar ikkje vart skattlagt i 1952, og midel over om lag 7 millionar kroner vart linnare skattlagt i 1952 enn i 1938, vart likevel skatten på storparten av midelen her i landet likna ut etter mykke høgare satsar i 1952 enn før krigen.

Samanlikning mellom den reelle skattlegginga av
midel i skattåra 1939/40 og 1953/54.

Med ei samanlikning mellom reell skattlegging av midel på ulike tidspunkt vert det her meint ei samanlikning av skattesatsane når midelen er rekna i det same kroneverdet.

Skal vi prøva å samanlikna den reelle skattlegginga i skattåra 1939/40 og 1953/54, må det først og fremst takast omsyn til prisstiginga, reglar og praksis om verdsetting av midel ved likning og til samansetnaden av midelen i dei to åra.

Frå 1938 til 1952 har prisstiginga etter levekostnadsindeksen vore på om lag 110 prosent. Nyttar vi nasjonalrekneskapstal for det nominelle og reelle verdet av det samla private konsumet og bruttoinvesteringane i 1938 og 1952, finn vi ei prisstiging på om lag 170 prosent. Prisstiginga på bruttoinvesteringane åleine har vore på om lag 225 prosent.

Desse døma viser klårt at prisane på dei ymse varene og tenestene ikkje har endra seg likt i dette tidsrommet. Prisane på varer og tenester til konsum har såleis auka mindre enn prisane på varer og tenester til investering. Grunnen til dette er m. a. subsidiene på ein del konsumvarer og jamt over strengare priskontroll av konsumvarene enn av investeringsvarene.

Etter den prisstiginga som levekostnadsindeksen viser, måtte vi i 1952 ha om lag dobbelt så stor nominell midel som i 1938, for å kunne kjøpa dei same varene og tenestene. Etter nasjonalrekneskapstala for det samla private konsumet og bruttoinvesteringane, måtte den nominelle midelen i 1952 vera nærmare 3 gonger så stor som i 1938, skulle vi fått att det same for pengane. Det kunne òg vera spørsmål om å rekna med andre indeksar. Kva indeksar det er rettast å nytta for å visa noko om endringa i kroneverdet, kjem an på kva slags varer og tenester midelen er tenkt nytta til.

Ved samanlikninga av den reelle skattlegginga i 1938 og 1952 har vi valt som døme å rekna om midel i 1938 til 1952-kroner etter levekostnadsindeksen og etter tal frå nasjonalrekneskapen som viser prisstiginga på det samla private konsumet og bruttoinvesteringane. Dette er gjort i tabell 3 og i figur 1. I figuren har vi funne uttrykk for skattesatsane i budsjettåret 1939/40 når midelen er rekna i 1952-kroner, ved at kvart punkt på den nominelle skattekurva for 1938/39 er dregen rett mot høgre. Nominell midel i 1938 må nemleg ved omrekninga til 1952-kroner verta auka med 108 prosent etter levekostnadsindeksen og med 169 prosent på grunnlag av nasjonalrekneskapstala. Tala i tabell 3 for skatt i promille av midel i 1938, der midelen er rekna i 1952-kroner, har vi kome fram til ved først å rekna ut kor mange 1938-kroner 5 000, 10 000, 15 000 osb. 1952-kroner svarar til. Ved utrekninga her er midel i 1938-kroner runda av o p p - o v e r til nærmeste heile 1 000 kroner sidan midelen i 1952-kroner etter skattekurvene ville vorte runda av n e d o v e r til nærmeste 1 000 kroner. Ved så å binda saman skattepromillane i skattåret 1939/40, som vi finn for dei utrekna tala, med den tilsvarande midelen i 1952-kroner, kjem vi fram til resultata i tabellen.

Tabell 3. Statsskatt på midel i 1938 og 1952 når midelen i 1938 er rekna i 1952-kroner.

Midel Kroner	Skatt i promille i 1952		Skatt i promille i 1938 når midelen er rekna i 1952-kroner ¹	
	Skatteklass 1	Skatteklass 2 og høgare	Etter leve- kostnads- indeksen	Etter nasjo- nalreknes- kapstal
Promille	Promille	Promille	Promille	Promille
5 000.....	—	—	—	—
10 000.....	—	—	0.30	—
15 000.....	—	—	0.30	0.30
20 000.....	0.60	—	0.30	0.30
25 000.....	1.00	—	0.35	0.30
30 000.....	1.23	0.40	0.37	0.33
40 000.....	1.88	0.93	0.40	0.37
50 000.....	2.50	1.50	0.42	0.39
75 000.....	3.67	2.67	0.45	0.43
100 000.....	4.62	3.87	0.46	0.45
125 000.....	5.40	4.60	0.56	0.46
150 000.....	6.17	5.50	0.63	0.52
175 000.....	6.71	6.14	0.68	0.59
200 000.....	7.13	6.63	0.72	0.64
250 000.....	8.05	7.55	0.86	0.71
300 000.....	8.79	8.37	1.46	0.81
400 000.....	10.25	9.88	2.48	1.56
500 000.....	11.20	10.90	3.34	2.37
600 000.....	12.19	11.90	3.95	3.06
700 000.....	12.95	12.70	4.54	3.62
800 000.....	13.52	13.30	5.02	4.04
1 000 000.....	14.31	14.14	5.85	4.90
1 500 000.....	15.38	15.26	7.30	6.37
2 000 000.....	15.91	15.82	8.31	7.40
2 500 000.....	16.23	16.16	9.20	8.19
5 000 000.....	16.86	16.83	12.19	11.01
10 000 000.....	17.18	17.16	14.95	13.95
20 000 000.....	17.34	17.33	17.82	16.67
30 000 000.....	17.39	17.39	19.82	18.59

¹ På midel under 20 000 1938-kroner fall det berre statsskatt dersom den skattepliktige òg skulle svara inntektsskatt til staten.

Ei samanlikning mellom skattlegginga av midel i 1938 og 1952 på dette grunnlaget, viser at midel opp mot 20 000 1952-kroner i skatteklass 1 og midel opp mot 30 000 1952-kroner i skatteklass 2 vart linnare skattlagd i 1952 enn i 1938 når vi ser bort frå dei som i 1938 ikkje hadde statsskatt på inntekt. Det same galdt for midel over om lag 15 millionar 1952-kroner rekna om etter levekostnadsindeksen, og for midel over om lag 20 millionar 1952-kroner rekna om ut frå nasjonalrekneskapstal. For midel mellom desse grensene kunne skattlegginga vera svært mykje høgare i 1952 enn i 1938. Skattlegginga av midel mellom 125 000—300 000 1952-kroner var (etter desse utrekningane) oftast minst 10 gonger så stor i 1952 som i 1938.

Den samanlikninga som her er gjort, gjeld stort sett berre for skattlegginga av midel i pengar t. d. når heile midelen begge åra var plasert i finanskapital som bankinnskot, kontantar, obligasjonar osb. Dessutan er det føresetnaden

at midelen begge åra var tenkt nytta til kjøp av dei varene og tenestene som ligg til grunn for indeksane. Var heile midelen begge åra plasert i eldre bygningar, gir høvet mellom dei nominelle skattesatsane i 1938 og 1952 eit ganske godt uttrykk for høvet mellom dei reelle skattesatsane i desse åra. Dette kjem av at verdsettinga ved likninga av bygningar frå før krigen ikkje er endra serleg mykje. Skulle vi samanlikna den reelle skattlegginga av bygningar som var nye i 1938 og 1952, ville resultatet derimot truleg liggja nærare det vi finn etter dei omrekningane vi har gjort på grunnlag av nasjonalrekneskapstal.

Noko enkelt bilet av endringane i dei reelle skattesatsane frå 1938 til 1952 er det ikkje råd å gi sidan det er så mange ulike faktorar som har verka inn. Likevel kan vi seia at som regel er auken i den reelle skattlegginga frå 1938 til 1952 mykje større enn det som går fram av ei samanlikning mellom den nominelle skattlegginga i 1938 og 1952.

Skattlegging av midel på Svalbard.

«Lov om skatt til Svalbard på formue og inntekt» fekk vi i 1925. Etter denne loven er Svalbard gjort til eige skattleggingsområde. Stortinget skal difor kvart år gjera eit spesielt skattevedtak for denne delen av riket.

Det første skattevedtaket for Svalbard galdt for skattåret 1925/26. Seinare er det ikkje gjort større endringar i dette vedtaket. Heile tida har midel under 5 000 kroner vore skattefri. Elles har skatten på midelen til dei som høyrer heime på Svalbard vore på 2 promille.

IV. Eingongsskatten.

Ved «Lov om engangsskatt på formuesstigning» av 19. juli 1946 vart det slege fast at det skulle liknast ut ein serskilt skatt på auke i midel frå 1. januar 1940 til 9. september 1945.

Inntektene av denne skatten skulle skiljast ut frå andre statsinntekter og berre nyttast til spesielle føremål. Dette er gjort ved at dei er ført over til Statens reguleringskonto og derifrå disponert vidare m. a. til nedskrivning av tyskerkontoen (forskotskontoen) i Norges Bank.

Oppgåver om midelen pr. 1. januar 1940 hadde likningsstellet i dei fleste høva frå likningsmaterialet for skattåret 1940/41.

Førkrigsmidelen vart så rekna ut ved at midelen etter dei ordinære skattereglane vart korrigert med ymse tillegg og frådrag. For næringsdrivande med rekneskapsplikt og for bønder som førde ein fullgod rekneskap vart ikkje alltid midelen pr. 1. januar lagt til grunn, men midelen ved utgangen av rekneskapsåret. Dette måtte likevel ikkje vera seinare enn 30. april 1940. For personlege skattepliktige vart elles stort sett midelen pr. 1. januar 1940 lagt til grunn.

Oppgåver over etterkrigsmidelen hadde likningsstellet henta inn med heimel i den provisoriske føresegna av 5. september 1945. Desse saman med oppgåvene som måtte gis etter kongeleg resolusjon av 5. september 1945 om pengeinnløysing og registrering av verdepapir, ga eit godt grunnlag til å slå fast etterkrigsmidelen

til dei skattepliktige. Den midelen som likningsstellet kom fram til på dette grunnlaget, skulle så korrigerast på ein tilsvarande måte som førkrigsmidelen.

I lov om eingongsskatt var det fastsett korleis før- og etterkrigsmidelen skulle korrigerast. Dessutan hadde Kongen etter loven fullmakt til å gi utfyllande serreglar. Eit hovudprinsipp som vart lagt til grunn ved utforminga av korreksjonsreglane, var at realkapital skulle rekna å ha det same verdet dersom det ikkje hadde vore nokon reell auke eller reell nedgang i verdet til slik midel. Såleis vart eldre bygningar, driftsmidel, lager osb. rekna å ha det same verdet som før krigen, dersom det ikkje var nokon auke som fylgje av større reparasjonar osb. Hadde det vore ein nedgang p. gr. a. elde, for lite vedlikehald, krigsskade og anna tap, kunne det i visse høve setjast av midel for å få realkapitalen i same stand som før krigen. Eit anna hovedprinsipp som tykkes gå fram av loven om eingongsskatt, var at berre auke i midel som kunne rekna å koma av forteneste i stigningsperioden, vart rekna med i den midelen som det fall eingongsskatt på. Såleis vart det gjort frådrag for arv, eingongsskadebøter, samanslåing av midel ved giftarmål, kjøp og sal av ideelt verde, overføring av patent-, forfattar- og kunstnarrettar osb.

Den auken i midel som likningsstellet kom fram til på denne måten, vart så lagt til grunn ved utlikninga av eingongsskatten. Her var det likevel eit unnatak. Viste det seg at summen av ilikna skatt på inntekt og midel til stat og kommune, ekstraordinær skatt på midel til staten og alderstrygds- og krigspensjoneringsavgift for budsjettåret 1946/47 var minst 500 kroner høgare enn summen av dei tilsvarande skattene i 1940/41 med tillegg for skatt til staten på inntektsstigning, skulle det som var meir enn 500 kroner, dragast frå auken i midel. Dette vart likevel ikkje gjort utan etter krav frå den skattepliktige etter at skatten var likna ut.

Vedtaket om eingongsskatt på auke i midel lydde:

«§ 1. Det skal skrives ut en særskilt skatt til staten på formuesstigning under krigen. Ved utligningen skal reglene i lov om engangsskatt på formuesstigning legges til grunn.

§ 2. De første kr. 5 000 av formuesstigningen er skatlefri. For personlige skattepliktige blir dette beløp å forhøye med kr. 1 000 for hver person som den skattepliktige hadde til forsorgelse 1. januar 1946. Barn, hvis formue i medhold av lovens § 2, annet ledd, lignes under ett med familieoverhodets formue, regnes alltid med til de forsørgede.

Av den overskytende del av formuesstigningen skal skatten beregnes etter følgende satser:

30 pst. av de første kr. 10 000
 50 pst. av de neste kr. 20 000
 70 pst. av de neste kr. 40 000
 95 pst. av det overskytende beløp.»

Som det går fram av skattevedtaket, var skattesatsane svært høge. Dette kom av at føremålet med skatten m. a. var å føra over til staten urimeleg auke i midel som var skapt under krigen. Skatten hadde såleis ein konfiskatorisk karakter.

I «Lov om engangsskatt på formuesstigning» var det ikkje gitt noko maksimumsgrense. Men etter «Lov om dekning av utgifter i samband med krigsskadeoppgjøret» av 6. juni 1947, skulle eingongsskatten setjast ned med så mykje som krigsskadeavgifta ville gått ned med dersom eingongsskatten hadde kome som frådrag i den midelen som var lagt til grunn ved utrekninga av krigsskadeavgifta.

Eingongsskatten skulle betalast inn i tre like store deler; 3, 6 og 9 månader etter at skattelista var lagt ut. Det var stor skilnad i tid då skattelistene vart fullførde i kommunane, så innbetalinga av eingongsskatten kan ikkje festast til eit visst år. Den tok til i budsjettåret 1946/47, og har sidan halde fram. Mest vart det betalt inn i budsjettåret 1948/49. Alt i alt vart det likna ut om lag 560 millionar kroner.

V. Statsskattlegging nær knytt til skattlegginga av midel.

A v g i f t a t i l A r b e i d e r f o n d e t .

Avgift til Arbeiderfondet vart kravd inn frå budsjettåret 1938/39 til og med budsjettåret 1944/45. Dei som skulle betala avgift til Arbeiderfondet, var stort sett selskap og enkeltmannsforetak i industri, skipsfart og handel som hadde ein nettomidel på over 100 000 kroner og som hadde folk i arbeid. Personlege skatttytarar, det vil her seia enkeltmannsforetak o. l., skulle svara avgift til dette fondet dersom overskotet i eit år var over 10 prosent av nettomidelen. Avgifta var då på 5 prosent av den delen av overskotet som låg over denne grensa. Sette foretaket av kapital til føremål som tryggja arbeidarane, vart det gjort frådrag i avgifta for slike avsettingar.

Denne avgifta fall altså på ein del av overskotet og var for så vidt ein inntektsskatt. Men utlikninga av avgifta var bunden av at midelen hadde ein minste-storleik.

K r i g s s k a d e t r y g d e n e f o r b y g n i n g a r o g l a u s ø y r e .

Avgiftene til krigsskadetrygdene var ikkje skatt på midel i vanleg tyding. Dei må nærmast reknast som eigedomsskattar. Grunnen til at vi likevel nemner dei her, er at dei var nær knytte til skattlegginga av midel under og etter krigen.

Krigsskadetrygda for bygningar og krigsskadetrygda for lausøyre fekk vi i 1940 etter vedtak av Administrasjonsrådet. Ordninga om krigsskadetrygd for bygningar var tilrådd av Krigsskadekomitéen. På dette grunnlaget vart òg krigsskadetrygda for lausøyre arbeidd ut. Eit liknande vedtak som galdt for bygningar, vart òg gjort av Regjeringa straks før den reiste til London. Etter desse vedtaka var krigsskadetrygdene for bygningar og lausøyre nærmast tvnngne gjen-sidige trygdeskipnader.

I 1941 vart det gjort nye vedtak. Trygdeprinsippet kom nå delvis i bakgrunnen. Avgiftene fekk meir karakter av skatt på eigedom, sjølv om det berre vart gitt skadebot etter desse vedtaka til dei som hadde betalt avgift, dersom

skaden ikkje vart gjort før 1. september 1940 på bygningar og før 25. september 1940 på «yrkesløsøre», dvs. driftsmidel.

Krigsskadeavgifta på bygningar vart likna ut med 1 prosent av branntrygdesummane pr. 9. april 1940. Avgifta vart kravt inn over 5 år. Men dei avgiftspliktige kunne få eit frådrag i avgifta dersom dei betalte inn alt på ein gong. Dersom eigaren hadde for låg branntrygd, kunne styresmaktene gjera korreksjonar for dette. Det var òg høve til friviljig krigsskadetrygding av bygningar som ikkje var trygda mot brann.

Krigsskadeavgifta på lausøyre vart òg likna ut på grunnlag av branntrygdesummane pr. 9. april 1940. Styresmaktene kunne korrigera utlikningsgrunnlaget. Avgifta var på 1 prosent av branntrygdesummane og skulle betalast inn over 3 år dersom den avgiftspliktige ikkje valde å betala alt inn på ein gong mot å få eit frådrag i avgifta. Her var det dessutan høve til friviljig krigsskade-trygding.

Forutan krigsskadetrygdene for bygningar og lausøyre fekk vi òg ulike andre krigsskadeordningar. Desse trygdeordningane bygde oftast på eit gjensidig trygdeprinsipp.

I 1946 og 1947 kom det nye lovar om krigsskadetrygd for bygningar og lausøyre, som bygde på det grunnlag som tidlegare var lagt. I desse lovane vart det ikkje gitt nokon heimel til å krevja inn avgifter. Det vart gitt i «Lov om dekning av utgifter i samband med krigsskadeoppgjøret» av 6. juni 1947, som både dekte avgifta til krigsskadetrygda for bygningar og krigsskadeavgifta på midel og inntekt.

Som nemnt i bok III vart krigsskadeavgifta på inntekt og midel likna ut på grunnlag av inntekta og midelen i 1945 og 1946.

I loven av 6. juni 1947 heitte det m. a. om avgifta til krigsskadetrygda for bygningar:

«Avgiften utliknes med i alt $1\frac{1}{2}$ % av bygningens verdi 9. april 1940.

For bygninger som på dette tidspunkt var branntrygdet, legges i alminnelighet branntrygdesummen til grunn. Var en bygning utrygdet 9. april 1940, eller var det et misforhold til stede mellom en rimelig branntakstverdi og trygdesummen, skal det holdes særskilt takst til fastsettelse av den antakelige verdi pr. 9. april 1940 såframt ikke eieren og styret for Krigsskadetrygden for bygninger blir enige om den verdi som skal legges til grunn.

§ 10. Avgiften forfaller til betaling med en fjerdedel 1. oktober hvert år i årene 1947—1950. Avgiftsbetøp som betales i sin helhet ved første termins forfall, nedsettes med 4 %.

Utlukning av avgifter på bygninger som var branntrygdet 9. april 1940, foretas uten vederlag av det trygdelag hvor eiendommen på dette tidspunkt var trygdet. Trygdelaget er ansvarlig for innkrevning av avgiften.»

Denne avgifta var klårt ei form for eigedomsskatt til staten og ikkje nokon trygdepremie.

VI. Sluttmerknader.

I tida 1938 til 1952 er det ikkje gjort større prinsipielle endringar i omgrepet midel slik det går fram av skattelovane. Ein del brigde, som serleg hang saman med dei tilhøva krigen skapte, hadde likevel i visse høve stor innverknad på verdsettinga av midel, t. d. ved krigsskade.

Endringar i skattereglar som ikkje direkte definerer omgrepet midel, har nok i stor mon verka inn på den pårekna midelen.

Anna lovgjeving enn skattelovgjevinga og andre vedtak har òg hatt mykje å seiia for skattlegging av midel. I dette tidsrommet har vi såleis hatt ei sterk prisstiging. Både på grunn av visse prisføresegner og på grunn av at verdet av midel ved likning ofte ikkje har vorte sett opp i samsvar med prisstiginga, har det kome inn ein større skilnad i verdsetting av realkapital og finanskapital enn før krigen.

Dei nye kontroll- og straffetiltaka, som det er gitt heimel for i skattelovane, har betra likningsstellet sitt grunnlag for å finna fram til den midelen som skal skattleggjast etter skattelovane.

Skattlegginga i etterkrigstida har først og fremst vore merkt av dei ekstrordinære skattane. I ei serleg stode kom eingongsskatten som hadde ein konfiskatorisk karakter og som vart likna ut etter andre prinsipp enn dei som elles vert lagt til grunn for skattlegging av midel i Noreg.

Skattevedtaka var i den første delen av dette tidsrommet stort sett enkle. Men serleg etter krigen kom det ei rekke nye reglar som førde til ei svært innfløkt ordning. Dette gjorde det vanskeleg å ha eit skikkeleg oversyn, og gav i visse høve uventa resultat, t. d. degressiv marginalskatt. I slutten av dette tidsrommet vart skattevedtaka litt etter litt gjort enklare, til ein frå budsjettåret 1952/53 kom fram til berre eit vedtak for statsskatt på midel til personlege skatttytarar.

Utviklinga frå 1938 til 1952 har òg ført til prinsipielle endringar i stats-skattevedtaka. Til og med 1950 var skattlegginga av liten midel bunden av storleiken på inntekt. Dette fall bort frå og med budsjettåret 1952/53. I 1953/54 fekk vi ei ny ordning med skattefrie frådrag i midelen etter forsytingsplikt, eit prinsipp som tidlegare hadde vore nytta omveges i visse skattevedtak. Same året gjekk vi bort frå å nytta minstegrenser ved skattlegging av midel.

Hovudskilnaden på dei nominelle skattesatsane i 1952 og 1938 er at nå får skattepliktige med liten midel ingen eller mindre skatt, dei med mellom-stor midel mykje større, og dei med uvanleg stor midel mindre skatt enn før. Tyngdepunktet har altså vorte flytt i dette tidsrommet. Storparten av midelen i 1952 fall innan dei grensene der skattlegginga var hardare enn før krigen.

*

*

*

Summary.

This publication contains four articles prepared in the Tax Research Division of the Central Bureau of Statistics.

1. Income Size Distribution in 1938 and 1948 for Personal Income Taxpayers.

The study is based on the tax assessments of the central government. The term *assessed income*, which is used as the basis for taxation, is defined by a series of laws and regulations. This definition corresponds neither to *personal income acquired* nor to *disposable personal income*. It is especially important to be aware of the amounts which may be deducted from acquired income. Assessed income is defined as taxable income before deductions for dependents.

The study includes 79 per cent of all persons who paid income tax to the central government in 1938; i. e. all taxpayers with no dependents and an assessed income of at least 2,000 kroner (tax group 1), one dependent (tax group 2), and two dependents (tax group 3). For 1948 all taxpayers with an income of at least 3,172 kroner in the same tax groups were included. The amount 3,172 kroner in 1948 corresponds to 2,000 1938-kroner if converted on the basis of the cost of living index. The coverage for 1948 is 67 per cent of all taxpayers to the central government.

When evaluating the changes in income distribution from 1938 to 1948, account should be taken of the uncertainty attached to the conversion of the incomes in 1938 to 1948-kroner on the basis of the cost of living index; especially the fact that by this procedure the same conversion factor was used for small and large incomes alike.

Table c page 8 shows the main results. The columns in the table show absolute and relative figures for the number of taxpayers (*skattytere*), assessed income (*antatt inntekt*), and central government taxes on income (*statsskatt på inntekt*). The table stub lists the income groups by municipalities (*bygder*), towns (*byer*), and for the whole country (*riket*). Tables I, II, and III give more detailed figures. These tables show, among other data, the distribution of taxes and incomes for the whole country, municipalities and towns by tax groups (*skatteklasser*), and also the income distribution after central government taxes have been deducted from assessed income (*antatt inntekt - statsskatt på inntekt*). Income distribution is also illustrated by means of the Lorenz curve. In the charts 1, 2, 3, the unbroken curves represent the distribution of assessed income in tax groups 1, 2, 3, respectively. In the charts 5 and 6 the unbroken curves

represent the distribution of income in municipalities and towns for 1938 and 1948 respectively. The broken curves in these charts represent the distribution of taxes to the central government by income groups. In chart 4 the unbroken curves show the distribution of assessed income after deduction of central government tax on income. Finally, table e page 17 shows in summary form the income distribution in per cent for 1938 and 1948 for the country as a whole, municipalities, and towns. The table heading provides columns for total assessed income in per cent and the stub lists the number of income earners in per cent.

It can be seen from these data that income were more evenly distributed in 1948 than in 1938, more evenly distributed in municipalities than in towns, more evenly distributed in tax group 1 than in tax group 2, and more evenly distributed in tax group 2 than in tax group 3.

The factors which have had the greatest influence on the changes in the distribution of income from 1938 to 1948 are changes in the wage and employment structure, and increase in employment. The increase in wages and salaries has been greatest for those employees whose earnings were relatively low before the war. At the same time there has been a transfer of employees from poorly paid work to relatively better paid work. In addition employment was high in 1948, while many workers were unemployed in 1938. The general increase in prices has also influenced considerably the income of employers and own account workers. There was a relatively large increase in income in agriculture, forestry, and fishing. It should be mentioned that income in these industries before the war was rather low.

These changes have resulted in almost doubling the number of taxpayers and the total income in tax groups 1, 2, and 3. The greatest increase has taken place in the lowest income groups.

Although most of the tax rates were both higher and more graduated in 1948 than in 1938, the percentage distribution of central government taxes on income was more even in 1948 than in 1938. Incomes in 1948 were more evenly distributed than in 1938, and this more than outweighed the effect of the changes in the tax rates.

2. *Survey of Central Government Taxation of Personal Incomes for the Fiscal Years 1939/40—1951/52.*

Since 1938, a number of changes have been made in the central government taxation of incomes, both as regards the methods of taxation and the tax rates.

The definition of income for taxation purposes is dependent on the method of tax assessment. Changes in the regulations and practices of taxing incomes in agriculture and in forestry, and changes in the laws which allowed business enterprises to average their assessed incomes and thereby their taxes over a three year period, have affected the taxation of incomes. Beginning 1943, the practice of averaging assessments was abolished for corporations established

after January 2, 1940. The definition of income was also changed to some extent by changes in the regulations on accelerated depreciations, by new rules on tax-free reserves, by larger tax exemptions for life insurance premiums, and by a completely new rule, providing that a wife who is assessed jointly with her husband for income earned outside the home may claim certain special earned income deductions, which vary with the number of dependents, and to some extent, with the size of the income.

For the period 1938 to 1950 a series of special taxes on income were levied in addition to the ordinary income taxes. The system of central government income taxation was therefore very complicated during this period. Besides the ordinary income tax to the central government, a special emergency tax, a defence tax, a special tax on increase in income, and a war damage tax were levied for certain years. (This does not apply to Svalbard, which is a separate tax district covered by a special tax enactment.) Furthermore, there were special tax enactments for Norwegian seamen and foreign service personnel, who were abroad during the war. For seamen these arrangements were in force till 1947, when a special new law was passed, introducing a permanent system of seamen's taxes. In addition there were social insurance taxes, such as an old age pension tax, war pension tax and taxes to a public "Workers fund" for pension purposes etc.

Charts 1—5 pages 17 to 22 show for tax groups 1 to 5 ordinary income taxes to the central government in per cent of assessed income for 1938, 1949, and 1950. The dotted line shows the tax rates in 1938 for incomes converted to 1950-kroner by the cost of living index. Table 7 page 29, gives figures for the nominal and real taxes for 1938 and 1950, that is, data corresponding to those shown in the graphs.

As compared with 1938, taxpayers without or with few dependents only, were taxed relatively higher in 1950 than taxpayers with many dependents. Thus, many taxpayers in tax groups 1 and 2 had in 1950 a larger tax than persons with the same nominal income in 1938. In higher tax groups, however, the nominal tax rates were lower after the war than before the war for the majority of the taxpayers. In real terms most taxpayers paid relatively higher income taxes to the central government in 1950 than in 1938.

3. The Effects on Income of Taxation and of the Reduction Rules of Social Insurance and Public Pension Schemes.

Some social insurance schemes and public pension schemes have rules stipulating that persons owning a certain minimum capital or earning a certain minimum income, should have their pensions reduced according to a stipulated formula. Such rules are in the following called "reduction rules".

These reductions in the pension and social insurance allowances as a consequence of increase in personal incomes, have the same effects on the disposable

income of individual pensioners as a tax on the increase in income. A reduction in the allowances, therefore, may be considered as a form of extra taxation in addition to the usual taxes. The same is true for reductions of allowances because the pensioner has capital.

Nearly all social insurance schemes such as the old age pension, invalidity insurance etc., comprise reduction rules.

The most commonly known reduction rule, and the one most disputed in Norwegian politics, is the reduction rule contained in the law on old age pensions. This rule stipulates that pensioners with an estimated income in addition to the pension, which is larger than the pension itself, should have their pension reduced by an amount equivalent to 60 per cent of this additional income. Income from capital is estimated as the amount which would have been obtained from the capital if a life annuity had been purchased for the capital at the usual rates for pure life annuity estimates.

Chart 1, page 8, shows the combined effect of the reduction rules, and of local and central government taxes on an increase at various income levels (excluding income from the pension) for recipients of old age pension having no dependent. The solid curve represents the reductions in an income increase for an old age pensioner without dependents receiving the minimum pension, and the dotted curve reductions in income for an old age pensioner without dependents receiving an additional pension from the local government of 800 kroner. The corresponding deductions for a married couple receiving the minimum pension and for a simular couple with the addition of a municipal pension of 1,200 kroner is shown in chart 2. Chart 3 shows the combined effect of taxation and reductions in social insurances on the amounts earned by a married person with a minimum old age pension, who is also the recipient of a seaman's pension. This example is shown because the allowances from the various pension schemes are often coordinated. Figure 4 shows the marginal reductions based on the mother's pension allowances in Oslo. The example shows the reduction in income, excluding social insurance contribution (1,872 kroner), for a mother with one child.

The figures on which these graphical presentations are based, are given in table 1. The examples refer partly to 1951 and partly to 1952.

The figures show that the reduction in old age pensions, or mother's pensions, when added to central government and municipal taxes, actually result in a marginal tax rate for income about 70 per cent.

Furthermore the reduction in pensions for persons having capital, in some cases represents a relatively high marginal tax on capital.

Since these reductions in the various social insurance pensions may appear to individual pensioners as equivalent to an unusually high taxation of income and capital, the reduction rules may considerably effect the will of actual pensioners, as well as of future pensioners to earn money and to save.

4. The Central Government Taxation of Personal Capital.

A Survey of Central Government Taxation on Capital of Personal Taxpayers from Fiscal Year 1939/40 to Fiscal Year 1953/54.

No fundamental changes have been made from 1938 to 1952 in the concepts which form the basis for the taxation of capital. However, some changes, especially from conditions arising out of the war, have in some instances considerably affected the assessment of capital.

Changes in tax regulations, not directly pertaining to the concept of capital taxation, such as changes and partial withdrawal of regulations permitting accelerated depreciation, increases in tax free reserves for future investments, etc., may have indirectly influenced the amount of capital to be assessed for taxation. The new control and penal measures authorized in the tax laws have narrowed the possibilities and reduced the attempts of tax evasion on capital.

Laws other than tax laws, together with various public rules and regulations, have also influenced taxation. Price regulations, for example, froze real estate prices to the pre-war level during this period.

An important feature of taxation during the post-war years has been the extraordinary taxes. From the fiscal year 1939/40 to 1945/46 central government tax on capital was assessed according to both the ordinary and the extraordinary tax enactment. During the period 1946/47 to 1952/53 taxation of capital was rather complicated -- sometimes as many as four different tax enactments regulated the assessment of capital. During this period, in addition to the ordinary tax (*ordinær skatt*) on capital, there were also assessments of extraordinary tax (*ekstraordinær skatt*) on capital until 1951/52, war damage tax (*krigsskadeavgift*) in 1946/47, and in 1947/48, defence tax (*verneskatt*) in 1948/49, 1950/51, and 1951/52, and a special tax (*serskatt*) in 1950/51 and 1951/52. The basis for estimating these taxes was similar to the one used in estimating the ordinary tax on capital. Beginning with the fiscal year 1951/52, tax assessments were gradually simplified, and beginning 1952/53 the total central government tax on capital has been assessed according to only one tax enactment.

In table 1, page 19, a survey is given of the marginal tax according to the various tax enactments, and in table 2, page 21, figures are given for the total tax in tenths of a percent of capital.¹⁾ It is also suggested to compare this with the chart on page 18. The figures on which these groups are based are not completely valid for individual cases, as the tax assessment on small capital holdings was often combined with the tax assessment on income. In addition there were regulations fixing maximum marginal tax for total income estimates. According to such regulations the tax on capital was sometimes reduced.

Table 2 shows that tax assessments on capital reached their peak in 1949

¹⁾ The term capital in 1938, capital in 1945 etc. has often been used in the article instead of the more precise description, capital as of January 1, 1939, capital as of January 1, 1946.

and 1950. The main difference between the tax rates in 1952 and 1938 was that rather small capital holdings were no longer taxed in 1952. As a consequence, about half the number of persons who have had to pay taxes on capital in 1938 to the central government, were exempted in 1952. At the same time, however, moderate and large capital holdings were taxed much heavier, often five to six times heavier than before the war. If the capital exceeded 7 million kroner (about £ 350 000), the tax rates were again lower than before the war. Most of the assessed capital in 1952 fell within the range where the tax rates were higher than in 1938.

Changes in the basic principles regulating taxation were also made between 1938 and 1952. Until 1950 the taxation of small capital holdings was dependent on the size of the income. In 1952 new provisions were introduced, providing for tax free deductions varying with the number of dependents.

In considering the various developments in the taxation of capital, it is not sufficient to take into consideration only the nominal taxes and the nominal assessed capital. If in addition to changes in the tax regulations and assessment practices the decreased purchasing power of money is taken into account, we find that the real tax rates, when compared with pre-war years, are much higher than the nominal rates. The real rates for the fiscal year 1953/54 were in many cases five to ten times higher than the corresponding rates in 1939/40. This is shown in table 3, page 23 and in the graphical presentation page 18. The table shows for 1952 total tax in tenths of a percent (*skatt i promille*) for tax group 1 (*skattekasse 1*) and tax group 2 and higher (*skattekasse 2 og høgare*). For 1938 figures are given for tax in tenths of a percent of capital converted into 1952-kroner (*skatt i promille når midelen er rekna i 1952-kroner*) according to the cost of living index (*etter levekostnadsindeksen*) and alternatively according to price figures from the national accounts (*etter nasjonalrekneskapstal*) for private consumption plus gross investment.

In the post-war years a special tax on the increase in capital acquired during the war was introduced with the purpose of confiscating most of the gains made during this period. The tax therefore was estimated on a basis completely different from other Norwegian taxes on capital. The tax free increase in capital was, as a rule, 5,000—10,000 kroner, and the tax rate for the next 10,000 kroner increase in capital was 30 per cent. The rates then increased to 50, 70, and 95 per cent, the latter for all taxable increase in capital of above 70,000 kroner.

In addition to capital taxes of a more ordinary type and the special tax on increase in capital, we may also mention some taxes which are related in nature to the direct taxation of capital. Among these are the taxes paid to the Workers Fund from 1938/39 to 1944/45 and the special taxes paid to the war damage insurance institutions for buildings and personal property. The latter were assessed primarily on the basis of fire insurance values.

I kommisjon hos H. Aschehoug & Co., Oslo

Pris kr. 3,00 + oms.avgift.